

Masteroppgåve

## **Ungdomar i lokaldemokratiet**

Ein studie om deltaking i kommunedelsutval

Elise Hjelle Sandvik

Samfunnsplanlegging og leiing

2022

Tal ord: 37 807



HØGSKULEN  
I VOLDA

## Samandrag

Tema for denne studien er ungdomars deltaking i kommunedelsutval. Dette er ei nærdemokratisk ordning som vart innført i nye Ålesund kommune, etter kommunesamanslåinga der 5 kommunar vart til ei i januar 2020.

Kommunedelsutvala skal bidra til å gi dei ulike kommunedelane ei sterkare stemme inn mot til avgjerdstakarane, redusere avstanden mellom dei styrte og dei styrande, bidra til å styrke demokratiet, og ivareta nærleiken mellom innbyggjarane og avgjerdstakarane i den nye kommunen. Utvala er samansette av innbyggjarar med politisk tilknytning, frå frivilligheita og ungdomar under 18 år, og skal fungere i mellomrommet mellom det representative demokratiet og innbyggjarane. Slik skal den skal legge til rette for deltaking frå ei breiare innbyggjargruppe enn kommunen greier å mobilisere sjølv.

Masteroppgåva har fokus på ungdomane si oppleving av ordninga, deira erfaring knytt til deltakinga, og om denne ordninga bidreg til å mobilisere ei gruppe som elles er vanskeleg å nå.

Datagrunnlaget er innhenta gjennom kvalitativ metode. Det vart gjennomført 9 intervju med ungdomar frå 8 ulike kommunedelar. Ungdomane har vore medlemmar i kommunedelsutvala i 2 år og er i desse dagar, våren 2022, ferdig med si periode.

Resultata frå studien viser at ungdomane stort sett opplev deltakinga som positiv, men det er ikkje utan unntak. Ungdomar som har erfaring frå liknande og er generelt samfunnsengasjerte ser ut til å ha ein fordel i deltakinga. Dei som manglar erfaring opplev deltakinga meir utfordrande. Dualiteten i materialet indikerer behov for tiltak som betrar ungdomar sine høve til reell deltaking i kommunedelsutvala.

Ein viktig motivasjon for deltakinga er å sikre dei unge si stemme inn i lokalpolitiske avgjerder. Dei fleste ungdomane er aleine i kommunedelsutvalet, noko som kan opplevast utfordrande fordi dei manglar jamaldringar å diskutere sakene med. Dei med erfaring frå liknande ser likevel ut til å oppleve at dei meistrar rolla som ungdomars representant i større grad enn dei utan erfaring. På same tid er motivasjonen blant dei utan erfaring annleis og i større grad knytt til personleg gevinst.

Ungdomane opplev deltakinga som lærerik og ser ut til å kunne gi dei kompetanse og motivasjon til å engasjere seg i politikk og i lokalsamfunn ved eit seinare høve.

## Abstract

This study is taking a closer look at young people`s participation in sub-municipal democratic bodies. This is a local democratic scheme, introduced in the new Aalesund municipality after the amalgamation where 5 municipalities became one, January 2020.

The sub-municipal democratic bodies shall be a channel to voice the various municipal districts with the decision-makers. Target is to reduce the distance between the governed and the ruling parties, contribute to strengthening democracy, and safeguard the closeness between the inhabitants and the decision-makers in the new municipality. The members of the committee are citizens with political affiliation, volunteers, and young people under the age of 18. The scope is to contribute to reduce the space between the representative democracy and the inhabitants. In this way, it will facilitate participation from a broader population than the municipality manages to mobilize itself.

The master`s thesis focuses on young people`s experience as a member, related to experience in participation, and whether the committee contributes to mobilizing a group that is otherwise difficult to reach. The data basis is obtained through a qualitative method. 9 interviews were conducted with young representatives from 8 different parts of the municipality. The participants have been members of the sub-municipal democratic bodies for two years, and are now spring 2022, finishing their term.

Findings from the study shows the young members generally experience participation as positive, but not exclusively. This with experience from similar and who are generally socially engaged, seems to have an advantage. Those who lack the same experience find participation more challenging. The duality in the material indicates the need for measures to ensure a genuine opportunity for young people`s participation.

An important motivation for participation is to ensure young people having a say in local political decisions. Most young people are the only youth representative in the municipal district committee, which can be challenging because they lack peers in discussions. Those with experience from similar roles nevertheless seems to master the role as youth representative to a greater extent than those without. At the same time, the motivation among those without experience is different and to a greater extent linked to personal gain.

The young representatives experience the participation as educational and seem to be able to give them the competence and motivation to get involved in politics and in local communities at a later stage.

## Forord

Denne masteroppgåva markerer slutten på eit femårig utdanningsløp – ei periode i livet som tidvis har vore utfordrande, men som eg aldri ville ha vore forutan. Mot slutten av skriveprosessen kjenner eg på både vemod og takksemd.

Vemod for at denne spennande og lærerike perioden snart er over, og takksemd for alt eg har lært, både om både faget og om meg sjølv. No er eg klar for å rette blikket opp og fram mot nye utfordringar i arbeidslivet.

Først og fremst vil eg rette ei stor takk til min rettleiar, Bjarte Folkestad, for tett og god oppfølging, oppmuntrande ord og konstruktive innspel gjennom heile skriveprosessen. Takk også til mine medstudentar som og har delteke i forskingsprosjektet, Marthe og Fredric. Å stå i dette saman er utan tvil noko som har letta børa for meg. Takk for motiverande ord og gode diskusjonar, og ikkje minst gode venskap.

Takk til venninner som har henta og bringa born, og har teke med ein ekstra heim når tida ikkje strekk til. Tusen takk til mi alltid støttande syster, Kariann, for rettleiing og tid til korrekturlesing i ein allereie hektisk kvardag.

Tusen takk til dei 9 informantane som stilte til intervju – utan dykk hadde eg aldri kunne skrive oppgåva om det som opptek meg mest, nemleg dykkar perspektiv. Takk for gode og ærlege skildringar av erfaringar, tankar og kunnskap om kommunedelsutvala.

Tusen takk til både leiarar og kollega i Volda kommune som har vist interesse og støtte i arbeidet med masterutdanninga mi, og som har lagt til rette for at eg skal kome i mål med denne prosessen.

Den siste og største takka går til min kjære Tor Egil og gjengen vår heime.

Tor Egil, takk for at du er ein tolmodig og god far til alle våre, for at du har følgd opp på trening og aktivitet, kocht og vaska, og heldt gjengen i ånde slik eg har fått jobbe.

De er min største inspirasjon i alt eg gjer.

Ørsta, mai 2022

Elise Hjelle Sandvik

## Innholdsliste

Samandrag.....	1
Abstract .....	2
Forord.....	2
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>7</b>
1.1 Aktualitet .....	7
1.2 Problemstilling og forskings spørsmål.....	8
<b>2. BAKGRUNN OG KONTEKST .....</b>	<b>9</b>
2.1 Innleiing .....	9
2.2 Kommunereforma .....	9
2.3 Innbyggjarmedverknad.....	10
2.5 Presentasjon av føremål, organisering og intensjon med kommunedelsutvala .....	11
<b>3. TEORI OG RELEVANT FORSKINGSLITTERATUR .....</b>	<b>14</b>
3.1 Innleiing .....	14
3.2 Tidlegare forskning på feltet.....	14
3.3 Lokaldemokratiske organ under kommunestyret .....	15
3.4 Oppsummering .....	21
3.5 Demokrati .....	22
3.5.1 Demokratiske institusjonar .....	23
3.5.2 Representativt og deltakande demokrati .....	24
3.5.3 Nærdemokrati .....	25
3.5.4 Vilkår for lokal-/nærdemokratiet .....	27
3.6 Medverknad .....	27
3.6.1 Roger Harts medverknadsstige for born og unge .....	29
3.7 Motivasjon .....	31
3.7.1 Motivasjon for deltaking .....	32
3.8 Utviding av kunnskapsfeltet – kva vil denne studien tilføre?.....	34
<b>4. METODE.....</b>	<b>35</b>
4.1 Innleiing .....	35
4.2 Forskingsdesign, føremål og forforståing.....	35
4.3 Metodeval .....	37
4.4 Utval .....	38
4.5 Utforming av intervjuguide .....	39
4.6 Datainnsamling .....	40
4.7 Analysar .....	41

4.8 Studiens troverd .....	44
4.8.1 Reliabilitet .....	44
4.8.2 Validitet .....	45
4.9 Forskingsetiske omsyn  .....	46
<b>5. EMPIRI .....</b>	<b>47</b>
5.1 Innleiing .....	47
5.2 Litt om vegen inn i kommunedelsutvala .....	48
5.3 Korleis opplev ungdomane ordninga med kommunedelsutval?.....	49
5.3.1 Kommunedelsutvalet som nærdemokratisk organ .....	49
5.3.2 Høg kompetanse, men låg prioritet .....	52
5.4 Kva erfaringar har ungdomane knytt til si samfunnsrolle i kommunedelsutval? .....	53
5.4.1 «Å vere ung er nok!» .....	54
5.4.2 Motivasjon og deltaking.....	55
5.5 Kva for tilhøve påverkar opplevinga av deltakinga i kommunedelsutvalet? .....	58
5.5.1 Dei vaksne si rolle.....	58
5.5.2 Opplæring – trygg i situasjonen er viktigare enn å vere trygg i rolla .....	60
5.5.3 Anerkjent som likeverdig medlem .....	62
5.5.4 Tryggleik er føresetnad for medverknad .....	64
5.5.5 Læring.....	66
5.6 Kva ser ungdomane som styrkar og svakheiter ved ordninga?.....	67
5.6.1 God stad å starte .....	68
5.6.2 Språk.....	69
5.6.3 Å vere aleine ungdom saman med vaksne .....	71
<b>6. DRØFTING.....</b>	<b>72</b>
6.1 Litt om vegen inn i kommunedelsutvala .....	72
6.2 Korleis opplev ungdomane ordninga med kommunedelsutval?.....	74
6.3 Kva erfaringar har ungdomane knytt til si samfunnsrolle som medlem i kommunedelsutvalet?.....	82
6.4 Kva for tilhøve påverkar opplevinga av deltakinga i kommunedelsutvalet? .....	87
6.5 Kva ser ungdomane som styrkar og svakheiter ved ordninga?.....	93
<b>7. AVSLUTTING.....</b>	<b>96</b>
7.1 Forslag til vidare forskning.....	101
<b>8. LITTERATURLISTE.....</b>	<b>102</b>
<b>9. VEDLEGG.....</b>	<b>108</b>
9.1 Godkjenning frå NSD .....	108
9.2 Informasjon til informantane .....	109

9.3 Intervjuguide ..... 110

## 1. INNLEIING

Det overordna tema for denne oppgåva er ungdomars engasjement i kommunedelsutval som lokaldemokratisk ordning, og tek utgangspunkt i perspektivet til ungdomar som er eller har vore medlemmar i slike i ein samanslått kommune. Bakgrunnen for val av tema kjem av ei bestilling frå Ålesund kommune til Høgskulen i Volda, der ein mellom anna ynskjer forskingsbasert kunnskap om erfaringa ungdomane har knytt til si deltaking i kommunedelsutvala. Intensjonen med oppretting av slike var mellom anna at ordninga skulle bidra til å styrke demokratiet og bevare lokal identitet (Ålesund kommune, 2021). Denne studien skal sjå nærare på kva for opplevingar ungdomane har hatt knytt til si deltaking i kommunedelsutvala, og om dei opplev ordninga som eit bidrag til eit aktivt lokaldemokrati i sin kommunedel.

### 1.1. Aktualitet

Kommunen er først og fremst eit forvaltningsnivå som skal levere gode tenester til sine innbyggjarar. Det er mange oppgåver som skal løysast, og dei fleste kommunar har erfaring med høge forventningar til at tenesteproduksjonen er både god og effektiv (Torfing, Sørensen, Winsvold, & Røiseland, 2017, s. 6). I tillegg er kommunen eit politisk nivå med demokratiske funksjonar, med lokalval som ein av dei viktigaste aktivitetane. KS har definert innbyggjarmedverknad som noko som inneber å involvere innbyggjarane i kommune både gjennom val, men også mellom val (KS, 2018). Samanlikna med fylkeskommune og statleg mynde, er kommunen langt tettare på innbyggjarane. For dei fleste er det nettopp her, i eigen kommune at det er naturleg å engasjere seg, som til dømes i idrettslag og FAU, gjennom å delta i høyringar, meiningsmålingar, folkemøte eller som medlem i råd og utval, for å nemne nokre. Kommunane er altså ein sentral arena for å engasjere seg i det som skjer eller det som bør skje for at innbyggjarane skal trivast med å bu der.

Slik medverknad kan mellom anna bidra til å styrke trua på og tilliten til lokaldemokratiet. Kommunen er ein viktig arena for dialogen rundt kva som skaper trivsel, og medverknaden i politiske prosessar kan difor vere eit viktig verktøy i dette arbeidet.

Alle grupper i samfunnet skal ha høve til å delta for å påverke utviklinga av samfunnet - også ungdomar. Likevel viser denne gruppa seg å ofte vere underrepresenterte i lokale politiske saker (Klausen, et al., 2013, s. 82). Å legge til rette for aktiv deltaking vil bidra til å ta i vare felles verdiar og grunnleggande levekår, og på denne måten kan ungdomane sjølve ta del i planlegginga av eiga framtid. I tillegg vil slike prosessar tilføre innspel, idéar og nyttig lokalkunnskap, som også skaper eit betre avgjerdsgrunnlag (KMD, 2014, ss. 8, 12). Det er



altså mange argument for å involvere ungdomar i lokalpolitiske prosessar. Lokaldemokratiet kan dessutan fungere som ein demokrati-skule i tillegg til å bygge opp om fellesskap i lokalsamfunnet. Dette er også grunnsteinen i lokalt sjølvstyre, ein skikk vi har styrt etter i 175 år (Regjeringen, 2008).

Dei seinare åra ser ein ei utvikling i samfunnet der kommunane får stadig fleire oppgåver og ansvar å ta i vare, noko som påverkar både føresetnadane for og verdiane i sjølvstyret. Kommuneinndelingane har endra seg etter kommunereforma, og store kommuneiningar kan tenkjast å føre til at kommunen ikkje lenger er ein nær og inviterande arena - verdiane som sjølvstyret skulle fungere etter. Større kommunar kan oppleve utfordringar knytt til å få god dialog mellom dei folkevalde og innbyggjarane. Danske studiar av innbyggjarar sine moglegheiter for påverknad viser at særleg samanslåtte kommunar ser ei utvikling mot redusert lokalpolitisk tillit. I Noreg viser lokaldemokratiundersøkingar eit mønster der innbyggjarar i mindre kommunar ser ut til å vere meir nøgde med i kva grad dei føler seg høyrde av dei folkevalde (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013, s. 18).

Sjølv om ein opplev utfordringar knytt til kommunereformene, så peikar studiar på at desse prosessane også opnar for revurdering av nærdemokratiet, då det generelt er fleire innbyggjarar per folkevald enn før. Sjølv om dei tydelegaste måla med kommunereformer kan seiast å vere å bygge robuste einingar, effektiv styring, stordriftsfordelar og fagleg styrke, så rettar ein også fokus på lokaldemokratiet. Som eit resultat av dette har nyare nærdemokratiske ordningar fått stor merksemd (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013, s. 15; Agger, Löfgren, & Torfing, 2010, s. 45). Eit døme på ei slik nærdemokratisk ordning er kommunedelsutval, ei ordning som fleire norske samanslåtte kommunar har valt. Tanken er at kommunedelsutvala skal bidra til å oppretthalde nærleiken mellom innbyggjarar og politikarar og slik styrke demokratiet, noko som er særleg viktig når kommunegrensene nyleg har vorte endra. I tillegg kan slike ordningar motivere til medverknad og deltaking over tid (Røiseland, Ringholm, & Aarsærher, 2018; Regjeringen, 2018).

## 1.2. Problemstilling og forskingsspørsmål

Med dette bakteppet har eg formulert følgjande problemstilling og forskingsspørsmål:

***I kva grad opplev ungdomar i kommunedelsutval at ordninga bidreg til å skape eit aktivt lokaldemokrati?***

- *Korleis opplev ungdomane ordninga med kommunedelsutval?*
- *Kva erfaringar har ungdomane knytt til si samfunnsrolle i kommunedelsutval?*
- *Kva for tilhøve påverkar opplevinga av deltakinga i kommunedelsutval?*
- *Kva ser ungdomane som styrkar og svakheiter ved ordninga?*

## 2. BAKGRUNN OG KONTEKST

### 2.1. Innleiing

I dette kapittelet presenterast bakgrunnen for innføring av kommunedelsutval, som er nær knytt til og ein direkte konsekvens av kommunesamanslåinga etter kommunereforma. For kommunar og innbyggjarar kan samanslåingsprosessar opplevast som ei stor omvelting, om samanslåinga er frivillig eller ei. Tre av kommunane som vart samanslått med Ålesund gjorde det frivillig, medan Haram - med eit knapt fleirtal i Stortinget, vart tvangssamanslått. Den nye regjeringa opna for at kommunar som vart tvangssamanslått skal få dele seg opp igjen dersom dei vil. I perioden denne studien er gjennomført er lausrivingsprosessen til Haram inne i ei fase der dette har stort fokus både i media, blant politikarar og blant innbyggjarar. Dette utgjer ein del av konteksten, men på same tid har denne oppgåva berre fokus på ungdomane si oppleving av ordninga med kommunedelsutval, og lausrivingsprosessen har i liten grad vore omtala i datamaterialet.

I det følgjande skal ordninga plasserast inn i ein kontekst knytt til nærmedemokrati, medverknad og ungdomars deltakingsperspektiv.

### 2.2. Kommunereforma

Kommunereforma vart i 2014 påbegynt av Solbergregjeringa med mål om å samle små kommunar i færre, større og meir robuste einingar. Kommunane hadde fram til juni 2016 moglegheita til å avklare potensielle samanslåingar med nabokommunar, og etter denne prosessen vart det vedteke å gå ifrå 428 til 387 kommunar. Fylkesmenn fekk gi si tilråding same hausten, og her kom det fram at ein ynskte langt færre kommunar. Sommaren 2017 fatta Stortinget vedtak etter at regjeringa la fram sine forslag til ny kommunestruktur. Resultatet vart at samanslåingane reduserte tal kommunar i Noreg frå 428 til 356 kommunar, inkludert nokre tvangssamanslåtte kommunar (KS, 2021).

Ålesund vart samanslått med Skodje, Ørskog, Haram og Sandøy til nye Ålesund kommune, med unntak av øya Orten som vart overført til Aukra. Kommunesenteret ligg i Ålesund by, og kommunen fekk etter samanslåinga Norges største kommunestyre med 77 medlemmar (Lovdata, 2017).

### 2.3. Innbyggjarmedverknad

Det er mange argument for å legge til rette for medverknad frå eit breitt utval av innbyggjarar, både i planprosessar og i offentlege utviklingsprosjekt. Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD) sin rettleiar for medverknad i planlegging peikar på mellom anna desse punkta:

1. Med ei brei involvering og samarbeid mellom ulike partar kan ein i større grad få fram eit heilt kunnskapsbilete. Ynskje og behov blant innbyggjarane i samfunnet vert tydelegare, og kunnskapen lokalbefolkninga sit på kan komplettere ekspertkunnskapen slik at avgjerdsgrunnlaget vert betre. Slik kan dette verte ein viktig ressursdel av planlegginga.
2. Det er eit mål at innbyggjarmedverknaden skal representere ei brei og mangfaldig samansetting i befolkninga. Alle skal kunne delta, uavhengig av alder, utdanningsnivå, etnisk opphav, religiøs overtyding eller funksjonsevne. Enkelte grupper vil ha behov for særleg tilrettelegging og motivasjon for å delta, som til dømes barn og unge.
3. Innbyggjarane både kan og skal ta del i å finne løysingar på lokale samfunnsutfordringar. Aktiv involvering bidreg til meir engasjement og nettverksbygging mellom deltakarane, styrkar identitet og utviklar kjensle av tilhøyrse blant innbyggjarane.
4. Medverknadsprosessar med brei deltaking kan samle ulike grupper til å samarbeide om same sak. Dette bidreg til læring på tvers og legg til rette for at nye idear skapast i fellesskap. Medverknad er også eit sentralt prinsipp for demokratiet. Innspel frå innbyggjarane dannar grunnlag for plan- og utviklingsprosessar, og deltaking gir deltakarane viktig kompetanse knytt til demokratiske prosessar, som igjen bidreg til opne og levande lokalsamfunn (KMD, 2014).

### 2.4. Ungdomars deltaking etter lov

Plan- og bygningslova §5-1 stiller krav om at kommunen legg særleg til rette for barn og unge sine høve til å medverke (Plan- og bygningsloven, 2008). I regjeringa sitt rundskriv «Deltakelse og innflytelse fra barn og ungdom» er barn og unge sine høve til deltaking og påverknad presentert som eit sentralt mål i barne- og ungdomspolitikken. I tillegg kjem barn og unge si deltaking også til uttrykk i FN sin barnekonvensjon. Kontinuerleg læring og utvikling for å legge til rette for auka deltaking er viktig, og stiller nye krav til både politikarar og fagfolk (FN, 1989; KMD, 2006).

Barn og unge er sett som ein lite nytta ressurs, men som gjennom auka deltaking kan bidra til å styrke det lokale demokratiet. Likevel kjem det fram at mykje må skje før ungdomane føler seg sett og høyrde i dei politiske prosessane. Det kan vere ein god start, men det er ikkje nok å etablere ordningar der ungdomen får delta. Ungdomane må oppleve å få reell innflytelse (KMD, 2006) Først når dei får delta på eigne premissar, etter eigne føresetnader og på trygge arena kan ein kalle det reell medverknad.

Ifølgje FNs barnekomité involverast barn og unge ofte på manipulative og tokenistiske måtar, noko som strid mot Barnekonvensjonen. Med utgangspunkt i denne bekymringa vart det utarbeidd ni grunnleggande krav for barn og unge si deltaking. Tema som er omtala i krava er mellom andre informasjon og openheit, frivillig deltaking, at det må ha relevans for borna. I tillegg tek dei opp respekt for born og unge sine synspunkt, og peikar på at alle prosessar der unge skal delta og verte høyrde inneber at dei unge anerkjennast og møtast med respekt. Dei vaksne må ta omsyn til ulik sosioøkonomisk, miljømessig og kulturell kontekst i dei unge sine liv, og må bygge vidare på gode erfaringar frå borna si deltaking i skulen, i familien eller liknande. I tillegg må ein legge til rette for at dei unge sjølv kan ta initiativ undervegs i prosessane (United nations committee on the rights of the child, 2009, ss. 26, 27; Nylander & Katanasho, 2019).

2.5. Presentasjon av føremål, organisering og intensjon med kommunedelsutvala  
I det følgjande er eit samandrag av sentrale og relevante delar av kommunedelsutvala sitt føremål og verkemåte presentert, inkludert nokre målsettingar og rollefordeling i utvala. I tillegg er det som er sakna i dokumenta knytt til ungdomar sitt engasjement kort nemnt.

For å styrke nærdemokratiet og deltaking mellom val, har Ålesund kommune etablert 11 kommunedelsutval etter §5-7 i kommunelova. Kommunedelsutvala har ansvar for bestemte geografiske område i kommunen, som i Ålesund sitt tilfelle er inndelt etter ungdomsskulekrinsane.

Kommunen står etter lova relativt fritt til å definere oppgåvene til slike utval og korleis medlemmane vert valde. I Ålesund har kommunedelsutvala opp til 11 medlemmar der politiske parti skal foreslå 6 medlemmar, og frivillige lag, organisasjonar og lokalmiljø skal foreslå 5 medlemmar, og blant desse ungdomar under 18 år. Medlemmane vert valde gjennom at innbyggjarar melder inn namn på aktuelle kandidatar til kommunen, eller at dei som er interesserte i å delta sjølve melder seg som kandidat, før valkomitéen kjem med innstilling ut ifrå kandidatlistene og kommunestyret gjer det endelege valet. Kriteriar som variasjon i alder,

kjønn og bakgrunn vert vektlagde i utvalsprosessen for å sikre ei brei samansetting av medlemmar. Det at utvala er samansette av innbyggjarar med politisk tilknytning, innbyggjarar med tilknytning til frivilligheita og ungdomar, gir utvala ei noko utradisjonell form – ein modell som skal kunne fungere i mellomrommet mellom innbyggjarane og det representative demokratiet (Piegsa, Jensen, & Kvamme, 2022; Ålesund kommune, 2021). På same tid kan ein argumentere for at ungdomane er ei gruppe som ikkje berre representerer ungdom, men også frivilligheita, politikken, innbyggjarane og meir, og vil i endå større grad verte det i framtida. Difor er det særleg viktig å også inkludere denne gruppa.

Utvala skal vere særleg retta mot lokalsamfunnsutvikling, vere initierande og rådgjevande organ for kommunestyret og har vedtaksmynde og budsjettansvar på definerte område innan kommunedelen. Kommunedelsutvala skal fungere som både eit formelt og eit uformelt kontaktpunkt mellom innbyggjarane, kommunen og dei andre folkevalde organa (Ålesund kommune, 2021; Jones, Ryssevik, Kristoffersen, & Misje, 2021, s. 43).

#### Driftskonsept:

Driftskonseptet til kommunedelsutvala skal bidra til å skape felles forståing for mål og hensikt med ordninga, og vart utarbeidd av Ålesund kommune i forkant av opprettinga av utvala. Følgjande sitat skildrar overordna mål med kommunedelsutvala:

*«Kommunedelsutvalet skal bidra til å styrke demokratiet, bevare lokal identitet og såleis bidra til kommunen si måloppnåing – som er i tråd med FN sine berekraftsmål».*

Politikarar, frivillige og ungdomar i kommunedelsutvala skal saman bidra til at kommunen opprettheld god kontakt med innbyggjarane i alle kommunedelane, også mellom vala. Det at ein skal få formelle arbeidsmåtar i kommunen til å fungere saman med uformell kontakt med innbyggjarane utfordrar etablerte arbeidsmåtar i kommunen – «To verdener møtes», som det står skrive i dokumentet.

Kommunedelsutvala får årlege budsjettmidlar som mellom anna gir utvala høve til å gjennomføre ulike nærmiljøtiltak som skal stimulere lokal identitet og engasjement.

#### Rollene i kommunedelsutvala:

Dei folkevalde:

- Leiaren skal sjå til at kommunedelsutvalet løyser sitt oppdrag og sikrar at aktiviteten skjer i tråd med lover og reglar. Vedkomande skal ha ei samlande rolle, både i og mellom møta, og

held kontakt med kommuneadministrasjon.

- Medlemmene i kommunedelsutvalet skal samarbeide om å løyse oppdraget som utvala har fått av kommunestyret, og det er presisert at oppfølging kan vere nødvendig både i og mellom møta for å styrke demokrati og lokal identitet.

*Administrative roller:*

- Politisk sekretariat har ansvar for utsending av møteinnkalling og publisering av protokoll.  
- Sakshandsamar er ansvarleg for å formidle kunnskapsgrunnlag på ein forståeleg måte, og vere tilgjengeleg for spørsmål frå leiaren i kommunedelsutvalet ved handsaming av ei sak. Sakshandsamar skal legge til rette for tidleg medverknad frå kommunedelsutvalet, til dels før saksutgreiinga er ferdig.

Dette vert frå kommunen si side sikra gjennom at ein av fleire administrativt tilsette med denne rolla er til stades på møta til kommunedelsutvala, slik at alle kommunedelsutvala får kome med uttale til saka.

*Fysiske rammer:*

Alle utvala har møter på skuler, tenestehus eller liknande, og vert vanlegvis heldt på same stad frå gong til gong. Koronasituasjonen har likevel gjort at fleire av møta har vorte gjennomført digitalt.

Kvart kommunedelsutval får utdelt 75.000 kr/år + 6 kr per innbyggjar til bruk på nærmiljøtiltak. Budsjettet på 1,2 millionar NOK vart etter intensjonsavtalen lagt inn i økonomiplanperioden til og med 2024. For 2022 er potten til kommunedelsutvala halvert (Piegsa, Jensen, & Kvamme, 2022; Ålesund kommune, 2021).

*Kommunedelsutvala sine handlingsprogram:*

Kommunedelsutvala skal utarbeide eit årleg handlingsprogram. Dette skal skje etter IGP-metoden, som skal sikre at alle kjem til orde. Deltakarane startar individuelt for å få fram sine synspunkt, som førehandsdefinerte grupper i etterkant skal ta utgangspunkt i for å finne nokre viktige tema som heile gruppa er samd om. Til slutt presenterer ein tema i plenum og for dei andre gruppene. Handlingsprogrammet utgjer agenda for kommunedelsutvalet, i tillegg til andre saker som kjem frå administrasjonen eller det overordna årshjulet i kommunen.

Dokumentet seier ikkje noko om tilrådd møtefrekvens. Det er heller ikkje sagt noko om korleis ein skal legge til rette for å involvere ungdomane i kommunedelsutvala.

### 3. TEORI OG RELEVANT FORSKINGSLITTERATUR

#### 3.1. Innleiing

I denne studien står ungdomars deltaking i kommunedelsutval i fokus, og i kva grad dei opplev ordninga som styrkande for eit aktivt lokaldemokrati. Det finst få studiar knytt til dette, men ein rapport frå Monkerud m.fl. er eit unntak. Her slår ein fast at det har vore beskjeden studering og kartlegging av denne delen av lokaldemokratiet (Monkerud, Indset, Stokstad, & Klausen, 2016).

I KMD sin organisasjonsdatabase som er av noko nyare dato, kjem det fram at det er 13 kommunar i Noreg som har oppretta kommunedelsutval etter kommunelova. I tillegg har nokre andre samanslåtte kommunar oppretta ordningar som til ei viss grad kan samanliknast med kommunedelsutvala.

I motsetnad til forskning på kommunedelsutval, så har det vore mykje forska på ulike former for medverknad og innbyggjarinvolvering (Audestad, 2020). Forskinga på medverknad frå barn og unge er derimot relativt sparsam. Forsking på medverknad kan ha mange ulike innfallsvinklar, som til dømes empowerment eller «kapasitetsbygging» som Amdam nyttar, samskaping eller det demokratiske perspektivet, som eg skal nytte i denne studien (Amdam, 2011). Under presenterast ulike relevante norske og internasjonale forskingsbidrag og masteroppgåver, før det teoretiske rammeverket for studien presenterast.

#### 3.2. Tidlegare forskning på feltet

Dei siste åra har ein sett ei aukande uro for legitimiteten til vestlege demokrati, noko som har ført til mange studiar rundt dette tema (Torfing & Sørensen, 2019; Montin, 2007; Haugsgjerd & Seggaard, 2020). Nokre studiar hevdar at om ein ser på det europeiske demokratiet under eitt, ser ein reduksjon i valdeltaking og tendensar til avtakande tillit til politiske institusjonar. Slike problemstillingar gjer seg tydelege i fleire etablerte demokrati og viser behov for å utvikle ei meir deltakande og dialogorientert form for demokrati i fleire nasjonar (Torfing & Sørensen, 2019; Montin, 2007). Andre studiar viser at tilliten er stabil, og der han endrar seg er utviklinga positiv. Oppsummert eit det samansett bilete med betydeleg variasjon (Haugsgjerd & Seggaard, 2020).

I norsk samanheng kan ein i perioden 2002-2016 sjå ei gradvis auke i både tilfredsheit med det nasjonale demokratiet og med politiske institusjonar. Likevel viser det seg at innbyggjarane sine demokratiideal også har klare element av direkte deltaking – altså at innbyggjarane vert involverte i avgjerdsprosessar og har ei stemme, også mellom vala.

Mellomvalsdeltaking ser ut til å vere ein føresetnad for at avgjerder skal opplevast tilstrekkeleg legitime. Vidare har lokalpolitiske institusjonar betydeleg høgare tillit samanlikna med dei nasjonale nivåa, noko som tyder på at demokratiske nivå nær innbyggjarane er viktige for tilliten til demokratiet (Haugsgjerd & Segard, 2020, ss. 17-18; Klausen, et al., 2013, ss. 23-25).

Studiar viser at folkevaldopplæringa opplevast dårlegare blant dei yngre enn blant dei eldre folkevalde, noko som kan vere ein indikasjon på at det er behov for betre og meir tilpassa opplæring for dei unge som målgruppe. Dette kan igjen tyde på at det er behov for å rette ein ekstra innsats mot dei unge for at dei skal kome seg inn på den politiske arenaen og føle seg trygge og delta aktivt (Brandtzæg, et al., 2022).

### 3.3. Lokaldemokratiske organ under kommunestyret

I kommunereforma i 2007 reduserte Danmark talet kommunar frå 275 til 98. Evalueringa frå 2013 viser at reforma styrka den desentraliserte danske modellen, der avgjerdene skal gjerast mest mogleg lokalt og nær innbyggjarane. Morten Østergaard, økonomi- og indenriksminister i Danmark, hevda i 2014 at kommunereforma styrka det lokale sjølvstyret, men at den også har svekka lokaldemokratiet i Danmark. Sidan den gong har fleire danske kommunar utvikla lokale demokratistrategiar, deriblant ordningar med lokalråd som har ansvar for sine lokalområde. Dei lokale organa var tenkt som ei avbøtande ordning for den manglande nærleiken mellom folk og folkevalde etter kommunereforma. Ordninga skal sikre sjølvstyre og identitetsforankring, opplevast lokalt og sørge for tilpassing av politikken til lokale kontekstar, samt bidra til betre tilgang på lokalkunnskap (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013).

I 2010 evaluerte Torfing, Agger og Löfgren tre forsøk på slike nærdemokratiske ordningar i Danmark. Områda som vart studert var Holbæk, Vordingborg og Silkeborg.

Nærdemokratiordningane i dei tre kommunane vart organiserte på ulike måtar, men ingen hadde avgjerdsmynde, men var høyringsinstansar og dialogpartnarar for kommunen. Når det gjeld institusjonaliseringsgrad var organa derimot svært ulike, og ligg i kvar sin ende av skalaen;

Holbæk sine lokalråd har ei sterk grad av institusjonalisering. For desse råda har kommunepolitikarane danna formelle rammer for deltakinga, som mellom anna inneber at kommunen krev deltaking frå institusjonsleiarar som t.d. rektorar, sjukeheimsleiarar i



lokalområdet som rådet tilhører. Årsaka til dette er å knytte institusjonsleiarane til lokalsamfunnet og dra nytte av alle ressursar og instansar som finnast i området.

Silkeborg sin modell har låg grad av institusjonalisering, då ordninga er heilt frivillig. Ein bakdel med dette er at råda har lett for å følgje tidlegare grenser, fordi innbyggjarane kjenner ein felles identitet til dette området av gammal vane. Når råda er så sjølvorganiserte vil den automatisk ha sterk legitimitet blant innbyggjarane, men likevel fungerer den ifølgje evalueringa ikkje etter intensjonen sett frå kommunen si side. Kommunen ville gjerne ha ei samarbeidsordning med lokalråd som hadde høyringsplikt, men dette var lokalråda i området ikkje villige til. Låg grad av organisering har i Silkeborg-området ført til at innspela i større grad vert ignorerte, medan rådet i Holbæk-området med høg grad av organisering høyrast.

Vordingborg si ordning var i stor grad inspirert av dei to andre kommunane, men hadde som hovudmål å danne ei ordning som på best mogleg måte tok i vare høvet til brei medverknad, eller sagt med andre ord; sikra at folket kom til orde. Politikarane var opptekne av at dialogen ikkje nødvendigvis må gå igjennom desse strukturane, og at innbyggjarane også skulle kunne kome direkte til dei i motsetnad til kva dei kunne t.d. i Holbæk, som stilte krav om at dialogen måtte gå via utvala, for så å nå politikarane. I tillegg var ein i Vordingborg oppteken av at dei sterkaste stemmene ikkje skulle ta for stor plass, men at demokratiet skulle nå ut til alle (Agger, Löfgren, & Torfing, 2010; Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013).

Det er naturleg å tenkje at større kommunar har større avstand mellom avgjerdsmynde og innbyggjarar, men ein rapport frå KS og Distriktssenteret hevdar at kommunestørrelse ikkje nødvendigvis påverkar lokaldemokratiet, og at ein kan å få gode resultat i både små og store kommunar. Ein må likevel i debatten kring kor stor ein kommune bør vere, gjere vurderingar knytt til kva for demokratiske kvalitetar som er viktige. I kommunar med høg tillit ser ein at mange måtar å organisere seg på kan fungere godt. Ein kan likevel peike på nokre viktige kriteriar, som er knytt til openheit, informasjon, gode kanalar eller fora å delta på, samt tydelege ansvarslinjer (KS, 2014).

Det er mange sider ved innbyggjarmedverknad som passer godt inn i prinsippa om representativt demokrati. Fleire skal høyrast og takast omsyn til, tillit styrkast og avgjerdsgrunnlaget tek inn fleire perspektiv og vert dermed betre. Men også her ligg eit dilemma som ein må vere bevisst på; dei som deltek må ikkje ha ei for sterk stemme i forhold til dei som ikkje deltek (KS, 2014, ss. 5-7).

Rapporten «*Godt begynt er halvt fullendt? En oppstartsanalyse*» ser på opprettinga av lokalsamfunnsutval i nye Asker kommune, og skal danne grunnlag for politisk avgjerd knytt til om nærdemokratiske ordningar skal vidareførast til fleire lokalsamfunnsområde i kommunen frå hausten 2022. Utvala vart oppretta i januar 2020 i områda Tofte, Slemmestad og Heggedal som ei forsøksordning på 2 år. Ordninga med lokalsamfunnsutval kan langt på veg samanliknast med ordninga med kommunedelsutval, og har som hovudføremål å bidra til å styrke lokaldemokratiet og gi innbyggjarane auka innflytelse over eiga lokalsamfunnsutvikling. Desse utvala ikkje har ungdomar blant medlemmane.

Lokalsamfunnsutvala skal:

- Vere høyringspart i saker og medverke i planprosessar som gjeld lokalområdet
- Sørge for at innbyggjarar og lokale aktørar kan få medansvar og moglegheit til å påverke saker som gjeld utvikling av eige lokalsamfunn
- Arbeide med styrking av samarbeid og dialog med ulike andre folkevalde organ og næringsliv
- Disponere konto med midlar til lokalsamfunnsutvikling
- Initiativrett – kan ta opp eigne saker og be om avgjerdsgrunnlag frå kommuneadministrasjonen

Studien viser at medlemmane i lokalsamfunnsutvala er motiverte for å gjere den oppgåva dei er tildelte. For medlemmane sjølve ser det å bidra til utvikling av eige lokalmiljø ut til å vere det viktigaste. Medlemmane i utvala består av ei brei samansetting av folk med og utan politisk erfaring, og variasjon i alder, etnisitet og kjønn. Sjølv om medlemmane er motiverte, peikar ein på særleg to forhold som kan ha vanskar knytte til seg.

Det første er knytt til *arbeidsmengd*, både for leiarar og for medlemmar. Særleg det å sette seg inn i sakspapir verkar overveldande for mange, noko ein bør vere bevisst på utviklinga av med omsyn til motivasjon.

Det andre er knytt til *kompleksitet*. Det ser ut til at det er mange som opplever at det er krevjande å sette seg inn i alt ein skal ta stilling til. Ein peikar i studien på at desse to utfordringane til saman kan verke belastande for både arbeidsevne og -glede over tid. Ein etterlyser opplæringstiltak som skal bidra i samspelet mellom ulike partar og aktivitetar i tiltaket. Samla ser utvalsmedlemmane likevel ut til å oppleve arbeidet meiningsfylt og inspirerande, og at dei har godt samarbeid. Dei har høg tillit til lokalpolitikarar, og dei har

kjensla av at det nyttar å påverke utviklinga i lokalsamfunnet gjennom utvala (Kobro & Brandtzæg, 2020).

Rapporten «*Medvirkning med virkning?*» markerer slutten på prosjektet «Innbyggerdialog i den kommunale beslutningsprosessen». Her var målet å sjå på korleis norske kommunar tek innbyggjarar med i avgjerdsprosessar mellom val, og studien er bygd på kvantitative data og intervju med 16 casekommunar, og anna forskning. Rapporten peiker på at ei viktig grunngeving for, og sjølve fundamentet i lokaldemokrati er nærleiksargumentet.

Nærleiksargumentet tyder at avgjerder skal takast så nær dei det gjeld som råd er, slik at dei som vert påverka av tiltaket skal verte høyrde. Dei folkevalde må ta i vare alle som vert påverka av tiltaket, også dei som ikkje hevar stemma.

Avgjerdene vert betre dersom ein har kunnskap som speglar behov, viser ulike løysingar og konsekvensar for innbyggjarane. Dei som vert direkte påverka av tiltaka sit gjerne med kunnskap ein ikkje når utan deltaking, og desse prosessane kan bidra til å gi politikarane eit betre avgjerdsgrunnlag. Vedtak som fattast på eit best mogleg kunnskapsgrunnlag vil verte kvalitativt betre og meir hensiktsmessige eller dei elles ville ha blitt. Studien viser til fleire meir eller mindre utprøvde tiltak ein kan gjere for å sikre desse gruppene sine medverknadmoglegheiter.

Mellom anna desse kriteria bør vere oppfylt for å lukkast med innbyggjarmedverknad:

- Kommunen bør ha eit bevisst forhold til når og korleis ein skal sikre medverknad, korleis det skal koplant til det representative demokratiet, og korleis innspela vert handterte opp mot politiske vedtak.
- Det er viktig med tilbakemelding til dei som har delteke og tilbakemelding på korleis innspela vert tekne omsyn til i vidare handsaming.
- Gjennom å gi ein administrativt tilsett ansvaret for å sikre medverknad i prosessane oppnår ein bevisst og varig fokus på temaet (Klausen, et al., 2013, ss. 8-12).

Blant kommunar som oppretta nærdemokratiske organ for deltaking mellom val i perioden 2000 – 2012 fann ein ei markant auke mellom 2000 og 2004, men etter dette har det helde seg relativt stabilt. Undersøkinga tok føre seg fleire ulike organ, men mest samanliknbart med komunedelsutval er dei faste brukar- eller borgarpanela med regelmessige konsultasjonar t.d. i enkeltsaker, planar eller strategispørsmål. Undersøkinga viste at 9 kommunar hadde

dette tilbudet i år 2000 før det vart noko nedgang dei komande åra. 5 kommunar hadde slike utval registrert i 2012 (Klausen, et al., 2013, s. 33).

Under er ulike nærmiljøutval i tre ulike kommunar kort skildra:

- *Fredrikstad kommune – Lokalsamfunnsutval*
- *Øvre Eiker – Grendeutval*
- *Tromsø kommune – Utviklingslag og Bydelsutval (frivillig sektor)*

*Fredrikstad kommune sine lokalsamfunnsutval* er geografisk inndelte etter skulekrins, og har påverknadsmoglegheiter knytt til saker som gjeld deira geografiske nedslagsfelt.

Dei er høyringspart i arealplanar og reguleringsplanar i tillegg til i andre saker som røyver ved lokalsamfunnet. Utvalet har også høve til å melde inn saker sjølve. Utvala får tildelt midlar, mellom 30 000 og 80 000 kroner som dei kan disponere som dei sjølv ynskjer. Oftast delast desse midlane vidare ut til lag i nærmiljøet.

Representantane i utvalet er oftast engasjerte også på andre måtar, og kjem frå ulike lag, foreiningar og organisasjonar i nærmiljøet knytt til skule, idrett, kyrkje og liknande. Føremålet med ordninga og håpet i kommunen er at det skaper ei breiare medverknad, utover det kommunen sjølv greier. Ein håper at representantane gjennom si deltaking i nærmiljøet ser både kva som skjer og røyver seg i området og at dei gjennom samtaler med andre i nærmiljøet også får ei breiare kontaktflate mot dei som vanlegvis ikkje engasjerer seg. I denne kommunen er det ikkje politiske representantar, då det berre er dei største partia som har tilstrekkeleg tal medlemmar. I tillegg er føremålet med ordninga at utvala skal representere folket, utanom dei politiske sfæren.

Ei av utfordringane med utvala i denne kommunen er at utvala ikkje har avgjerdsmynde utover fordeling av midlane. Det er det dei valde politikarane som har. Det vert dermed ein balansegang mellom utvala sine råd og det å fatte avgjerder på tvers av desse innspela. Som ein politikar spela inn i denne undersøkinga er det nødvendig med ei forventningsavklaring. Likevel er erfaringa at folk stort sett opplever at dei i større grad har moglegheit til å påverke avgjerder i kommunen med slike utval enn utan. Slik får dei i større grad delta i planlegging av områder, og konfliktane vert både færre og konfliktnivået lågare. Ein vert ikkje alltid høyrd i sine ynskje, men har opplevinga av at ein har vore med på ein prosess som gjer det lettare å akseptere utfallet i ei sak.

*Øvre Eiker kommune sine grendeutval* vel sine medlemmar blant innbyggjarane i tettstaden dei soknar til - i alt 6 tettstader (og utval) i kommunen. Kwart utval får 20 000 i driftsmidlar som dei får bruke som dei sjølve vil. Vanlegvis vert desse midlane nytta til det utvala ikkje får gjort på dugnad. Ingen av medlemmane får honorar.

Kwart utval består av 7 medlemmar. Valkomitéen finn personar som ynskjer å vere med, og medlemmane veljast på grendelaga sine årsmøte.

Det som er noko spesielt for grendeutvala i Øvre Eiker er at dei har rullering på investeringsmidlar og kommunal merksemd. Det tyder at grendeutvala etter tur har kvar sine periodar der dei får merksemda retta mot seg frå kommunen si side, noko som stimulerer til aktivt og intenst arbeid inn mot den perioden den aktuelle tettstaden sin tur. Denne føreseielegheita gjer at grendeutvala jobbar effektivt med å få gjort vedtak knytte til saker dei vil prioritere. Når det er deira tur å få full merksemd vert dei hovudkontaktpunktet mellom kommunen og bygda.

Eit anna viktig trekk ved grendeutvala i Øvre Eiker er at dei har fast oppmøte frå ein representant ifrå kommunen som vidarebringer innspel frå grendeutvalet til rådhuset og kommunestyret, noko som utgjer ei kontinuerleg kontakt mellom utvalet og kommunen i lengre prosessar. Vidare nyttast utvala til å skape engasjement kring større kommuneplanprosessar, og er i Øvre Eiker omtala ein av dei viktigaste støttespelarane i dette arbeidet.

*Utviklingslaga og bydelsråda i Tromsø* er frittstående, partipolitisk uavhengige organ som jobbar for utvikling innan kultur, sosial og næring i by og bygd, i og rundt Tromsø. I alt har ein 20 utviklinglag og 10 bydelråd i Tromsø kommune.

Laga og råda er meint å fungere som samlingspunkt mot kommuneadministrasjonen, og har roller som høyringspart og rådgjevande instans i plansaker, og er innbyggjarane si stemme inn mot kommunen for heile rådet eller utviklingslaget sitt geografiske nedslagsfelt. Alle innbyggjarane i det aktuelle området er medlemmar.

Hegna, Ødegård og Seland presenterer i sin artikkel «*Ungt medborgarskap - Kunnskap, mobilisering og deltakelse*» funn ifrå undersøkingar av skuleelevar på 14-15 år, og peikar mellom anna på tre demokratiske paradoks for ungdomar:

Det første er knytt til spennet som oppstår mellom ungdomar som er umyndige borgarar på same tid ventast å vere aktive medborgarar, og prosessen som skjer når dei bevegar seg frå eit «avmektig barn» til ein stadig meir meiningsfylt posisjon i samfunnet sine strukturar og

institusjonar.

Det andre er knytt til krysspreset ungdomar står i gjennom opplæringa i «demokratisk lydigheit» som samsvarer med ei bevaring og styrking av det etablerte, og på same tid skal vere utgjere ein opposisjon og er venta å jobbe for å endre det som er.

Det tredje omhandlar måten samfunnet er oppbygd på, og dilemmaet som oppstår i eit samfunn der likestilling og rettar som tilrettelegging for å ta i vare særpreg, tradisjonar og kultur knytt til religion eller etnisitet, og på same tid ivaretakinga av eit demokratisk system som skal sikre likestilling (Hegna, Ødegård, & Seland, 2018).

Masteroppgåva «*Det må kome frå ungdomen sjølv*» av K. Audestad frå 2020 om medverknadsmoglegheitene for ungdomar under 18 år, studerte kva som må til for at ungdomar skal rekrutterast og motiverast for å delta i medverknadsprosessar. Studien var bygd på 10 intervju med prosjektleiarar i ulike kommunar som alle hadde kunnskap om og erfaring med ungdomsmedverknad. Her kom det fram at dei fleste kommunar har fokus på å rekruttere ungdomar inn i medverknadsprosessar, og det vart nytta ulike metodikkar for å få ungdomane sine stemmer fram. Det var generelt viktig for ungdomane at dei fekk fremje sine forslag og innspel i møter og dialogar, og at ulike idéar kom fram.

At medverknaden er reell kjem fram som ein tydeleg motivasjonsfaktor for vidare engasjement. Ho peikar på at engasjement frå ulike typar ungdomar bidreg med nye perspektiv og synspunkt. Deltakinga kan også gi fleire positive effektar, som meistringstru og kjensle av tilhøyrslse til eige lokalsamfunn.

Avslutningsvis foreslår ho for vidare forskning at det hadde vore interessant å snakke med ungdomen sjølv om korleis dei opplev sin medverknad på ulike arena, og variasjonen i deltakinga, og i kva grad dei opplev å ha fått opplæring i demokratiet gjennom si deltaking (Audestad, 2020).

#### 3.4. Oppsummering

Den relevante forskinga som er inkludert her tek i hovudsak føre seg ulike nærdemokratiske ordningar i Norden, men tek ikkje opp ungdomars deltaking i slike. Dette materialet utgjer likevel eit bakteppe som er relevant for denne studien. Ungt medborgarskap og ungdomars deltaking i planprosessar gir innblikk i utfordringar og dilemma som ungdomar kan kome ut for, og som kan ha verdi for analysen i denne studien. Denne studien skal sjå på ungdomars erfaringar i kommunedelsutval, til dels opp mot erfaringar same aldersgruppe har i deltaking knytt til andre offentlege prosessar. I det følgjande vil eg presentere teoriar som skal danne

rammer for analysen. Også denne delen vil ha element av tidlegare forskning som bygg under den aktuelle teorien.

### 3.5. Demokrati

Funksjonalitet, autonomi, demokrati og effektivitet er alle grunnleggande verdiar som norske kommunar er tufta på.

*Funksjonalitet* omhandlar det reint praktiske i inndelingane i kommunegrensene, etter kvar det var eit naturleg handelssentrum og kva for geografiske hindringar som naturleg låg i området.

*Autonomi* er viktig fordi det representerer maktfordeling, både mellom dei tre statsmaktene; den lovgjevande (Stortinget), den utøvande (regjeringa) og den dømmende (domstolane), og på geografisk nivå, gjennom at kommunane får delegert makt frå statleg nivå. Tanken er at det som skjer lokalt, også skal kunne avgjerast lokalt av dei som bur der og som saka angår, slik som idealet om at folket både kan og bør styre seg sjølv seier.

*Effektivitet* omhandlar kommunen som produsent av velferdstenester – barnehage, skule og helsetenester for å nemne nokre. Noko av det viktigaste under dette punktet er det som er kalla allokeringseffektivitet, altså i kva grad kommunen greier å levere tenester som dekkjer innbyggjarane sine behov og ynskje. Det er ei oppfatning at dess nærare innbyggjarane avgjerdene vert tekne, dess betre tilpassa vert tilbodet. Behov og ynskje i befolkninga vil endre seg over tid, og truleg vil lokale einingar fange opp endringane tidlegare, og i tillegg kan mindre einingar vere meir tilpassingsdyktige enn dei store.

Det er her *demokratiet* kjem inn som verdi. Det er ei etablert oppfatning at nærheit og demokrati har samanheng. I Norge er kommunar og fylke inndelt i mindre fysiske einingar, noko som bidreg til samhandling og nærleik mellom dei som bur i kommunen. Dei som bur tett har meir med kvarandre å gjere og utviklar tettare relasjonar, noko som framstillast som ein styrke på fleire måtar:

For det første er nærleiken mellom dei styrande og dei styrte ein fordel, fordi det er større sjansje for at dei «rette» personane vert valde når veljarane kjenner dei. Slik har også folket har betre kontroll med representantane. I tillegg er det sannsynleg at representantane i større grad kjenner behova til dei han eller ho representerer om ein er nær dei.

For det andre vil truleg nærleiken til lokale saker og kjennskap til representantane bidra til auka engasjement. Terskelen for å ta kontakt og drøfte ei sak som gjeld lokalmiljøet med ein

ein kjenner vil vere lågare enn om representanten er ukjend for innbyggjarane. I demokrati er innbyggjarar viktige interessentar ved at dei kan delta, indirekte eller direkte, gjennom dei folkevalde i både utforming, avgjerdstaking og implementering av lovene og retningslinjene som påverkar dei (Jacobsen, 2009, ss. 14-16).

### 3.5.1. Demokratiske institusjonar

Institusjonar kan skildrast som formelle eller uformelle aktivitetar og strukturar som sikrar stabilitet og meining i sosial åtferd. Når ein studerer i kva grad sosiale prosessar vert påverka av institusjonar, er den vanleg å skilje mellom dei formelle og uformelle spelereglane, samt korleis desse spelereglane vert handheva. Samspelet mellom desse tre er sentrale og påverkar altså våre handlingar, avhengig av korleis institusjonen, spelereglane og rammevilkåra er utforma, og legg altså føringar for våre vurderingar og handlingar (Ringholm, 2018).

Institusjonalisering bidreg til å skape tryggleik og faste haldepunkt som gir føreseielegheit og dannar grunnlag for korleis prosessar skal skje. Kvaliteten på institusjonen er likevel det mest avgjerande. Ein velfungerande demokratisk institusjon kan til dømes ha spelereglar som legg til rette for offentleg diskusjon og debatt, som sikrar gode fellesskapsløysingar og rettar for den enkelte. Institusjonane vil likevel i takt med endringar i teknologi, kunnskap og maktforhold setjast på prøve. Utan vedlikehald, gode politiske prosessar og høg grad av demokratisk legitimitet vil institusjonen kunne forvitte eller utvikle seg til å verte dysfunksjonell (Nordbakken, 2021).

Folkets demokratiske rettar vert først og fremst ivaretekne gjennom val av representantar for veljarane kvart fjerde år. For å vere i stand til å representere folket på ein god måte gjennom heile perioden er det avgjerande at dei folkevalde får meir kunnskap om veljarane sine preferansar. Ordningar som sikrar god dialog mellom innbyggjarar og folkevalde, også mellom vala, er difor svært viktig (Klausen, et al., 2013, s. 13). Ein føresetnad for eit levande demokrati er at det fungerer på både nære og fjerne arena. For mange kan lokaldemokratiske ordningar verke mindre avskrekkande enn politikk på høgare nivå og legg til rette for at fleire kan engasjere seg i saker som gjeld eigen kvardag (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013, s. 14).

På mange måtar går innbyggjarmedverknad hand i hand med representativt demokrati. Folket må høyrast, og slik kan tilliten til dei folkevalde styrkast og avgjerdsgrunnlaget betrast. På same tid må ein ta innover seg at medverknad også kan styrke stemmene til dei sterkaste på kostnadane av stemmene ein ikkje når. Mange politikarar og administrativt tilsette er



medvitne denne problemstillinga, men avveginga knytt til ulike innspel og i kva grad folk er påverka er det opp til politikarane å gjere. Her har politikarar altså eit ansvar – ikkje berre for å høyre innspela men også det å vurdere i kva grad folket vert påverka, og konsekvensar for heile kommunen sine innbyggjarar på både kort og lang sikt (Klausen, et al., 2013, ss. 13, 17).

### 3.5.2. Representativt og deltakande demokrati

Offentleg deltaking inneber direkte eller indirekte deltaking gjennom representantar for interessentar som vert påverka i avgjerdstaking i politikk eller planar. Interessentar kan til dømes vere personar, grupper eller organisasjonar som kan påverke eller verte påverka av politiske avgjerder. Gjennom offentleg deltaking kan interessentar samhandle på ulike måtar med offentlege etatar, politiske leiarar, ideelle organisasjonar eller næringar som utformar eller implementerer retningslinjer og program. Deltaking kan vere i form av «diskrete» handlingar som å delta i møter eller innbyggjarundersøkingar, gi innspel i offentlege høyringar eller andre liknande konsultasjonsprosessar, men deltaking generelt er prosessen med å engasjere seg i styresett (Quick & Bryson, 2016, s. 1).

I reine representative demokrati vil deltaking frå innbyggjarar vere avgrensa til deltaking ved val, altså kvart fjerde år. Poenget er som nemnt over, at innbyggjarane i staden for å delta i politiske prosessar sjølv vel representantar til å ta avgjerder på deira vegne. Sjølv om det representative demokratiet er sett som ein idealmødel, så kan ein også argumentere for at politikarar og avgjerdsprosessar også vert påverka av media, lobbyverksemd, byråkratiet med meir. Likevel er det enkelte som hevdar at denne deltakinga først og fremst kjem ressurssterke menneske som er over snittet politisk engasjerte til gode (Klausen, et al., 2013, s. 22).

I Noreg har ein element av både representativt og deltakande demokrati. Sjølv om det representative demokratiet utgjer fundamentet i det norske demokratiet, er det eit mål å supplere det med direkte deltaking mellom vala. Dette kan bidra til å styrke tilliten til det representative demokratiet. Både merksemda rundt og grunngevinga for å vurdere nærdemokratiske organ i norske kommunar er forankra i deltakardemokrati. Ein peikar på at deltakande demokrati i større grad opnar for mellomvalsdeltaking, og kan bringe fleire og nye ressursar inn i avgjerdsprosessar.

Dersom dialogen mellom innbyggjarar og myndigheit betrast vil folket si stemme i større grad verte høyrd før avgjerder takast. Den offentlege debatten bidreg til at dei ulike standpunkta kjem opp i dagen, og slik oppnår ein betre informerte avgjerder som er forankra i folket. Slike prosessar er viktige også som demokratitrening gjennom erfaringane som deltakarane

tileignar seg. Deltakinga utfordrar folks syn på ulike saker, og slik får ein trening i politisk tenking og prioritering (Ringholm, 2018; Klausen, et al., 2013).

Det er mange moglegheiter for offentleg deltaking og medverknad, og mange metodar kan nyttast for å få innspel som representerer folket som heilskap. I dette ligg det at det ikkje nødvendigvis berre er dei sterkaste stemmene som får høve til å delta og vert lytta til (Klausen, et al., 2013). Dette er mellom anna sikra i plan- og bygningslova, som seier at sårbare grupper og særleg born og unge skal takast omsyn til (Plan- og bygningsloven, 2008). Det er grunn til å tru at om ein lukkast med gode prosessar der folk føler seg høyrde og tekne omsyn til, vil politiske avgjerder få større legitimitet blant folket og styrke tilliten til demokratiet (Klausen, et al., 2013).

Likevel er det fleire akademikarar som hevdar at ein også bør vise varsemd med entusiasmen knytt til deltakande demokrati, grunna hindringa det kan skape for sentrale eigenskapar ved det representative demokratiet. Det representative demokratiet balanserer epistokratiske verdiar, som omhandlar «eit styre av dei som veit best» (Holst, 2019), og egalitære trekk, som mellom anna omhandlar likskap i ressurstilgang for alle. Dei som veljast til å representere folket er dei ein ventar at har god vurderingsevne og som i tillegg utmerkar seg positivt, og dette er argumentet for at det representative demokratiet er verd å ta i vare.

Det er altså ikkje slik at eitkvart høve som kan auke deltakinga skal gripast, fordi ein i situasjonar der terskelen for å delta er låg, truleg vil få innspel som er lite gjennomtenkte. Kort sagt hevdar m.a. Mikael Gilljam at deltaking kan ha motsett effekt av det ein ventar. Forklaringa for denne påstanden er at deltaking frå enkeltpersonar vil stride mot dei demokratiske målsettingane knytte til politisk likskap, velfunderte avgjerder og effektivitet. Altså stemmer ikkje forventninga om at engasjerte innbyggjarar tek ansvar for sine medborgarar som i tillegg utviklar seg personleg og støttar demokratiet som slik (Klausen, et al., 2013, s. 25).

### 3.5.3. Nærdemokrati

Demokratiet er ein kjerneverdi i det norske samfunnet, og kan noko forenkla seiast å handle om at det er folket som avgjer både lokalt og nasjonalt. Den delen av folkestyret som påverkar i størst grad er nærdemokratiet - hovudkoplinga mellom dei som styrer og dei som vert styrte (Distriktssenteret, 2014).

Nærdemokratiske ordningar er eit samleomgrep på ulike former for deltaking og engasjement blant innbyggjarar innan eit avgrensa geografisk område i ein kommune, relasjonen mellom

desse og det representative politiske og administrative systemet i kommunen elles. Ein har sett auka interesse for nye former for demokrati dei seinare åra, mykje grunna kommunereforma og dei nye kommunestrukturane, men også fordi innbyggjarar ikkje kjenner seg ivaretatt av dei politiske systema og ein har utfordringar med å finne gode løysingar på komplekse problemstillingar. Legitimitet og oppslutning om det representative demokratiet har vorte redusert, og i takt med dette veks det fram nye diskusjonar kring demokratiet og dets tilstand. Nærdemokrati handlar altså om demokratisk påverknad og makt på underkommunalt nivå (Kobro, 2020).

I Danmark tok kommunane sjølve initiativ til å finne og ta i bruk nye og innovative demokratitiltak for støtte opp om deltakinga frå innbyggjarane, mellom anna såkalla nærmiljøutval. For å vurdere kvaliteten på nærmiljøutvala vart dei vurderte ut ifrå i kva grad dei oppfylte desse viktige demokratiske trekka:

*Tilgang og deltaking* – I kva grad hadde utvala eit representativt utval blant medlemmane, og var deltakinga likt fordelt? Vart passive og marginaliserte delar av samfunnet høyrte?

*Offentleg deliberasjon* – I denne tradisjonen er det sentralt at alle interesser og behov vert tekne omsyn til. Det beste argumentet vinn fram, og ein skal ikkje bruke makt for å få igjennom si meining. Vurderinga av dei danske utvala la vekt på i kva grad utvala var prega av denne forma for respekt og argumentasjon, og om arbeidet viste att i den kommunale politikken.

*Ansvarleggjering (accountability)*: Vurderingane tok opp i kva grad var utvala var opne rundt kva for saker dei handsama, avgjerdsprosessar og liknande. Dei såg også på i kva grad sanksjonar var nytta for representantar som innbyggjarar ikkje var nøgde med, og i tillegg såg ein på korleis medlemmane var rekrutterte inn i utvalet. Var dei valde, eller hadde dei rekruttert seg sjølv inn i utvalet?

Vurderinga viste at deltakinga i utvala i stor grad var frå den ressurssterke delen av befolkninga. Debattane var prega av respekt for ulike meiningar, noko som vart forklart med den uformelle og pragmatiske organiseringa i utvala. Ansvarleggjering i slike utval tek ei litt anna form enn ved vanlege representative institusjonar, ifølgje forfattarane. Dei peikar på at det vanlegvis kokar ned til å halde representantane ansvarlege gjennom val, medan det i nærmiljøutval i større grad er status, rolle og omdøme som spelar ei viktig rolle i ansvarleggjering av medlemmane (Klausen, et al., 2013, ss. 26, 27).

#### 3.5.4. Villkår for lokal-/nærdemokratiet

Ein NIBR-rapport som ser nærare på erfaringar i Norden med nærdemokratiske ordningar konkluderer med ei oppsummering av suksesskriteriar for at nærdemokratiske modellar skal fungere godt. Her har ein teke utgangspunkt i det dei kallar Holbæk-modellen frå Danmark, då dei i sin rapport har konkludert med at denne, den mest formaliserte modellen, fungerer best. Likevel har også denne modellen utfordringar og forbetringsspunkt, som belyst med utgangspunkt i Agger m.fl. si evaluering av modellane:

- For det første må utvala ha tydeleg avgrensa og definerte ansvarsområde. Kva som er organet si mynde og roller må vere klart for både utvalet, politikarane og for innbyggjarane.
- Det er viktig at deltakinga har reell effekt. Medverknaden må kome til syne gjennom ei klar kopling mellom politikken i kommunen og utvala sitt arbeid. Det må vidare kommuniserast tydeleg korleis innbyggjarane sine innspel påverkar avgjerdene.
- Det er viktig å gjere kloke avvegingar i kva for saker utvala skal ta stilling til. For detaljerte og komplekse saker kan føre til trøttheit, medan for få saker vil kunne gi kjensla av at arbeidet er uviktig og at dei ikkje vert høyrde.
- Det er viktig med klare strukturar for god informasjonsflyt mellom innbyggjarar, lokalfora, politikarar og administrasjon. Tilbakemelding er ein føresetnad, uavhengig av om innspela frå lokalråda vert tekne til følge eller ei. Vidare må måten innspela nyttast på i kommunen gjerast tydeleg.
- Å tilsette ein fasilitator som står for administrativ støtte, opprettheld koplinga mellom kommune og utval, vidarebringer informasjon både til og frå utvalet, støtte dei frivillige og justere og tilpasse forventningane har vist seg å vere ei god investering (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013).

#### 3.6. Medverknad

Medverknad kan som tidlegare nemnt sjåast som eit deltakande og styrkande supplement til det representative demokratiet. Innbyggjarmedverknad med god dialog gir betre forankra politikk blant innbyggjarane, noko som igjen styrkar tilliten til dei folkevalde og reduserer konfliktnivået. Kommunar med fleire moglegheiter for deltaking viser seg å ha innbyggjarar som i større grad føler seg høyrde av dei folkevalde, sjølv om dei ikkje nødvendigvis nyttar moglegheitene meir enn andre. Vidare får dei folkevalde eit betre avgjerdsgrunnlag, då fleire

fakta og perspektiv kjem på bordet gjennom opne prosessar med gode moglegheiter for deltaking. Slik kan utfalla verte både betre og meir hensiktsmessige enn utan medverknad.

I sum gjev medverknad læring for fleire sider i avgjerdsprosessar. Dei folkevalde lærer meir om ynske og behov blant innbyggjarar, og innbyggjarane lærer meir om prosessane og avvegningane som må gjerast før ein fattar vedtak. Slik kan gode dialogar mellom innbyggjarar og folkevalde bidra til betre gjensidig tillit og forståing (Klausen, et al., 2013, ss. 8, 9).

Blant dømer på vellukka medverknadstiltak viser ein til følgjande kriteriar:

*Informasjon:* At innbyggjarane får god informasjon. Å vite når og korleis ein kan delta er avgjerande for moglegheita til å delta.

*Tydelege og viktige spørsmål:* Dersom folk skal involvere seg bør sakene vere konkrete, og opplevast viktige for dei det gjeld. Det bør vere klare alternativ til løysingar, og deltakarane bør ha kjensla av at dette er noko som gjeld dei. Innbyggjarnære spørsmål engasjerer mest. Det kan vere nyttig å informere innbyggjarane om korleis saka påverkar dei, konsekvensar og kva som er løysingsalternativa.

*Føremål:* Innbyggjarane må vite kvifor deira stemme er viktig, kva innspela kan nyttast til og at forventingane er avstemte med kva status innspela har i avgjerdsprosessen.

*Målgrupper:* Dette kan vere ei utfordring, fordi målgrupper som famnar vidt ser ut til å engasjere lite. Om ein derimot definerer målgruppene snevert, vil dette kunne vere ekskluderande for andre målgrupper. Oftast er det dei ressurssterke vaksne som møter og engasjerer seg, og difor har både politikarar og administrativt tilsette eit ansvar knytt til å legge til rette for alle grupper i samfunnet, også dei unge.

*Nærheit:* Lokalitet for medverknadstiltaka er viktig. Å møte folk der dei er kan vere eit godt tiltak, til dømes møte på skulen for å nå ungdomane. Det kan òg vere nyttig å bruke sosiale media for å nå fleire.

*Tidleg medverknad:* Studien viser som fleire andre, at det er viktig at medverknaden skjer tidleg i prosessen, før rammene er sett. Slik er det lettare å ta stilling i ei sak, men det kan også vere ei ulempe, sidan innflytelsen i realiteten vert liten. Reell medverknad gir motivasjon.

*Institusjonalisert medverknad:* For å oppnå langvarig deltaking kan det verke motiverande å opprette meir formelle og institusjonaliserte fora for dette føremålet som ungdomsråd eller

lokalutval. Dette gjeld også dersom engasjementet i utgangspunktet berre var knytt til ei enkelt sak.

*Tilbakemelding:* Dei som kjem med innspel bør kunne følgje med i utviklinga i saka dei har engasjert seg i, og bør få vite i kva grad innspela har hatt innverknad på utfallet (Klausen, et al., 2013, ss. 8-13; Torfing & Sørensen, 2019)

### 3.6.1. Roger Harts medverknadsstige for born og unge

Sherry Arnstein sin deltakingsstige har i mange år stått som ein målestokk for grader av medverknad. Stigen delar ho inn i tre delar og åtte ulike trinn, og kan mellom anna nyttast til å skildre ulik grad av innbyggjardeltaking i lokalsamfunnsprosjekt.

Skalaen i hennar stige går i frå inga deltaking, som inneber tiltak som er konstruerte for å erstatte ekte deltaking på dei nedste nivåa, ulike grader av tokenisme, som inneber ulike former for symbolsk interaksjon med innbyggjarane på nivåa i midten, til borgarmakt på dei øvste nivåa, der innbyggjarane har moglegheit til å forhandle og delta i diskusjonar med makthavarane, t.d. gjennom deltaking i organ der borgarane er i fleirtal (Sandvik, 2020; Arnstein, 1969).

Tanken om at innbyggjarar skal ta del i avgjerder som påverkar dei kan sjåast som ein hjørnestein i eit demokrati, noko som gjeld alle i eit samfunn – også dei svakaste gruppene. Arnstein argumenterer for at ein må distribuere makta til dei gruppene i samfunnet som manglar den politiske eller økonomiske makta, slik at også dei kjem i posisjon til å kunne påverke utfallet av prosessar som også angår dei (Arnstein, 1969).

Roger Hart har utvikla ein medverknadsstige som bygg på same prinsippet som Sherry Arnstein sin stige, men som er tilpassa born og unge si deltaking. Denne studien omhandlar ungdomars deltaking i eit nærdemokratisk organ, og eg har difor valt å ta utgangspunkt i Harts stige, då den høver betre til dette føremålet og er meir anvendbar. Der Arnstein skildrar samspelet mellom innbyggjar og myndigheit, har Hart fokus på samspelet og maktrelasjonen mellom unge og vaksne deltakarar, og korleis unge si deltaking ofte er styrt av vaksne (Ågotnes, 2021; Nylander & Katanasho, 2019).


Dei 8 trinna bygg på kvarandre og rangerast på ein sala frå god til dårleg medverknad.

Hart peikar på fire kriteriar for at born og unge si deltaking skal vere reell.

Dei unge må:

- Ha oversikt over føremålet med prosjektet

- Vite kvifor og kven som har avgjort at dei skal delta
- Ha ei meiningsfylt rolle og reell moglegheit til å påverke (ikkje «dekorativ» rolle)
- Få delta frivillig og må ha forståing for kva deltakinga inneber (Hart, 1992; Nylander & Katanasho, 2019)



Figur 1: Roger Harts medverknadsstige (Hart, 1992)

Det nedste trinnet i Hart sin stige kallast *manipulering*.

Her er ungdomane med, men føremålet er ikkje avklara. Ofte vert slike prosessar framstilt som deltaking, men utan å reelt sett vere det. Dei unge vert involverte i tema dei ikkje har moglegheit til å ha innverknad på, dei får ikkje tilbakemelding på sitt arbeid og arbeidet er i stor grad vakseninitiert.

Det neste trinnet er *dekorasjon*.

Som det ligg i ordet dekorasjon er dei unge først og fremst berre til stades. Her har dei ikkje fått kome med innspel til tema som skal takast opp, og har heller ikkje ei rolle som deltakar i prosjekta.

Det tredje trinnet på stigen er *tokenisme*.

Her har dei unge tilsynelatande ei stemme gjennom at dei får ta del i samtalar eller debattar kring eit tema. Typisk vert den unge utpeika av vaksne som ventar at vedkomande skal representere ei større gruppe (unge), men utan å ha fått diskutere temaet med jamaldringar. Hart peikar på at dei unge i realiteten har avgrensa handlingsrom knytt til kva dei kan kommunisere, og at dei ikkje får moglegheita til å danne egne meiningar.

Trinn fire er *tildelt, men informert deltaking*.

Her er aktiviteten i stor grad styrt av vaksne, som også tildeler dei unge den rolla dei vaksne har bestemt at dei skal ha. Dei unge er innforstått med føremålet og kvifor dei har sin plass i prosjektet, og deltek frivillig med bakgrunn i føremål og forståing. Deltakinga har noko meir betyding enn å berre vere til stades.

Neste trinn er *konsultert og informert deltaking*.

Her har dei unge høg grad av sjølvstende, forstår prosessen og kan uttrykkje sine meiningar fritt i konsultasjon med vaksne. Dei vaksne styrer prosessane, men handsamar innspel frå dei unge med seriøsitet og gir gode tilbakemeldingar på bruken av innspela.

Trinn seks er *vakseninitierte felles avgjerder*.

Her tek vaksne og unge avgjerder i fellesskap, men aktiviteten er vakseninitiert. Dei unge forstår føremålet, har ei meningsfylt rolle, og tek del i prosessen frå start til slutt anten direkte eller gjennom grundig informasjon.

Nest høgste trinn er *styrt av born og unge*.

Aktiviteten skjer på dei unge sitt initiativ, medan dei vaksne står «på sidelinja» som tilretteleggjarar. Dei unge styrer prosjekta, alt ifrå planlegging og drift til avgjerdstaking.

På toppen av Harts stige finn ein *barneinitierte felles avgjerder*.

Dette er prosjekt der avgjerder takast i fellesskap mellom vaksne og born, men der dei unge er initiativtakarar. Dette trinnet, som dei andre, bygg på dei tidlegare trinna og dei unge har god informasjon om både rolle og føremål, dei forstår prosessane, er sjølvstendige og vert møtte med respekt. Rolla opplevast meningsfylt og dei unge er aktivt deltakande gjennom heile prosessen (Hart, 1992; Nylander & Katanasho, 2019; Ågotnes, 2021).

### 3.7. Motivasjon

Motivasjon kan definerast som biologiske, psykologiske og sosiale faktorar som til saman stimulerer til ulik grad av åtferd mot ei målsetting (Martinsen Ø. L., 2019, s. 350). Vanlegvis kan motivasjonsteori delast i følgjande delar; behovsteori, kognitivteori, sosiale teoriar og situasjonsteoriar. Den kognitive tilnærminga er sterkt prega av rasjonelle val, knytt til kva ein ventar av t.d. måloppnåing, eiga utvikling og løn. Under denne tematikken finn ein det som kallast kognitiv evalueringsteori, som vektlegg i kva grad ein finn verdi og motivasjon i sjølve oppgåvene (Kaufmann & Kaufmann, 2015, ss. 113,120). Ein av dei nyare teoriane knytt til dette tema er det Deci og Ryan som står bak. Dei deler motivasjon inn i to kategoriar – ytre og indre motivasjon. Tradisjonell belønning som lønn, bonus og forfremjing er ytre motivasjonsfaktorar (Holm, 2017), medan indre motivasjon, i sterk kontrast til den ytre, kjem innanfrå i individet. Indre motivasjon spring ut ifrå to grunnleggande behov – behovet for



kompetanseoppleving, og behovet for sjølvbestemmelse. Kompetanseoppleving omhandlar motivasjonen som ligg i å oppleve at ein meistrar ei oppgåve, medan sjølvbestemmelse omhandlar behovet for opplevinga av at ein sjølv rår over det ein gjer (Kaufmann & Kaufmann, 2015, ss. 129-130). Når aktøren er indre motivert vil det å utføre arbeidet i seg sjølv opplevast som ei belønning og gir glede, tilfredsheit eller interesse for handlinga. På same måten er det når aktøren opplever noko som viktig og engasjerande, og måten vi handlar på vil dermed samsvare med verdiane våre. Aktørar som opplever indre motivasjon vil både ha det betre med seg sjølv og prestere betre (Deci, 2012; Kaufmann & Kaufmann, 2015).

Martinsen refererer til ei bok av Daniel Pink som er basert på Deci og Ryan sitt tankegods som tok til orde for at menneske har ei naturleg ibuande drivkraft som ein må nytte seg av i forvaltninga av menneskelege ressursar. Drivkrafta, og hovudkomponentane i teorien til Deci og Ryan er knytt til menneske sine grunnleggande behov for å styre eigne liv (autonomi), behovet for å lære og å skape noko (meistring) og behovet for å kjenne tilhøyrse og å gjere verda til ein betre stad (føremål) (Martinsen Ø. L., 2019, ss. 377-378; Sandvik, 2020).

#### 3.7.1. Motivasjon for deltaking

Rolla som ungdom i kommunedelsutval er ei form for lokalpolitisk arbeid, noko som Brandtzæg m.fl. kategoriserer som frivillig arbeid. Teorien i det følgjande vil difor i stor grad vere knytt til motivasjon for deltaking i frivillig arbeid. Denne studien handlar om frivillig arbeid i ein demokratisk institusjon, altså kommunedelsutvala. Ungdomane har ei mindre godtgjersle for å vere med i kommunedelsutvala, men dette ser likevel ut til å ha liten innverknad på motivasjonen for å vere med for ungdomane. Dette vart ikkje seld inn som ein motivasjonsfaktor i rekrutteringsfasen, og at fleire ungdomar nemner at dette ikkje var noko dei var klar over før dei var i gang med arbeidet.

Det vil altså vere nyttig å sjå på forskning knytt motivasjon for deltaking i frivillig arbeid. Wollebæk, Sætrang og Fladmoe gjorde i 2015 ein analyse av føresetnader for frivillig innsats, og fann at det er vanskeleg å finne ein universell årsak til at nokon engasjerer seg i frivillig arbeid og andre ikkje. Der finnast likevel nokre punkt som ser ut til å ha innverknad på slik deltaking:

I litteraturen om frivillig arbeid tek mellom anna Musick & Wilson opp at det kan vere ein føresetnad at ein vert spurd om å delta i frivillig arbeid (Musick & Wilson, 2007). I alle tilfelle aukar det sjansen for å delta om ein vert spurd. Musick & Wilson påpeikar at

Sitat: «*Even highly motivated people are unlikely to volunteer unless they are asked, and people with little motivation to volunteer might agree to do so if they are constantly badgered by friends to give some of their time*» (Musick & Wilson, 2007).

Ei barriere for å delta i kommunedelsutvala kan vere at ordninga er ny og at det er uklarheit knytt til kva rolla inneber. Ein personleg invitasjon vil ifølgje Musick & Wilson både redusere kjensla av sosial usikkerheit og manglande kompetanse på området. I tillegg vil det vere smigrande å verte spurt om å stille til val i ei slik rolle, noko som i seg sjølv vil kunne ha positiv innverknad på motivasjonen. Kjem førespurnaden i tillegg frå nokon ein kjenner eller veit kven er, vil også det påverke sjansen for at ein deltek. Dette har samband med at ein har ein tendens til å bry seg om kva folk ein kjenner synest om ein, og dei har dermed innverknad både på viljen til å delta, innsatsen ein legg ned og forpliktinga til vervet generelt (Wollebæk, Sætrang, & Fladmoe, 2015; Musick & Wilson, 2007). På same tid kan ein tenkje seg at det å verte vald inn i noko, utan at motivasjonen kjem innanfrå og at interessa for sjølve arbeidet ligg til grunn kan påverke det langsiktige engasjementet. Wollebæk og Sivesind viser til to hovudgrunngevingar for deltaking i frivillig arbeid i sin rapport; det å føle seg viktig og det å skaffe seg ei erfaring som tek seg godt ut på CV 'en. Det er altså ikkje nødvendigvis arbeidet i seg sjølv som motiverer mest, men biproduktet av engasjementet som i dette tilfellet omhandlar ein individuell gevinst som ressursar, kompetanse og ei styrkt sjølvkjensle (Wollebæk & Sivesind, 2010, s. 89).

Ein forskingsrapport frå 2017 viser at også foreldre har betydeleg innverknad på i kva grad ungdomar engasjerer seg politisk. Grad av «samfunnsretta familiekultur», som tyder i kva grad ein diskuterer samfunns- og politiske spørsmål i familien har stor betydning. Dei som diskuterer slike spørsmål nesten dagleg med sine foreldre har ifølgje rapporten tre gongar så stor sjanse for å delta i politisk aktivitet samanlikna med dei som ikkje gjer det. Vidare har born av organisasjonsaktive foreldre større sjansar for å engasjere seg politisk. Primærsosialiseringa som skjer i familien ser altså ut til å ha stor innverknad på i kva grad ungdomane engasjerer seg (Ødegård & Fladmoe, 2017). I dette ligg det implisitt at foreldre si deltaking og engasjement truleg «smittar» frå foreldra til ungdomane, og tyder at barn av politisk engasjerte foreldre har større motivasjon for å delta i demokratiske organ, som til dømes eit kommunedelsutval, enn dei som ikkje har politisk engasjerte foreldre.

Det er altså truleg fleire faktorar som har innverknad på motivasjonen til ungdomar som er kandidatar for, er eller har vore engasjerte i kommunedelsutvala. I tillegg til punkta nemnt ovanfor vil truleg strukturelle trekk, som organisering, oppgåver og gruppesamansetting

påverke om ungdomane vil fortsette eller ei. Vidare kan også sosialdemografiske trekk, som alder, kjønn, bakgrunn og livssituasjon kunne påverke vurderingane kvart enkelt medlem gjer og motivasjonen og interessa vedkomande har for å stille til val eller attval til eit slikt verv. Det vil altså vere ei individuell vurdering av kost/nytte som avgjer om medlemmane er motiverte for å ta del i kommunedelsutvala, alt etter kva forhold som for vedkomande verkar relevante (Wollebæk, Sætrang, & Fladmoe, 2015, ss. 36-37).

### 3.8. Utviding av kunnskapsfeltet – kva vil denne studien tilføre?

Etter Kommunereforma i 2020 vart 119 kommunar til 47 nye, og mange små kommunar vart færre og større kommunar (KMD, 2019). Ifølgje organisasjonsdatabasen til KMD er det i dag berre 13 av dei samanslåtte kommunane som har valt å opprette kommunedelsutval, og er dermed relativt uvanleg i norsk samanheng og er lite forska på. Endå mindre er ungdomars deltaking i slike utval undersøkt (Jones, Ryssevick, Kristoffersen, & Misje, 2021).

Mellom argumenta *for* kommunesamanslåing stod særleg det at kommunane måtte verte meir robuste einingar sentralt. På motsett side var nærleik og tilhøyrse viktige argument.

Kommunane, som det næraste forvaltningsnivået, har stor innverknad på tilliten og støtta til lokaldemokratiet blant befolkninga. Kommunesamanslåingar kan utfordre både kommunen og innbyggjarane, og krev fokus på nettopp dette. I slike prosessar kan innbyggjarar oppleve at avstanden mellom folket og avgjerdsmyndene i kommunen aukar, og nettopp difor kan slike nærdemokratiske ordningar gi dei perifere områda i kommunen ein organisert kanal inn mot kommunen si politiske leiing.

Denne studien vil tilføre nyttig kunnskap om ei nærdemokratisk ordning som i norsk samanheng er ny, men høgst samfunnsaktuell. Mange studiar har fokus på kvifor medverknad frå unge er viktig. Denne skal i tillegg seie noko om korleis ein kan sikre meiningsfylt medverknad frå dei unge. Gjennom intervju med ungdomar som snart er ferdig med si periode på 2 år i kommunedelsutval skal ein skildre erfaringane dei har gjort seg knytt til si rolle, og ut ifrå det peike på kva som kan vere viktige faktorar for at ungdomar skal oppleve sitt bidrag som meiningsfylt og i lenginga av det vere ein del av eit levande lokaldemokrati.

Det teoretiske rammeverket i denne studien består av ein kombinasjon av relevant tidlegare forskning og teoriar knytte til (nær)demokratiske perspektiv og kriteriar for dei, kriteriar for medverknad frå unge deltakarar og faktorar som kan påverke motivasjonen for slik deltaking. Oppsummert viser teorikapittelet at også barn og unge har rett til å verte høyrde, men at det ikkje er nok å berre la ungdomane ta del i eit nærdemokratisk organ. Ein må også vere bevisst på korleis medverknad sikrast å vere reell, noko som krev kompetanse om medverknad og

utfordringane ein kan møte som ung i møte med dei vaksne. Under dette tema kan det vere mange fallgruver som ein går vidare inn på i drøftinga.

#### 4. METODE

##### 4.1. Innleiing

Denne delen av oppgåva gjer greie for design, føremål og metodiske val i prosjektet. Vala som er gjort er basert på vurderingar knytt til kva for metode som i størst grad er eigna for å svare på problemstillinga og forskingsspørsmåla. Det vil også verte skildra utfordringar ved val av design og metode i denne delen.

Vidare vert analysestrategiar og prosessen knytt til dette skildra, og vidare vil reliabilitet og validitet verte belyst mot slutten av kapittelet, saman med etiske vurderingar knytt til forskinga.

##### 4.2. Forskingsdesign, føremål og forforståing

Forskingsdesign handlar om ein måte å bygge opp oppgåva på, der dei ulike delane utfyller kvarandre og har ein raud tråd, som til slutt gir svar på dei spørsmåla ein har stilt.


Dette prosjektet kan seiast å ha eit teoretisk tolkande føremål. Eg vil nytte teoriar og omgrep knytte til demokrati, medverknad og motivasjon for deltaking for å analysere og sette ordninga med kommunedelsutval inn i ein kontekst (Bukve, 2021, ss. 84,85).

Spørsmåla som er stilt i problemstilling og forskingsspørsmål gjer det klart at ein er ute etter å forstå erfaringane ungdomane har som medlemmar i kommunedelsutval. For å kunne svare på spørsmåla er det naturleg å velje kvalitativ metode og semistrukturerte intervju. Informantane er ungdomar som i desse dagar, våren 2022, er ferdige med si 2-års periode i kommunedelsutval, og som dermed har djupnekunnskap og erfaringar som ein best kan få tak i gjennom slike intervju. Kvalitativ metode eignar seg til å fortelje noko om delar av røynda, utan å konkludere. Den sosiale røynda er svært samansett, noko som gjer at ein aldri vil kunne gi ein endeleg fasit. Dette handlar ifølgje Denscombe både om kompleksiteten i røynda og det at menneske sine handlingar er uføreseielege (Denscombe, 2010).

Studien tek vidare utgangspunkt i ei hermeneutisk forskingstilnærming, og har som mål å forstå og å få innsikt i ungdomane sine perspektiv på kommunedelsutvala som nærdemokratisk organ gjennom ungdomane sine eigne skildringar.

Kunnskapen ein kjem fram til i forskinga vil kunne vere påverka av den subjektive

forforståinga, noko som kan svekke reliabiliteten i forskinga. Hermeneutikken har som mål å forstå perspektivet til informantane i studien, og tolkinga av materialet mot konteksten det skjer i er godt skildra i den hermeneutiske spiral:



Figur 2: «Den hermeneutiske spiral» (Bukve, 2021, s. 74).

Denne modellen vil kunne vere eit godt hjelpemiddel i tolkinga av data opp mot valt teori, og vil kunne gjere det lettare å unngå å oversjå detaljar i innhaldet som ikkje samsvarer med eiga forforståing.

Konstruktivismen tek utgangspunkt i at sanninga ligg i kvar enkelt si subjektive oppleving, altså er verda forstått slik vi oppfattar den. Vår kunnskap *er* verda, meir enn at det er ei attforteljing av den. Forforståinga utgjer eit sett briller eller eit «filter» som forskaren ser materialet igjennom. Erfaringar frå eige liv, tida vi lev i og samfunnet rundt oss er med på å danne dette filteret eller brillene som vi ser verda igjennom (Bukve, 2021). I alle studiar er det viktig å klargjere forforståinga til forskaren, som i dette tilfellet er knytt til tidlegare studiar og forventningar om funn knytt til ungdomsmedverknad som ikkje er godt nok tilpassa føresetnadane til ungdomane.

Med teoretisk tolkande føremål kan ein lett la seg styre av dei «teoretiske brillene» i for stor grad, noko som kan føre til at ein missar delar av innhaldet i studien som ikkje samsvarer med teorien. Ei hermeneutisk tilnærming vil kunne bidra til å redusere sjansen som dette som

nemnt ovanfor, gjennom å nyansere teoretisk forforståing. Dette er også teke omsyn til gjennom analysestrategien som vert skildra seinare i kapittelet.

#### 4.3. Metodeval

Denne studien er som tidlegare nemnt basert på kvalitative forskingsintervju (Denscombe, 2010; Kvale & Brinkmann, 2019). Metoden vart vurdert som mest hensiktsmessig med omsyn til at ein ynskte djupneforståing for ungdomane sine erfaringar i dei ulike kommunedelsutvala.

Kvale og Brinkmann argumenterer for at ein bør finne ein mellomposisjon mellom positivistiske og den konstruktivistiske perspektiv når ein vel kvalitative intervju som metode. I det positivistiske kan ein sjå intervjuaren som ein «gruvearbeidar» som hakkar ut det ein vil ha med seg, og analyserer stoffet i etterkant. I det konstruktivistiske perspektivet kan ein snakke om kunnskapsproduksjon, der intervjuaren er ute etter erfaringar og opplevingar. Dei data som kjem fram i intervjusituasjonen er sett som kontekstbundne, og skal tolkast deretter. Intervjuaren tek rolla som «den reisande», og kan gjennom si rolle i intervju seiest å vere med på å generere data – ein driv ikkje berre rein datainnhenting.

Semistrukturerte intervju kan plasserast mellom desse to perspektiva – noko som gir rom for ei opa tilnærming til tematikken. Fleksibiliteten denne forma gir skaper rom for å gjere vurderingar og tilpassingar undervegs i intervju, som t.d. å endre rekkefølga i spørsmåla, og følgje det informantten formidlar på ein naturleg måte. Informantane var også venta å ha ulike erfaringar knytt til si deltaking i kommunedelsutvala, og semistrukturerte intervju var difor vurdert til å vere ein eigna metode som tek omsyn til denne variasjonen.

Dersom informantten kjem inn på noko som intervjuar ikkje har med i guiden, gir ei semistrukturert form moglegheita til å følgje opp dette vidare, dersom det er vurdert til å vere relevant for studien. På same tid vil ein kunne nytte spørsmåla til å halde strukturen og samtalen innanfor dei tema som er definerte på førehand og er relevante for studien, og oppretthalde det nødvendige forholdet mellom intervjuar og informant – og ikkje to personar som berre har ein tilfeldig samtale (Kvale & Brinkmann, 2019, ss. 162,163).

Kvale og Brinkmann viser til at intervju som vert for like dagleglivets samtalar kan vere ei utfordring. I dette tilfellet vart det vektlagt å gjere intervju så uformelle som ein kan tillate seg innanfor fornuftige rammer. Dette vart gjort for å ufarleggjere intervjusituasjonen for ungdomane, få dei til å seinke skuldrane og fortelje fritt om sine opplevingar. Balansen vart

oppretheldt gjennom at ein innimellom periodar med frie samtalar og forteljingar rundt enkelttema presiserte at ein no skal over på neste tema og fylde intervjuguiden vidare.

Ei mogleg svakheit knytt til semistrukturerte intervju er at dei ungdomane som er meir taleføre enn andre vil kunne formidle sine erfaringar og perspektiv i større grad enn dei som ikkje er det. Dette, og til dømes kjemien mellom intervjuar og informant vil kunne påverke situasjonen og det ein får fram, og er noko ein som forskar må ta omsyn til å både gjennomføringa og i prosessen med analyse for å ta i vare reliabiliteten i prosjektet.

#### 4.4. Utval

For å kunne svare på problemstillinga treng ein å rekruttere respondentar frå kommunedelsutvala til å delta i prosjektet. I første fase i utvalsprosessen skaffa eg meg oversikt over alle eg kunne tenkje meg å intervju, dersom eg hadde uavgrensa med tid til rådighet, altså den teoretiske populasjonen eg er interessert i. Prosjektleiari i forskingsprosjektet tok kontakt med Ålesund kommune som sende over lister med namn og kontaktinfo til alle ungdomane som hadde vore medlemmar eller vara i kommunedelsutvala dei siste to åra. Dette utgjorde i mitt tilfelle heile den teoretiske populasjonen, og var svært tidssparande.

Når denne lista låg føre, kunne eg spesifisere kva for trekk respondentane burde ha for å delta i undersøkinga. For å ta i vare variasjonen ynskte eg å finne ungdomar frå ulike kommunedelar, slik at ein får ulike perspektiv. Det var venta å vere noko variasjon i opplevinga frå informant til informant, men også at kulturen og gruppesamansettingane i dei ulike kommunedelsutvala ville ha innverknad på opplevinga til ungdomane. Vidare var det ynskjeleg med ei nokon lunde jamn fordeling mellom jenter og gutar, og at respondentane var aktive medlemmar og ikkje vara. Her gjekk eg igjennom alle møteprotokollane til dei ulike kommunedelsutvala og laga meg ei oversikt over kor mange møte ungdomane hadde vore med på, samt kor mange av møta som var gjennomført fysisk og kor mange møter som var digitale.

Utvala var altså i dette prosjektet gjort med bakgrunn i breidde og variasjon innan den teoretiske populasjonen, og informasjon. At utvalet er gjort med bakgrunn i informasjon, handlar om at respondentane er valde som følgje av ei forventning om at dei har relevant erfaring og kunnskap (Jacobsen, 2015, ss. 178-183).

Etter å ha gjort dette førebelse utvalet skisserte eg eit forslag til e-post og ei tekstmelding som eg sende ut til alle 14 informantane som hadde vore medlem i kommunedelsutvala, unnateke

eitt medlem som eg kunne lese av møteprotokollane ikkje hadde vore til stades på nokon av møta. Sidan eg hadde både telefonnummer og e-post tilgjengeleg så sende eg ein SMS på same tid som e-posten for å gjere ungdomane merksame på at eg hadde sendt dei ein e-post.

Innan nokre dagar fekk eg positivt svar frå 3 informantar. Etter ei veke sende eg påminning på tekstmelding til dei som ikkje hadde svara, og då fekk eg eitt nytt positivt svar og eitt avslag. Etter endå ei veke vurderte eg det til at det kunne vere greitt å få snakka med ungdomane på telefon, både for å ufarleggjere det å stille til intervju og forsikre dei om at det ikkje er vanskelege spørsmål ein skal stille – det er berre deira erfaring, god eller dårleg, eg vil høyre om. To potensielle informantar svara ikkje på telefon, og ein annan hadde eg fått feil nummer til. Dei seks siste i utvalet ringde eg til. Dette opplevde dei fleste ungdomane som positivt, og etter nokre spørsmål var dei fleste innstilte på å stille til intervju. To av informantane kunne ikkje/var ikkje aktuelle, men dei fire siste ville stille til intervju.

På dette tidspunktet hadde eg 8 informantar, noko som er innanfor det eg håpte å få, men det ville likevel vere ein fordel å ha fleire. Då gjekk eg igjennom møteprotokollane igjen og fann dei ungdomane som var varamedlemmar som hadde delteke på møta. Her fekk eg informant nr 9, og med det den siste informanten i denne studien. Totalt hadde eg no informantar ifrå 8 av 11 kommunedelsutval.

#### 4.5. Utforming av intervjuguide

I ei tidleg fase i prosjektet starta eg med utforming av intervjuguide til dei individuelle intervjua. Målet med intervjua var å utforske ungdomane si oppleving av og erfaring med deltaking i lokalpolitikken, og kva for tankar dei har om denne måten å ivareta nærdemokratiet og ungdomars engasjement på, i tillegg til korleis kommunedelsutvala gjennom sitt arbeid kan bidra til å skape eit aktivt lokaldemokrati. Eg valde å lage ein nokså open intervjuguide med spørsmål knytte til nokre tema som eg ynskjer å belyse, i staden for å nytte lukka spørsmål i bestemte rekkefølger. Tema er sett opp i ei foreslått rekkefølge, med spørsmål og underspørsmål knytte til teori og litteratur, som kan bidra til å få samtalen i gong dersom det stoppar litt opp.

På same tid er ikkje struktureringa i intervju enten eller, men ein skala av ulik strukturingsgrad som kan tilpassast situasjonen. Eg ynskjer altså å legge meg på ei open, semistrukturert intervjuform. Vidare ville eg nytte ein intervjumetode som gjorde at ungdomane fekk snakke mest mogleg fritt. Fleksibiliteten som dei semistrukturerte intervju gir, opnar også for å gjere metodologiske vurderingar undervegs i situasjonen. Vidare eignar



slike opne individuelle intervju seg godt når ein er ute etter å forstå korleis enkeltindivid opplev bestemte situasjonar eller fenomen (Jacobsen, 2015, ss. 146-151).

Ein fordel kan vere at ein i større grad kan la ungdomane styre samtalen, slik at ein kan dreie inn på tema som informantane sjølv synest er viktig for sitt engasjement (Halvorsen, 2016, ss. 137-138). Når ein intervjuar born eller unge må ein også vere bevisst på språket i intervjuguiden. Det kan tenkjast at enkelte ord og uttrykk knytt til politikk og demokrati er ord som informantane ikkje nødvendigvis kjenner til eller nyttar (Kvale & Brinkmann, 2019, ss. 174-175). Etter at søknaden til NSD var innsendt og intervjuguiden var tilnærma ferdig, ville eg gjennomføre eit pilotintervju med ein ungdom som er litt eldre enn dei eg skulle intervju, men som hadde erfaring frå eitt kommunedelsutval. Eit pilotintervju ville gi meg moglegheita til å sjekke om intervjuguiden fungerte som eg ynskte og ville kunne avdekke eventuelle behov for endringar (Halvorsen, 2016, s. 147). Dette kunne altså gi meg ein indikator på om spørsmåla passa til føremålet, og om eg hadde valt ein innfallsvinkel som ville gi data som eg ynskte. Diverre viste det seg å vere vanskeleg å få til dette, på trass av gjentakande forsøk på å kome i kontakt med vedkomande.

#### 4.6. Datainnsamling

Etter å ha teke kontakt med ungdomane både på e-post, tekstmelding og per telefon fekk eg 9 informantar som ville delta i studien. Intervjua vart gjennomførte digitalt via Teams. Dette vart gjort både grunna restriksjonar i samband med koronapandemien, og at dette gjorde intervjua praktisk enklare å gjennomføre.

I starten av alle intervjua brukte vi litt tid på å snakke om «laust og fast», mest for å bryte isen og gjere ungdomane trygge i situasjonen. Før intervjua starta informerte eg om kven eg er og kva som er føremålet med undersøkinga, at den er ein del av masteroppgåva som er tilknytt eit forskingsprosjekt og vidare om lydopptak og reglane for samtykke (sjå vedlegg 2). Samtalane før sjølve intervjua varte i om lag 10-15 minutt, og var ikkje ein del av opptaka. Når opptaket vart starta informerte eg ungdomane om det på ein tydeleg måte. Ungdomane ga sine samtykke munnleg i starten av opptaket.

Dei fleste av dei 9 informantane er studentar eller skuleelevar, og mange ga uttrykk for at det passa best å gjennomføre intervjua i vinterferien. Alle intervjua så nær som eitt vart gjennomførte denne veka. Det siste vart gjennomført måndagen etter. Enkelte dagar vart det gjennomført fleire intervju på same dag.

Intervjua varte mellom 35 og 70 minutt, og lydopptak vart gjort både i Diktafon-appen og i Teams. Eg nytta same intervjuguide i alle intervjua. I nokre av intervjua var det behov for konkretisering eller dømer. Dette er skrive inn i grått og kursiv under dei spørsmåla det var aktuelt i intervjuguiden.

Spørsmåla i intervjuguiden var utforma på ein måte som var meint å invitere til å fortelje om opplevingar ungdomane har hatt i kommunedelsutvala. Nokre av informantane svara kort på spørsmåla og venta på oppfølgingsspørsmål eller neste, medan andre fortalde friare om opplevingar og på same tid svara på fleire av spørsmåla i intervjuguiden. I dei tilfella sistnemnde skjedde let eg informanten fortelje, og stilte heller oppfølgingsspørsmål som var knytte til dei tema eg hadde definert i guiden og som var relevante, sjølv om dei ikkje var formulerte på same måten i intervjuguiden. På slutten av kvart intervju prøvde eg å gå igjennom intervjuguiden for å vere sikker på at vi hadde vore innom alle tema. Der det var noko som var uklart stilte eg spørsmål her.

Etter å ha gjennomført dei tre første intervjua såg eg behov for ei meir overordna avslutting, då fleire av informantane hadde litt sprikande erfaringar og svar ut ifrå mine spørsmål. Opplevinga av å vere medlem i kommunedelsutvala kunne vere litt «både òg». Difor tilførte eg to ekstra spørsmål til dei påfølgande intervjua. Desse spørsmåla omhandla kva ungdomen ville ha svara, dersom nokon spurte dei (på det tidspunktet intervjua var gjennomført) om korleis det er å vere medlem i kommunedelsutvala, og deretter, kva som gjer at denne opplevinga er slik (positiv, negativ eller anna). Dette kan utgjere ein metodisk styrke, der ungdomen tek eit slags meta-perspektiv og fortel på ein konkret men overordna måte kva dei sjølve opplev som faktorar som bygg under trivsel eller mistrivsel gjennom deltaking i ei slik ordning.

Alle intervjua vart transkriberte i etterkant av intervjua, og vil skildrast nærare i neste underkapittel.

#### 4.7. Analysar

Analysestrategien er samanhengen mellom spørsmåla ein stiller og strategien ein vel for å kunne svare på dei. I mitt tilfelle skal eg sjå på informantane på tvers – eg skal sjå korleis ungdomar generelt opplever si rolle i kommunedelsutval.

Eg valde å nytte temasentrert analyse, ein metode som kan skildrast som å gå i sikksakk mellom induktiv og deduktiv metode. Til analysen henta eg mykje inspirasjon frå Braun & Clarke sin kodingsmetode og Aksel Tjora sin SDI-analyse (Braun & Clarke, 2017; Tjora,

2018). Bakgrunnen for valet var at eg ynskte å vere mest mogleg open for å finne ting som eg ikkje venta å finne, då ungdomars deltaking i nærdemokratiske organ er lite forska på.

Den første fasen startar i følgje Braun & Clarke allereie i transkriberingsprosessen, når ein les datamaterialet og når ein noterer idear. Transkriberinga vart gjort etter eg var ferdig med alle intervju. Som ei ekstra forsikring for at eg fekk med meg alle nyansane i det informantane fortalde og for å redusere risikoen for teknisk svikt valde eg å både ta opp lyden på Diktafon-appen og å ta opp film med lyd direkte i Teams.

Eg valde å ha fokus på meiningsinnhald når eg transkriberte. Det vil seie at eg skreiv ned ordrett det ungdomane fortalde, men eg har ikkje teke med nølingar, stillheit og «tenkjelydar» og liknande alle stader. Kvale og Brinkmann skildrar desse detaljane som dynamikken i eit intervju som gir oss moglegheit til å sjå dei finare nyansane i intervju (Kvale & Brinkmann, 2019, s. 209). Eg tok difor det med enkelte stader der eg tolka dette som ein del av forteljinga og nyansane i det ungdomane sa, men framleis ikkje i ein veldig detaljrik form.

For å luke ut eventuelle feil i transkripsjonane og dermed auke validiteten, gjekk eg til slutt igjennom transkriberingane medan eg høyrde på intervju igjen. Det det var vanskeleg å oppfatte kva informanten sa gjekk eg inn i den andre lyd kjelda (Teams eller Diktafon-appen) for å dobbelsjekke at det eg noterte stemde også her.

Ein startar kodinga når ein har gjort seg tilstrekkeleg kjend med materialet og laga seg ei liste over tema som ein synest er interessant ved dei. Kodinga er altså ein prosess som er systematisk, og skal skilje mellom såkalla semantiske kodar, det som ligg heilt «oppe i dagen», og latente kodar, altså dei implisitte meiningane som ligg i utsegna frå informantane (Braun & Clarke, 2017).

Eg vel å skildre heile analyseprosessen som ein samanhengande prosess i dei komande avsnitta, sjølv om at Braun & Clarke skil dette i ulike fasar. Prosessen eg skildrar er noko komprimert, og ikkje så lineær som den kan sjå ut til i mi skildring.

Når eg var ferdig med transkriberinga las eg over eitt og eitt intervju, og gav dei ulike informantane fargar, altså markerte eg svara til informanten i ein bestemt, unik farge. I tillegg sette eg opp eit skjema som sa noko om bakgrunnen og erfaringa til kvar informant; t.d. at raud informant var tilknytt eit kommunedelsutval i sentrale delar av Ålesund, hadde erfaring frå ungdomsrådet og vart rekruttert av mor. Gjennom å gi alle intervju fargar hadde eg

dermed moglegheita til å sjå svara vedkomande gav seinare i intervjuet opp imot bakgrunn og erfaring.

Alle intervjuar vart skrivne ut før eg starta på analysen med om lag ein tredel av datamaterialet. Eg markerte og klipte ut sitat eg meinte var sentrale, definerte ulike kodar og laga veggaviser for å halde oversikt. Etter kvart som eg analyserte meir av materialet fekk eg svært mange kodar, og opplevde det som uoversiktleg. Kodane og sitata vart etter kvart forsøkt samla i tema slik at ein kunne begynne å sjå etter mønster i materialet.

Noko eg opplevde som utfordrande med denne metoden var at det var lett å kvantifisere, altså vektlegge det som fleire hadde sagt det same om, meir enn ein skal gjere i eit kvalitativt opplegg. Dette var eg etter kvart svært bevisst på å unngå, så det vart ikkje noko problem å unngå dette etter kvart.

Som nemnt opplevde eg i denne fasen materialet som uoversiktleg. Talet sitat, kodar og tema vart stort og eg såg at analysen til på dette tidspunktet hadde ein litt dårleg struktur. I frykt for å misse noko av innhaldet eller å oversjå viktige detaljar valde eg å starte på nytt, med ny strategi.

Denne gongen ville gjere ei meir empirinær koding, der eg var endå meir open for andre/uventa funn i analysane enn det eg hadde vore i den første analysen. I mitt forskingsarbeid var eg ute etter skildringar i intervjuar som gav meg innsikt i opplevingar og grunngevinga for opplevinga. Eg las igjennom eitt og eitt intervju for å kome endå nærare materialet, og noterte ned nokre punkt for kvart intervju (som seinare vart kodar) etter kvart som eg las. For kvar del eg las stilte eg meg sjølv spørsmålet; kva er det ungdomen eigentleg fortel her? Eg prøvde å seie litt både om det overordna inntrykket i kvart enkelt intervju og litt om den subjektive og konkrete opplevingar som informanten skildra. Sjølv om dette ikkje kan sjåast som ein rein induktiv metode sidan materialet allereie til dels er kopla til teorien, så er framgangsmåten likevel i tråd med prinsippa i empirinær koding (Tjora, 2018, ss. 36, 39, 49).

Etter kvart la eg stikkorda inn i eit eige Word-dokument, og prøvde å samle kodane på ein måte som gjorde det lettare å strukturere kodane og tema opp imot kvarandre, tematisere materialet og sjå samanhengar lettare.

Neste steg var å samle sitat som støtta kodane. Igjen brukte eg fargane eg hadde gitt informantane i transkriberinga som hjelpemiddel for å finne att sitata som var bakgrunnen for koden/stikkorda. Der eg var usikker på konteksten i sitatet gjekk eg tilbake i transkripsjonane og las. Parallelt og kontinuerleg vart kodane revurderte i denne delen av prosessen, gjennom å

stille meg sjølv spørsmål; Stemmer koden? Kan den delast opp i fleire kodar? Kan noko slåast saman? Kan ein gi delar av materialet nye kodar? Etter kvart sat eg att med eit stort Word-dokument med mange ulike kodar og sitat frå alle informantane. Eg skreiv ut alt og hengde igjen alt opp på veggen for å få oversikt.

Når prosessen går frå koding til tematisering vert den meir teoristyrtd. Vekslinga mellom induktiv framgangsmåte i kodinga, til deduktiv framgangsmåte i tematiseringa som skal kople empirien mot dei valde teoriane kan også kallast abduktiv framgangsmåte. Dette er meir likt Aksel Tjora sin SDI-metode, eller stegvis deduktiv-induktiv metode (Tjora, 2018, ss. 16-17).

I prosessen med å finne tema vart det mange rundar fram og tilbake. Fleire gonger prøvde eg meg på tema som måtte forkastast, som trengde meir underbygging frå datamaterialet og som måtte hentast heilt tilbake i dei delane av intervjuet eg ikkje hadde henta sitat. I denne fasen nytta eg dei valde teoriane meir aktivt, og såg også at noko av teoriane eg hadde valt kom litt på sida og måtte ut av studien. Der eg kunne finne sitat som underbygde teoriar om demokrati, medverknad og motivasjon så merka eg det i sitata. Det vart flytta rundt på mange sitat og kodar både denne dagen og i dagane som kom, før eg til slutt kom fram til nokre overordna tema eg var fornøgd med. For meg var dette ei fase der brikkene falt litt på plass, det tema og teorien vart lettare å kople saman med problemstilling og forskings spørsmål.

#### 4.8. Studiens truverd

Det kan vere krevjande å vurdere sitt eige arbeid utanfrå. For å kunne vurdere kvaliteten på studien må ein forsøke å sjå på det med nytt blikk, for å leite etter ting som ein kanskje overser når ein sit fordjupa i stoffet aleine. Det kan vere ei utfordring å forklare og uttrykke seg kring tema som for ein sjølv er sjølvsgde gjennom kunnskapen ein har tileigna seg gjennom studiane. Her har det vore avgjerande at rettleiar har vore «på ballen» og lest oppdaterte utkast etter kvart som desse har vorte oversendte. Slik kan ein lettare avdekke uklarheiter i oppgåva. I metodekapittelet har eg forsøkt å skildre prosessen i arbeidet så grundig som råd, slik at lesaren kan lese vurderingane eg har gjort undervegs i prosessen.

##### 4.8.1. Reliabilitet

Reliabilitet omhandlar truverdigheita i studien, og kor pålitelege resultata i oppgåva er. Sagt på ein annan måte tyder høg reliabilitet at ein annan forskar ville ha kome fram til det same resultatet gjennom ein lik studie med dei same metodane og dei same informantane (Bukve, 2021, s. 104).

Doble lydopptak vil kunne bidra til å styrke reliabiliteten, då eg hadde høve til å kvalitetssikre transkripsjonane der lydopptaka frå den eine kjelda var dårlege eller uklare. At transkripsjonane er så nøyaktige som råd er viktige med omsyn til reliabilitet.

Det kan vere mange kjelder til feil i transkripsjonsprosessen. Som tidlegare nemnt har eg valt å ha fokus på meiningsinnhald i transkripsjonane, noko som nødvendigvis inneber å utelate enkelte tenkjepausar og -lydar, latter eller nøling. Dei stadane dette var vurdert som ein viktig del av svaret, vart dette teke med i transkripsjonen. Her er det viktig å ha eit bevisst forhold til kva som er hensikta med transkripsjonane (Kvale & Brinkmann, 2019, ss. 211, 212).

Etter at intervjuet var transkriberte høyrde eg igjennom det same intervjuet i den andre lyd kjelda. Der eg såg at transkripsjonen allereie inneheldt ei tolking av det ungdomen hadde fortalt, gjekk eg inn og endra dette. Sjølv om eg hadde fokus på meiningsinnhaldet, vurderte eg det som viktig å halde på det ungdommelege språket i transkripsjonane, då eg raskt såg at også det var ein viktig del av kommunikasjonen.

Etter eg hadde gått igjennom begge lyd kjeldene og tilført ord eller andre ting som mangla og gjort tydeleg ord eller setningar som vart vektlagde, sa eg meg fornøgd med kvalitetssikringa av transkripsjonane. Det alltid vere ting som ikkje kjem med når ein skriftleggjer intervju, som til dømes stemmeleie, feil deling av setningar, eller at ufullstendige setningar vert utelatne. Likevel vil eg totalt sett vurdere reliabiliteten i denne studien som god.

#### 4.8.2. Validitet

Ein kvar forskar må ha fokus på god kvalitet gjennom heile prosessen. Dette handlar om kor nøyaktig ein er i innsamling av data og analyseprosessen, og om data som er innsamla og metodane er brukte er pålitelege (Denscombe, 2010).

Bukve peikar mellom anna på at ein skal vurdere om ein faktisk studerer det ein har tenkt å studere. Dette kan til dømes vere knytt til det å få god samanheng mellom intervjuguide og forskingsspørsmåla (Bukve, 2021).

For å kome på sporet av om ungdomane opplev ordninga med kommunedelsutval som eit bidrag til eit aktivt lokaldemokrati forsøkte eg å bryte ned dette til konkrete tema som skulle speglast i forskingsspørsmåla, og vidare operasjonaliserast i intervjuguiden. Det eg ville innom i intervjuguiden var bakgrunn, erfaring, vurdering og framtid. Undertema, som la tydelege føringar for forskingsspørsmåla vart definerte som korleis ungdomane opplev ordninga, erfaringar med ungdomane si samfunnsrolle, tilhøve som påverka opplevinga og styrkar og svakheiter ved ordninga, i tillegg til ein innleiande del knytt til vegen inn i

kommunedelsutvala. Tema og undertema har vore nytta som ein struktur gjennom heile forskingsprosessen, og er nytta som struktur i både empiri-, drøfting- og avsluttingsdel.

Det er viktig at spørsmåla i intervjuguiden står i stil til forskingsspørsmåla. Det er også særleg viktig når informantane er unge at spørsmåla er formulerte og skrivne på eit enkelt og forståeleg språk. Den semi-strukturerte intervjumetoden opnar for at ein kan justere og tilpasse spørsmåla slik ein er sikker på at informanten forstår spørsmåla rett, i tillegg til at ein kan stille oppfølgingsspørsmål for å sikre at ein forstår rett eller vil ha meir informasjon knytt til eit tema, noko som verkar positivt inn på validiteten (Denscombe, 2010).

Ei svakheit knytt til intervju som metode er at dette baserer seg på det informantane seier at dei gjer, framfor det faktisk gjer. Dette vil kunne vere ei feilkjelde, då det som vert fortalt ikkje nødvendigvis er det heile biletet. Her er det sentralt at ein gjer informanten trygg i intervjusituasjonen og at ein stiller gode oppfølgingsspørsmål (Denscombe, 2010).

Vidare er det viktig for validiteten i studien at konklusjonane ein trekk samsvarer med datamaterialet (Bukve, 2021). Analysemetodane som er valde i denne studien tek begge omsyn til at «brillene» forskaren har på seg ikkje skal verte for dominerande. Gjennom å ta utgangspunkt i informantane sine utsegner var det eit mål at både teori og eiga forforståing skulle vere minst mogleg styrande for prosessen, og at slutningane vart mest mogleg kopla til datamaterialet.

Generalisering og overførbarheit er i hovudsak knytt til kvantitativ metode der ein forskar på målbare ting som igjen gir uttrykk for ei objektiv sanning. Denne studien baserer seg på kvalitativ metode, noko som gir mindre generaliserbare funn men som til ein viss grad kan overførast til andre område, men i større grad er kontekstbundne. Funna i denne studien vil altså ikkje vere generaliserbare, men vil vere relevante for studiar og teoriar knytte til nærdemokrati og medverknad frå ungdomar som gruppe i samfunnet.

#### 4.9. Forskingsetiske omsyn

Etikk er ein viktig del av ein forskingsprosess. Særleg viktig er dette i ein studie som baserer seg på intervju og direkte kontakt med menneske (Kvale & Brinkmann, 2019). I oppstartsfasen i prosjektet vart det søkt om godkjenning av prosjektet av NSD. Medan ein venta på svar frå NSD vart det utforma informasjonsguide knytt til oppgåva og prosjektet, samtykke, rutinar for å trekkje seg med meir som eg skulle gå igjennom i starten av kvart intervju. Det er viktig å ivareta respondentane i prosjektet, særleg då nokre av informantane ikkje er myndige. Her må ein legge opp til fritt informert samtykke, som tyder at ein må sørge

for at respondentane forstår kva det inneber å vere med på studien, at dei aktivt samtykkjer til å delta og informere om at dei sjølve kan trekkje seg frå studien kva tid som helst utan konsekvensar for dei (Jacobsen, 2015, ss. 47-48). Samtykke til opptak vart gitt munnleg i starten av kvart intervju.

Det er også viktig å ta i vare anonymiteten til respondentane, og at innsamla data ikkje nyttast til anna enn den er meint for. Datamateriale frå intervjuet må lagrast på ein trygg stad, i mitt tilfelle på Høgskulen sine område (Kvale & Brinkmann, 2019, s. 213). Alle data vert sletta når masteroppgåva er karaktersett. Namna til ungdomane vert bytt ut med nummer og fargar i transkripsjonane.

#### 4.10. Oppsummering

Denne studien baserer seg på kvalitativ metode, nærmare bestemt individuelle semistrukturerte intervju. Designet består av følgjande fasar; planlegging, gjennomføring av individuelle intervju, transkripsjon og analyse av innsamla materiale, og samanfating av resultata.

## 5. EMPIRI

### 5.1. Innleiing

Denne studien søker å finne kunnskap knytt til ungdomars erfaringar som medlemmar i kommunedelsutval i Ålesund kommune. Informantane består av 9 ungdommar som har vore medlemmar eller vara-medlemmar i 2 år i ulike kommunedelsutval i kommunen.

Presentasjonen av funna er systematiserte og delt inn etter ulike tema, som igjen er kopla til forskingsspørsmåla som er presenterte i kapittel 1. Funna i empirien kjem frå ungdomane sine eigne refleksjonar rundt ordninga med kommunedelsutval, variasjonar i erfaringar, og kva dei ser som viktige faktorar for eiga oppleving, positiv eller negativ. Avslutningsvis i empirien presenterast dei tilbakeskodande refleksjonane kring kva som ungdomane ser som styrkar eller svakheiter ved ordninga sett i ungdomars perspektiv.

Datagrunnlaget består av totalt 9 intervju, og ungdomane er mellom 16 og 19 år i dag, altså starta dei i kommunedelsutvalet når dei var mellom 14 og 17 år gamle. Ungdomane kjem frå 8 ulike kommunedelsutval, og ungdomane som er intervjuet har vore med på dei fleste kommunedelsutvalsmøta.



## 5.2. Litt om vegen inn i kommunedelsutvala

Dei innleiande spørsmåla i intervjua omhandla bakgrunn, korleis dei høyrde om kommunedelsutvala for første gong og kva dei tenkte om det. Som nemnt i kapittel 2.4. er rekrutteringsprosessen til kommunedelsutvala basert på at forslag til kandidatar sendast inn av innbyggjarar eller av kandidaten sjølv. Fleire informantar har foreldre som er aktive i politikken eller er tilsette i administrasjon i kommunen. Ungdomane dette gjeld fortel at foreldra si rolle er delar av årsaka til at dei i dag er med i kommunedelsutvala:

*«Ja, eg fekk høyre at det var noko som skulle bli til i nye Ålesund kommune. Det var litt uklart for meg kva det var, og så var det mamma som gav meg meir info sidan ho jobba i kommunen. Så ho gav meg litt meir info og pusha på, og sa at «Dette MÅ du søke på!» Fordi at, ja... ho veit at eg engasjera meg og.. ungdommar si stemme er jo SÅ viktig!»*

Ytterlegare to fortel at det er foreldra som har meldt dei som kandidatar til kommunedelsutvala, og som dermed er direkte årsak til at dei er med, men i desse tilfella har ikkje foreldra tilknytning til ordninga eller kommunen. Det var erfaringa som lokka – at den kunne vere nyttig å ha med seg vidare:

*«Det var mamma som ville at eg skulle bli med fordi det var ei stor moglegheit for meg... ja, med tanke på vidare utdanning og sånt da. Fin erfaring å ha med på CV-en.»*

Fleire ungdomar fortel at dei har erfaring frå ungdomsrådet i kommunen, og nokre har òg erfaring frå elevråd. Slike erfaringar gjer at ungdomane føler dei har kompetansen som krevst for å ta del i ei slik ordning:

*«Eg tenkte med en gong at dette var noko eg kunne tenke meg å vere med på (...). Saker som først og fremst handlar om ungdom var eg allereie vand med via ungdomsrådet. Så eg hadde mykje erfaring å ta med frå ungdomsrådet til kommunedelsutvalet da - eg er vand med å snakke på vegne av ungdom. Så eg tenkte*

*at kommunedelsutval, det hadde på en måte passa meg bra da.»*

Dei fleste ungdomane var klar over at dei vart melde inn som kandidatar, om enn med noko påverknad frå foreldre, vaksenpersonar eller verv i andre organ. Ein ungdom fortel at medlemsskapet kom som ei overrasking, då vedkomande fann ut at hen var vald inn som medlem via avisa, og heller ikkje visste at hen var meld inn som kandidat. Ein annan fortel at det var ei enkeltsak som ga lyst til å engasjere seg, men at det nærast ved ei feiltaking vart slik at hen vart medlem i kommunedelsutvalet. Atter andre fortel at dei vart gjort merksame på at dei var innmelde som kandidatar av andre vaksenpersonar som dei hadde kjennskap til frå andre arena, som skule eller via vennekrins til foreldra. Det er altså nokså stor variasjon i kva som var «inngangsbilletten» til kommunedelsutvala, og kva som har motivert ungdomane til å vere med.

### 5.3. Korleis opplev ungdomane ordninga med kommunedelsutval?

Kommunedelsutvala har medlemmar med ulik bakgrunn – ei samansett forsamling, men også eit stykke på veg ei representativ forsamling som fleire kommenterer at speglar befolkninga i større grad enn kommunestyret. Medlemmane i utvala skal i størst mogleg grad representere innbyggjarane i kommunedelen, vere nære og tilgjengelege, talerøyr og lyttepost for innbyggjarane, og skal tale sin kommunedel si interesse. Under fyl nokre refleksjonar kring korleis ungdomane opplev ordninga med kommunedelsutval.

#### 5.3.1. Kommunedelsutvalet som nærdemokratisk organ

Ungdomane opplev kommunedelsutvalet sitt arbeid som viktig og meningsfylt, og ser ordninga som ein viktig link mot kommunestyret og eit demokratisk nivå under dei. Det er geografisk store avstandar i nye Ålesund kommune, noko som er eit viktig argument for kommunedelsutval, men dei opplev også at dette er viktig fordi innbyggjarane, og særleg ungdom, kan oppleve meir formelle arena som kommunestyret eller større møter som ei barriere for deltaking.

*«Det er lettare for innbyggjarane som bor rundt oss å kome med innspel til oss i staden for at ein må høgare opp. Det blir med ein gong litt meir skremmande når du må høgare opp og begynne å snakke og sånn. Sånn som for eksempel meg da – eg har*

*opplevd at ein ungdom kjem og spør meg om eg kan ta opp ei sak i møtet, og det kan eg sjølvst. Så det blir litt mindre skremmande da, og gjer det lettare for oss ungdomar å få sagt vår meining».*

Ein annan ungdom reflekterer rundt det same spørsmålet og peikar særleg på den uformelle møteforma som positivt, både for ungdomar og for innbyggjarar elles:

*«Vi får ein litt meir sånn folkeleg setting da, det treng ikkje om å vere så store ord og så vanskeleg å vere der, og det har gjort det litt lettare og opnare, slik at folk utanfrå skal kunne komme utan at det blir så høgtideleg og formelt.*

*Det gjer det kanskje lettare å komme inn her enn det er å kome inn i en stor sal i eit kommunestyre da. Så ja... eg trur kanskje det faktisk er lettare no med kommunedelsutval enn med kommunestyret i gamlekommunen. Fordi det opnar opp for at det er litt sånn, ja.. litt lettare å kunne prate og vise sine idear og tankar da. Litt meir uformell setting».*

Det å vere tilgjengelege for innbyggjarane ser altså ungdomane som svært viktig, og viser til at spørjetimen er ein viktig del av aktiviteten i utvala der det kjem inn nye, lokale saker som både dei og innbyggjarane i kommunedelen ser som viktige. Spørjetimen er eit fast innslag nokre av kommunedelsutvala har i slutten av møta, der det er opent for å ta opp saker som ikkje står på møteagendaen, både for medlemmar og folk utanfrå.

Ein viktig faktor i det å oppleve arbeidet som meningsfylt ser ut til å vere i kva grad kommunedelsutvala sine innspel vert tekne omsyn til i kommunestyret. Her er ungdomane tydelege på at dei forstår at det ikkje alltid kan få det som dei vil, men at det er viktig å bruke retten til å seie kva ein meiner:

*«Ja, eg opplev arbeidet som meningsfylt. Om sakene våre ikkje går igjennom i kommunestyret, så har vi i alle fall brukt retten vår til å seie noko om det da. Eg syns det er kjekt og viktig.»*

Likevel er det nokre som etterlyser ei tilbakemelding. Det skjer ofte at ein ikkje veit kva som skjer med innspela frå kommunedelsutvalet til kommunestyret:

*«Det er ganske mykje eg ikkje veit korleis har gått, eller om dei i det heile tatt har diskutert eigentleg. Så for oss hadde det i alle fall vore greitt å få en mail eller noko, at det blir nemnt på et møte eller noko, slik at vi i alle fall veit kva som har skjedd i dei ulike sakene.»*

Det er relativt store forskjellar i størrelse på kommunedelane i kommunen, både arealmessig og etter innbyggjartal, noko ungdomane ser som ei potensiell utfordring i avgjerdstaking. Kommunedelsutvala er eit politisk nivå som kjenner lokale forhold både fysisk og kulturelt, noko ungdomane ser som både viktig og nødvendig. For nokre vert det heilt feil at kommunestyret skal ta avgjerder i lokale saker åleine. For dei er det viktig å ha ei stemme gjennom ein formalisert kanal, ei stemme som er samansett av deltakarar frå fleire samfunnslag, lokalt:

*«Kommunedelsutvalet har ein veldig fin kombo av folk med ulik bakgrunn. Det er folk med all mogleg slags erfaring da, og det gjer at ein får så mykje meir enn berre dissa... Du veit, den typiske gjengen med kvite menn som pusha 60 og sit i dress og skal bestemme om det skal vere 2 eller 3 skular i kommunedelen. Det blir for dumt, for dei sitt berre inne i bysentrum, og skjønner eigentleg ikkje kva dei snakkar om. Medan vi kan sitte her ute og vere mange fleire og representere mange fleire og heile samfunnet eigentleg. For her er nokon frå alle sider da».*

Ungdomane peikar på manglande tilbakemeldingar frå kommunestyret/leiinga i kommunedelsutvalet knytt til kva som skjer med innspela frå kommunedelsutvala som ei utfordring. Blant dei som får tilbakemelding der det nokre som fortel at dei er positivt overraska over påverknaden kommunedelsutvala har knytt til avgjerder i kommunestyret. Dette spørsmålet vert også av fleire samanlikna med slik dei opplevde det før kommunesamanslåinga, og dei reflekterer kring fordelane med å vere ei lita versus å vere ei stor kommune. Dei opplev at påverknadskrafta i store avgjerder kanskje er mindre i ei stor

kommune, men på same tid får ein kanskje gjort meir når ein først når igjennom. Likevel viser dei til at det ikkje alltid er så lett å verte høyrd i kommunestyret;

*«Det er jo ei større grad av moglegheiter til å påverke i ein liten kommune og kome rett inn da, men på same tid så er det ikkje så mykje ein kan gjer i ei lita kommune(...). Men kommunedelsutvalet er i alle fall absolutt med på å gjere det lettare å kunne påverke da, men klart, det er ikkje alltid dei høyrer på da, dei store herrane på toppen».*

Fleire ungdomar fortel at det var knytt ei viss spenning til kva arbeidet i kommunedelsutvala faktisk innebar, og kva ein i realiteten fekk gjort, men at fordommane raskt vart rydda av vegen når dei kom i gong med arbeidet. Fleire av ungdomane opplev arbeidet i kommunedelsutvala som spennande og meningsfylt;

*«Eg kom liksom på det første møtet og var ikkje heilt sikker på kva dette gjekk ut på – er det liksom berre drøfting, eller får en faktisk gjort ting? Eg tenkte at det kunne vere at vi jobba med saker men at vi ikkje fekk gjort så mykje. At ein prøvar, og så skjer ingenting.. Men eg fann fort ut at det skjer ting, og at en får vere med på å bestemme en god del ting».*

Ungdomane er opptekne av at sakene dei tek opp i kommunedelsutvalet bør vere saker dei faktisk kan gjere noko med, og som betyr noko for lokalsamfunnet, som t.d. fritidstilbod. Det er fleire som seier at det som gjer arbeidet kjekt er at tiltaka kommunedelsutvala står bak er synlege for folket i lokalsamfunnet, og at dei bidreg til å spreie glede blant innbyggjarane.

### 5.3.2. Høg kompetanse, men låg prioritet

Ungdomane opplev kommunedelsutvala som ei forsamling med høg kompetanse, både i form av politisk erfaring, lokalkunnskap og at dei er eit representativt organ som langt på veg speglar innbyggjarane i kommunedelen. Fleire ynskjer seg likevel meir «drahjelp» frå kommunen si side. Dei viser til at «nesten ingen» kjenner til ordninga, og meiner det er behov for å marknadsføre kommunedelsutvala slik at innbyggjarane i kommunedelane veit kva dei er og kva dei kan nyttast til. Fleire av ungdomane synest også at kommunedelsutvalet har møte for sjeldan.

*«I år hadde det blitt satt opp få møte, så det var ein av tinga vi har teke opp da, at vi gjerne vil ha fleire møter. Vi hadde vel fått satt opp 2 gongar i halvåret, og det kjende vi vart alt for lite, så det var noko av det første vi sa på fellesmøtet i Ålesund da, at vi ville ha fleire møter sånn at vi får følge opp sakene jamt i staden for å ta det opp fleire månader i etterkant».*

Fleire ungdomar fortel at dei jobbar med å gjere seg meir synlege og kjende for innbyggjarane. Mange kommunedelsutval nyttar Facebook-sida til utvalet aktivt til å informere, invitere til møter og til å kome med innspel frå innbyggjarar i saker. Ungdomane fortel at kommunedelsutvala er bevisste på å nytte dei årlege midlane dei får tildelt på tiltak som er synlege og som gler flest mogleg i kommunedelen. Likevel er det mange som opplever at det går seint å gjere seg kjend, og at deltakinga frå lokalsamfunnet er låg. Nokre meiner omgrepet «kommunedelsutval» vert for avansert og uklart, medan andre meiner ordninga berre rett og slett er for ny og at ein treng meir tid før den er etablert som ei ordning som folket kjenner til.

*«Det er veldig få som veit at vi finnast, kva vi er og kva vi gjer. Vi er veldig dårlege på å vere synlege. Så det MÅ dei jobbe med. Men altså, no måtte vi først sjølv finne ut kva vi er og kva vi gjer, og så kan vi fortelje til andre om kva vi er og kva vi gjer. Vegen blir til mens ein går. Men no har det endeleg begynt å finne si form, så no er det klart for å formidle ut kva vi er».*

#### 5.4. Kva erfaringar har ungdomane knytt til si samfunnsrolle i kommunedelsutval?

Ungdomane ser eiga rolle som viktig i kommunedelsutvala, både fordi dei er ein like viktig del av samfunnet som andre og fordi dei har kompetanse som dei vaksne politikarane manglar. Dei har krav på sin plass i utvalet av den «enkle» grunn at dei er ungdomar som også skal høyrast. Ungdomane legitimerer altså sin plass i kommunedelsutvala gjennom prinsippa om representasjon – og ser seg sjølv som ei viktig gruppe i lokalsamfunnet:

*«Kommunedelsutvalet skal jo gjenspeile befolkninga, og samfunnet er folk i alle aldrar og i alle situasjonar da. Berre det at eg er ung er det viktigaste eg kan bidra med*

*nesten. Å tørre å løfte handa og kome med mine meiningar».*

Ungdomane ynskjer å vere med å bestemme, ta del i og påverke utviklinga av sitt lokalmiljø. «*Det er jo vår framtid!*» som ein av informantane sa.

#### 5.4.1. «Å vere ung er nok!»

Eit av første spørsmåla i intervjuguiden tok føre seg kvar ungdomane høyrde om ordninga med kommunedelsutvala, og kva dei tenkte om det då dei høyrde om det. Dette er noko ungdomane har påfallande klart føre seg, og dei kjem raskt inn på kva som er årsaka til at dei ynskjer å ta del i denne ordninga. Datamaterialet viser tydeleg at ungdomane er bevisste på den kompetansen dei sit inne med, i kraft av det å sjølv vere ungdom. Ein av ungdomane fortalte det slik:

*«Når eg høyrde om det vart det med ein gong klart for meg at dette var noko eg kunne tenke meg å vere med på. Eg vart fortalt at ein heilt ny greie skulle opprettast når Ålesund skulle bli eitt, og då fekk eg høyre litt om kva det gjekk ut på. Eg tenkte at det ville vere kjekt å få vere med å bestemme noko, vi ungdomane også. Og ikkje berre la kommunen som er framtida vår verte bestemt av dei vaksne».*

Både det å bidra i lokale saker og kjensla av å få ta del i og vere med på å forme eiga framtid er viktig for ungdomane, men fleire gjer det heilt tydeleg at ungdomane sitt perspektiv er viktig både i sakene og for eigen motivasjon:

*«Ein av grunnane til at eg er med, kanskje den viktigaste, er det å gi ungdomane sitt perspektiv på sakene, fordi det har eg erfart at dei vaksne ikkje alltid greier å sjå sjølv. Ungdomens perspektiv altså, og så det å vere med å gjere noko forandring, det er det som gjer at eg fortsatt er med».*

Ungdomane er altså bevisste på si rolle i kommunedelsutvala som ein representant for si aldersgruppe, og at dei ser som ei viktig oppgåve å sikre at også ungdomar vert høyrde og

tekne omsyn til i saker. Sjølv om at ungdomane er opptekne av si stemme, kjem det også fram at dei opplev at berre det å vere til stades i utvala har ei effekt. Sjølv om enkelte saker er kompliserte og at mykje av diskusjonen i møta passerer «over hovudet» på ungdomane, så er det viktig berre å vere der, vise sitt ansikt og gjennom det minne dei andre medlemmane i utvala på at ungdomane som gruppe ikkje må gløymast.

*«For min del syns eg at det er viktig berre det at eg er der da, i ulike møte. Eg tek del i møter og eg tenker at det er viktig at vi viser at vi er der da»*

Intervjuar: Ja, så berre det å delta og vere til stades har sin misjon tenker du?

*«Ja, fordi då tenker dei litt over det på en måte. Det blir meir sånn at... dei ser at eg sit der da. Og då tenker dei over oss og at det er viktig å huske på oss i staden for at det berre ligg i bakhovudet. Då er det automatisk litt lettare for meg å kome med innspel når dei ser meg da, eller meg som ein representant for ei gruppe».*

#### 5.4.2. Motivasjon og deltaking

På spørsmål om kva som motiverer ungdomane til å vere med så er materialet nokså delt. Mange svarer at det som motiverer er knytt til tema som nemnt ovanfor – at ungdomane si stemme skal høyrast på lik linje med alle andre i lokalsamfunnet, men også det at vaksne ikkje alltid ser og forstår ungdomane sine behov, og det at ungdomar vert teke omsyn til i lokale saker langt på veg er prisgitt ungdomane sitt eige engasjement.

Det er også mange som nemner at lokale saker opplevast særleg viktige for dei, og nærheit til sakene er viktig både for at avgjerdene vert tekne på rett grunnlag og for eigen motivasjon i arbeidet. Det å få ta del i lokale avgjerder, bidra til utvikling i eige lokalsamfunn og å lære om kva som skjer i området vert nemnt hyppig. Igjen er det fleire som uttrykkjer skepsis til at kommunestyret skal ta avgjerder aleine, og viser til det «typiske» der saker er ute på høyring men at folk ikkje får det med seg, og før ein veit ordet av det er vedtak fatta utan at nokon med lokal tilknytning har fått uttale seg. Det at kommunedelsutvalet er ein slags direktekanal inn til makthavarane er noko som vert teke fram som ein viktig del av motivasjonen for arbeidet.

*«Eg vil heller ha kommunedelsutval enn eit kommunestyre i sentrum som sit og bestemmer, og som sender ut forslag om ting som kanskje når 2-3 stk. Ein kan kome*



*med innspel men ein veit aldri heilt når ein kan kome med innspel , og så endar det kanskje opp med eit vedtak der ingen har komt med innspel fordi ingen visste at dei kunne seie noko».*

Det må ikkje nødvendigvis kome store saker på bordet for at det skal skape motivasjon blant ungdomane i kommunedelsutvala. Det ser ut til at det er mengda av alle dei små sakene som til sjuande og sist opplevast som dei viktigaste, og difor er det viktig at det er kommunedelsutvala som tek tak i dei, sidan det er dei som sit med lokalkunnskapen.

*«Kommunedelsutvala kan finne dei små tinga.. Altså, vi får jo ikkje så mykje midlar å rutte med, så då må vi plukke ut dei små, men viktigaste sakene som vi kan bruke dei pengane på. Sånn blir flest mogleg glade, da. Viss det sitte nokon heilt øvst og skal bestemme alt på vegne av heile nye Ålesund, så går enn glipp av mykje sånt».*

Ein annan ungdom seier det slik:

*«Sakene som kjem til kommunedelsutvala er lokale saker, og dei er jo interessante, fordi eg og vi her blir påverka av det, og det gjer no det absolutt givande å vere med på og da».*

Når det gjeld deltaking i møta er dette noko dei fleste opplev som greitt. Dei omtalar seg sjølve som ein del av eit fellesskap der ein hjelper kvarandre, og der det er rom for å seie feil og god takhøgd. Sjølv om ikkje alle ungdomane er like trygge på å ta ordet på eige initiativ, så fortel dei at dei vert bedne direkte om synspunkt av leiar i kommunedelsutvalet, eller av andre medlemmar. Dette er med på å gi ei kjensle av at dei faktisk har noko der å gjere, at deira meining betyr noko og at der føler seg sett og høyrde. Mange fortel om ein uformell stil i møta som er med på å bygge ned terskelen for å ta ordet sjølv, sjølv om at dei som sit der også er erfarne politikarar som er vande med ein meir formell sjargong:

*«Viss ein mista heilt sporet så blir en hjelpt inn att da – dei er veldig greie og det er veldig folkeleg nivå. Altså, dei er veldig flinke og presterer godt opp mot politisk nivå,*

*men eg er ikkje noko redd for å prate der da, der eg ikkje eg».*

Andre opplev å møte motstand, men peikar på at ein berre må kaste seg ut i det sjølv om ikkje alle er samde. Informanten fortel engasjerande om viktigheita av deltaking i kommunedelsutvalet, fordi også dei unge skal ha eit ord med i laget på si framtid:

*«Ein må berre tørre å rekke opp handa og tørre og seie meininga si sjølv om det er skummelt, og sjølv om folk kanskje ikkje er einige. Sjølv om der sitt mange som har meir erfaring og kunnskap, så er ungdomar si meining minst like viktig. Det er jo vi som skal ta over etter kvart!»*

Ungdomane reflekterer rundt kva som kan vere utfordrande med det å ta aktivt del i møta, og viser til at «dei gamle er eldst». Medlemmar med mykje erfaring kan til dels dominere møta eller enkeltsaker. I tillegg opplev nokre at desse medlemmane sine meiningar vert tillagt større vekt enn andre sine meiningar. Ungdomane framstiller ikkje denne skeivheita i maktfordeling som om det er feil, men fleire erkjenner at det er slik og at det for dei opplevast som naturleg. På same tid påpeikar ungdomane at også desse har godt av å verte utfordra på sine etablerte haldningar, og at det til dels også er rom for nettopp det:

*«Eg var aleine som ungdom, og dei fleste er jo sånn 60 år, med masse erfaring, og masse kunnskap. (...) men det var bra at dei fekk andre perspektiv inn i gruppa da. Dei fleste syns det var viktig å ha med stemma til dei yngre. Det var ein del eldre folk i kommunedelsutvala, og deira stemme veg tungt, men eg opplevde også at eg blei høyrd og blei tatt seriøst, sjølv om dei ikkje alltid var einige da. Det var god takhøgde og ein kunne sei det ein ville».*

Atter andre fortel at dei opplev forsamlinga som formell og «korrekt» og at nokre av dei eldre og erfarne medlemmane har så sterke meiningar at dei oftast ikkje tør å ta ordet. Informantane som nemner dette kjenner på at ein må vere sikker på at det ein seier er rett for at ein skal kunne be om ordet. «Eg tek ikkje ordet utan at eg har noko skikkeleg å kome med», som ein av informantane sa. Opplevingar som å kome med innspel som ikkje vert teke omsyn til i

vidare diskusjon gjer at ungdomane kvir seg for å seie noko, og sit att med kjensla av at «mi meining ikkje betyr noko».

#### 5.5. Kva for tilhøve påverkar opplevinga av deltakinga i kommunedelsutvalet?

Under presenterast ungdomane sine erfaringar i kommunedelsutvala som dei opplever har hatt innverknad på den totale opplevinga. Dei tydelegaste funna omhandlar ungdomane si rolle i forhold til dei vaksne, i kva grad dei vert møtte på ein måte som gjer at dei føler seg godt tekne i vare, om dei får oppfølging og om dei føler seg trygge i situasjonen og om dei har kjensla av at dei vert anerkjent som likeverdige medlemmar som dei andre.

Ein gjengangar i datamaterialet er at ungdomane opplev at dei andre medlemmane spelar ei viktig rolle i deira trivsel. Som ein av informantane sa:

*«Trivsel? Det er nok folka, ja... Ja, det er skikkeleg fine folk».*

##### 5.5.1. Dei vaksne si rolle

I kva grad ungdomane føler seg inkludert og sett som medlem (av dei andre medlemmane i utvala) ser ut til å bety mykje for den totale opplevinga i kommunedelsutvala for ungdomane. Fleire nemner at ungdomane sitt perspektiv vert høyrte og at det å føle at ein bidreg med noko av betydning er viktig.

*«Eg trivast og likar å vere med, og at eg veit at eg gjer en forskjell. Eg trur eigentleg det har mykje med folka å gjere. Dei er opne og vi kan snakke ilag, og vi har lett for å holde en samtale. Alle har ulike meiningar og interesser og erfaringar på møta».*

Fleire av ungdomane som har opplevd si deltaking i kommunedelsutvalet som positiv fortel om episodar der «kollegane» i kommunedelsutvala både under møta og i pausane oppsøker ungdommen for å hjelpe og støtte, og forsikre seg om at dei får oppfølginga dei treng.

*«Altså, eg fekk beskjed i fleire av møta at det er berre å spørje, både av dei eg satt attmed og andre. I starten var det litt vanskelegare med ulike ord og sånt, det blei ja.... ord som eg ikkje har lært enda. Men i møta sit eg vel kanskje mest stille. Vi har pause innimellom da, og då spør jo dei som sit med meg om dei skal forklare meg, og då hjelper dei meg og då forstår eg det etterpå da».*

Fleire ungdomar fortel at dei opplev det som positivt å verte invitert inn i diskusjonen av dei andre medlemmane, og at det skaper ei kjensle av at dei har noko å bidra med som er av betydning.

*«Eg syns det er kjekt på dei møta ja, fordi at dei som er der er veldig greie og sånn da. Og så får eg delta. Ofte er det slik.. sidan eg er yngst da, at dei spør meg litt ekstra for å få meg med litt ekstra og sånn. Så det syns eg er veldig bra.»*

I tillegg til at relasjonen mellom ungdomane og dei andre medlemmane er viktig, så er det fleire som viser til leiaren si rolle i utvala. På spørsmål om dei har nokon å spør om det skulle vere noko, så er det fleire som nemner at leiaren er den dei helst går til. Dersom leiar er bevisst på å vere tilgjengeleg for ungdomane, så kan det bygge opp om tryggleiken i rolla for ungdomane og i kva grad dei føler seg ivaretekne:

*«Altså, viss eg lurar på noko så kan eg eigentleg spør kven som helst. Men det er no eigentleg slik at det er leiaren eg likar best å snakke med da, viss det er noko sånn .. ja.. leiaren er veldig grei å snakke med viss det er noko».*

Det er viktig for ungdomane å oppleve at deira perspektiv og meiningar er eit viktig bidrag inn i ein større samanheng. Dette ser det ut til at leiarane i ein del av utvala er bevisst på. Fleire fortel at leiaren peiker på og spør ungdomane direkte for å inkludere og invitere dei til å kome med innspel, utan krav om avanserte eller formelle utgreingar:

*«Ofte så spør leiaren meg sånn: «Kva du sei, Petter?» Det er ikkje sånn at du må ha store ord og voldsomme utgreiingar for å komme med noko da. Det som gjer det så positivt å vere med da, det er at det er så uformelt.»*

Det at møta i kommunedelsutvala opplevast uformelle er igjen teke fram som positivt av ungdomane, og peika på som ein faktor senkar terskelen for deltaking. Dette ser likevel ut til å variere ein del. Medan ungdomar frå enkelte kommunedelsutval skildrar møta som formelle og stive, er det eit fleirtal som nemner at nettopp ei uformell møteform gjer arbeidet kjekt, og at dette bidreg til gjere det lettare å kome med sine innspel. Fleire snakkar om møta som ei sosial og triveleg stund:

*«Det er rett og slett trivelig. Vi får fram en samtale og en diskusjon om ting, og då kan vi unge lettere bidra med nye perspektiv på ting».*

Ungdomane fortel at den uformelle forma bidreg både til gode samtalar, fruktbare diskusjonar, og at samanhengar vert lettare å forstå for dei som ikkje har erfaring med politiske møter. Denne forma gir også dei andre medlemmane rom for å invitere ungdomen inn i diskusjonane, og at ein kan forklare undervegs dersom noko er uklart:

*«Altså, vi har ei ganske avslappa gruppe i vårt kommunedelsutval, vi er ikkje så veldig... Det blir ikkje så seriøst. Vi sit heller og held ein samtale om sakene våre i staden for å sitte og rekke opp handa og høyre på den som sit fremst på bordet. Vi snakkar meir enn vi diskuterer, da. Og ja, då blir jo det lettare å forstå alt da, samanhengane og sånn. Og så er jo dei flinke til å spør og sånn undervegs da, om det går fint og om det er noko eg treng hjelp til viss dei ser at eg slit eller berre... ja».*

#### 5.5.2. Opplæring – trygg i situasjonen er viktigare enn å vere trygg i rolla

På spørsmål om at dei fekk opplæring eller innføring i hensikta med ordninga under oppstart i kommunedelsutvala, er dei fleste litt usikre. Det er både lenge sidan (2 år) og litt uklart for dei som hugsar det første møtet kva innhaldet faktisk var. Men mange refererer til «bli-kjend»-møtet før dei første ordinære kommunedelsutvals-møta som det einaste som kunne kallast

opplæring. For dei fleste ungdomane vart dette møtet ei positiv oppleving, og var viktig for å verte kjend med dei andre medlemmane i sitt kommunedelsutval. I tillegg skapte dette møtet ei kjensle av at alle var i same båt der ingen heilt visste korleis dei skulle gripe fatt i oppgåva og at det handla mykje om å prøve og feile saman:

*«Altså, no var jo denne ordninga med kommunedelsutval heilt ny, så eg var på lik linje med dei andre og dette var heilt nytt for oss alle. Kva er dette eigentleg? Ingen skjønnte heilt kva det var, men det var litt kult og det var litt viktig, men vi måtte prøve og feile sjølv da. (...) Dei fleste spørsmåla var vi fleire som lurte på da. Så vi hjalp kvarandre litt også».*

Ein annan ungdom fortel mykje av det same, og peiker på at det ikkje var så mykje å gi opplæring i sidan ordninga var ny for alle. Likevel fekk ein gjort nok på «bli-kjent»-møtet til at ein visste kva ein skulle gjere til neste møte, og at det elles var det berre å prøve seg fram:

*«Vi fekk i grunn ein veldig fin introduksjon da, og fekk vite litt om moglege arbeidsmetodar. Dei var tydelege på at det eigentleg ikkje var nokon som visste kva dei styrte med, for vi hadde ikkje gjort det før. Det var litt sånn: Dette er planen, men den er ikkje hogd i stein. Dokke kan gjere litt kva dokke vil.»*

Andre ungdomar opplevde opplæring som unødvendig, fordi dei berre er høringsorgan og at ungdomane berre skal seie si mening.

*«Opplæring nei? Hehe, nei... Her var det berre å møte på møta og snakke frå magen. Ho va der ho der Eva, ho som er ordførar, og då hadde vi sånn bli kjent-leik. Og så fikk vi høyre kva det gikk ut på. Men vi fekk inga opplæring(...) Men altså, vi treng vel strengt tatt ikkje det, for vi er jo berre eit høringsorgan.»*

Fleire av ungdomane overlèt dei formelle krava til møta til leiaren, og uttrykkjer ikkje manglande oversikt over organisering som ei utfordring, sidan sakene «kjem av seg sjølv»:

*«Eg trur... ja, vi fekk vel vite korleis vi skulle finne fram til sakspapira og sånn. Men det blir jo også gått veldig grundig igjennom på møta og sånn, da. Og av og til så seier vi kva for saker vi synest er viktige å prioritere og sånn...men sakene kjem eigentleg gåande av seg sjølv, altså.»*

Enkelte ungdomar opplev likevel det å ikkje ha oversikt over organisering og føremål som problematisk, og tek ei passiv rolle i kommunedelsutvalet som følgje av det:

*«Nei, eg fekk ikkje opplæring. Eg måtte berre komme og vere med liksom. Alle som sit i mitt kommunedelsutval har masse erfaring og har noko med politikk å gjere. Og dei har veldig mange meiningar og sånn. Så.... eg har ikkje så mykje der å gjere føler eg. Eg sit der i grunnen mest å høyrer på det dei andre sei. Men eg er med på å stemme da, når vi rekk opp handa og sånn.»*

### 5.5.3. Anerkjent som likeverdig medlem

Ungdomane har generelt eit ynskje om å bidra i kommunedelsutvalet, men dette er i stor grad avhengig av korleis deira bidrag vert mottekne. Kjensla av å verte sett, høyrd, respektert og inkludert er ord som går igjen i datamaterialet. Til dømes er det fleire som opplev meining i arbeidet når innspela frå ungdomane inngår i ein dynamikk i diskusjonane som fører nokon stad:

*«Vi spinne litt rundt på den ballen saman da.. (...) kanskje ein sei det og ein anna sei noko meir, så bygg vi litt på kvarandre sine innspel da, og det gjer det litt kjekt å vere der da. Eg syns det er interessant å høyre kva andre meiner og kva andre syns om ei sak. Eg likar å ytre mine meiningar, men også høyre kva andre sei og oppdage at «Åja, du tenker sånn ja, det hadde ikkje eg tenkt på!» Det syns eg er spennande».*

I tillegg til at det er viktig for ungdomane at dei andre medlemmane høyrer og tek omsyn til innspela, kan også voteringa ha si betydning for at ungdomen føler seg likeverdig:

*«Det er ofte slik at folk er litt ueinige da,. Det likar eg veldig godt. At folk ikkje berre er heilt einige, men at det er litt debatt og litt «flammer». Når det er debatt så får ein fram ulike sider og perspektiv. Når ein skal stemme så veit ein litt meir om kva det går i. Men eg føler at mi stemme blir høyrd også da, og har betydning. For viss det for eksempel er 50/50 da, så føler eg at stemma mi verkeleg tel. Eg føler at eg får vere litt meir med på sakene.»*

Fleire opplever at dei har ei viktig rolle i kommunedelsutvalet, og at dei vert aktivt inkluderte av dei andre medlemmane og leiarane. Det å bli spurt direkte kva ein meiner i ei sak, og når ungdomane sitt perspektiv vert teke fram som eit viktig del av diskusjonen bidreg dette til at ungdomane føler seg som eit likeverdig medlem:

*«For å seie det slik så har eg aldri hatt ei negativ erfaring i kommunedelutvalet. Så ja, eg har positive erfaringar, og det er vel det at eg blir spurt om mi meining som gjer det da. Det er ikkje noko som er rett eller feil på en måte. Det er liksom litt sånn «Kva du syns da?». Det er nesten som eit familieselskap der vi snakkar om politiske sake. Så absolutt - veldig positivt.»*

Å verte fortalt at ein vert sett pris på, og at erfaringane og perspektiva ein kan bidra med har betydning, kan også påverke kjensla av likeverd.

*«Eg les nyheiter kvar dag, og får med meg kva som skjer, særleg innanfor lokalsamfunnet. Eg er også litt frivillig, og har alltid brent for lokalsamfunn da. Eg har ikkje følt sjølv at eg har vore veldig politisk engasjert, men det er meir berre det å vere oppegåande og følge med på kva som skjer rundt om kring da. Men altså, dei sei at dei er veldig fornøgde med å ha med seg ein politisk engasjert ungdom da.»*



Nokre av ungdomane har meir blanda opplevingar med deltakinga. Dette kan vere knytt til at det i enkelte situasjonar oppstår diskusjonar det er vanskeleg for ungdomen å kaste seg inn i eller meine så mykje om.

*«Ehh.. nei, eg føler vel eigentleg at eg får sagt mi meining og at eg bli høyrd, men det skjer jo at dei... har samtalar at det går på tvers, over hovudet mitt liksom... at eg blir liksom mest berre sittande der.»*

Ein annan ungdom fortel det slik:

*«Oftast så er jo det dei som vil prate som pratar da, men eg vil sjeldan prate. Eg pratar ikkje med mindre eg blir spurt eller har noko å sei da, og det er ikkje alltid eg har ei meining om alt..»*

Atter andre opplev at ein vert sitjande att som ein tilskodar enn ein deltakar i kommunedelsutvala.

*«Eg har ikkje tatt ordet så mykje sånn eigentleg. Fordi eg føler sånn at ... eg føler at eg blir ikkje høyrd. Der er nokon som har meir erfaringar.. sånne eldre som sit der og har så sterke meiningar... Så eg syns det generelt er vanskeleg å bli høyrd.(...) Ein gong eg sa noko, så fekk eg berre sånn «mhm, ja» til svar, og då var det liksom sånn at det ikkje var nokon vits i å sei noko. Dei berre fortsette praten utan å ta omsyn til det eg sa. Etter det har eg eigentleg ikkje sagt så mykje.»*

#### 5.5.4. Tryggleik er føresetnad for medverknad

Som vist i tidlegare empiri uttrykkjer ungdomane at deira viktigaste bidrag er å kome med ungdomane sine perspektiv i sakene. Dei uttrykkjer at det å føle seg trygg i situasjonen saman med dei andre medlemmane er viktig, noko som for dei fleste har kome med tida. At ungdomane føler denne tryggleiken i si rolle i kommunedelsutvala kan kome både som følgje

av måten ungdomane vert møtte på av dei andre medlemmane og leiaren i utvalet, men det kan også ha samanheng med personlegdom.

*«Eg er ikkje redd for å snakke i store forsamlingar og sei kva eg meiner og sånt, så for min del går det veldig greitt. Eg er utadvendt og trygg. Men altså, det er kanskje annleis for dei som er mindre utadvendte, uavhengig av om ein er ungdom eller ikkje.»*

Ungdomane som er del av kommunedelsutval med fleire unge uttrykkjer ein tryggleik i å ha andre jamaldringar å støtte seg til, medan andre peiker på mangelen av andre ungdomar i utvalet som utfordrande. Atter andre viser til erfaring frå frivillig arbeid i lokalsamfunnet, trenarroller, tilsynsvakter, roller med ansvar knytt til russetid eller arbeidsstad eller erfaring frå ungdomsråd og elevstyre. Ungdomane som har slike erfaringar opplev dette som ei relevant og god erfaring å også ha med seg inn i kommunedelsutvalet.

Ungdomane som føler seg trygge i situasjonen bandlegg ikkje seg sjølv fordi dei er redde for å seie feil, snakkar fritt og er meir aktive i møta:

*«Viss eg tenker at «Shit, det der hadde verkeleg vore ein god idé», altså at eg får ein idé inn i hovudet da, så er det berre å sei det liksom, og på den måten tenker eg at eg kan gi mitt beste bidrag i møta da, i tillegg til stemma eg har i voteringa. Det er veldig god takhøgde, der er liksom sånn at ein kan berre sei rett ut det ein meiner, og ein blir aldri dømt for meiningane sine altså. Ein kan utan problem sei det ein meiner og det respekterast.»*

Dei som ikkje føler seg like trygge i situasjonen er meir forsiktige, og fleire nemner at dei kjenner på at tida i møta er knapp, og at dei ikkje ber om ordet utan at det er noko av betydning:

*«Viss eg først skal opne munnen og prate då skal det vere.. altså, det ska ikkje vere noko tull i vertfall. Då skal det vere noko skikkeleg. Det er kanskje ikkje den lettaste forsamlinga å prate ut om ting i da eigentleg, men.... Ja.. Det går vel greitt.»*

#### 5.5.5. Læring

Ungdomane ser utan unntak tilbake på tida i kommunedelsutvala som lærerik erfaring, som dei vil ha nytte av i framtida. Nokre ungdomar viser til at dei har lært mykje om sjargongen i politiske møte, fått innsikt i offentlege prosessar og at dei har fått styrka sjølvtrillit på slike arena.

*«I starten var det vanskeleg å delta fordi det var så mange ulike ord og sånt, det blei ja.... ord som eg ikkje hadde lært enda(...). Men no føler eg at eg kan mykje meir enn det eg gjorde i starten da. Og det er jo på grunn av at eg fekk hjelp av dei i kommunedelsutvalet, og foreldra mine og sånn da.»*

I tillegg opplever dei glede ved å engasjere seg og vite litt om kva som rører seg i samfunnet. Ein ungdom fortel at

*«Kommunedelsutvalet har gitt meg masse kunnskap om kva som skjer og skal skje i mitt lokalsamfunn, og det har gjort at eg veit masse meir enn andre på min alder. Det syns eg er skikkeleg gøy da.»*

Ein annan opplev at det er langt meir interessant å engasjere seg i lokalsamfunnet når ein har denne erfaringa:

*«No har det blitt spennande å engasjere seg i lokale saker. Og det har eg tenkt å fortsette med. Og så har eg funne ut at det går an å få si meining fram og bli høyrd, og at det ikkje er berre det vaksne som skal bestemme.»*

Andre opplev å ha lært mykje om seg sjølv som person, og at det har gitt motivasjon til å engasjere seg vidare i både lokalsamfunn og politikk i framtida:

*«Eg trur eg i framtida vil holde på med politikk. Eg har blitt veldig mykje meir interessert i politikk i denne perioden da. Og alt i alt har eg hatt ei veldig positiv erfaring. Og eg har lært litt også, sånn som samarbeid med andre, å snakke i fellesskap, og å bli einig med andre. Det er ei veldig god erfaring å ha med seg.»*

Ein ungdom fortel at denne erfaringa har gjort vedkomande tryggare, og har gjort at hen i større grad stoler på seg sjølv og egne vurderingar:

*«Dette med å vere med i kommunedelsutvalet har gitt meg mange erfaringar og eg har blir betre på mykje, for eksempel som det å ta litt egne val. Ein må liksom bli med på ei side. Det er lett å bli påverka av andre og at det andre seier, men eg har blitt betre på å ha egne meiningar.»*

Materialet viser ein dualitet; ungdomane som fortel at dei føler seg høyrde og er aktivt deltakande i kommunedelsutvala uttrykkjer ein tryggleik i situasjonen, og opplev seg sjølv som eit kompetent medlem som har like mykje dei skulle ha sagt som andre medlemmar, og dei er ikkje redde for å seie feil eller noko dumt. Det tyder på at tryggleik betyr mykje for i kva grad ungdomane tør å ta del i diskusjonane og bidra med sin kunnskap.

På andre sida er det ungdomar ikkje føler seg sett og høyrde, eller i alle fall i mindre grad. Desse ungdomane gir uttrykk for at det er vanskeleg å ta ordet fordi at møta er formelle, det nyttast store ord og diskusjonane passerer til dels «over hovudet» på ungdomane. I desse utvala er det ein gjengangar at dei erfarne medlemmane dominerer både diskusjonen, og deira innspel vert tillagt større vekt enn dei andre. Ungdomane opplev i liten grad å bli tatt omsyn til og inviterte til å ta del i diskusjonar.

#### 5.6. Kva ser ungdomane som styrkar og svakheiter ved ordninga?

Ungdomane delte gode refleksjonar kring kva dei opplev som styrkar eller svakheiter i ordninga med kommunedelsutval. Alt i alt var dei gode erfaringane i fleirtal, men ungdomane viste også til konkrete ting som kunne bidra til å gjere deltakinga endå meir fruktbar for deira del.

### 5.6.1. God stad å starte

Fleire ungdomar nemner at erfaringa har vist at også ungdomar kan nå fram med sine synspunkt og at det ikkje berre er dei vaksne som skal bestemme. Ein av styrkane som ungdomane viser til er at tida i kommunedelsutvala har gitt dei kunnskap om korleis ein kan medverke og kvifor, og utvala utgjer dermed ein god arena å starte på dersom ein ynskjer å engasjere seg i lokalsamfunnet:

*«Viss ein ungdom vil engasjere seg, så er kommunedelsutval ein veldig enkel måte å komme inn i det politiske på da. Her får du inn alle sakene og så kan du lese korleis ein set opp sakslistene sine, du kan lese korleis ein sett opp protokollar og lærer om korleis saker behandlast. Det er ei god erfaring, og det er jo ting som mange må lære når ein skal ut i arbeid også.»*

Fleire ungdomar tek fram samansettinga av medlemmar som positiv. Det at politikarar, frivillige og ungdomar er saman i same utvalet, gjer at ein lærer mykje av kvarandre. Dette opplevast som svært positivt for dei fleste ungdomane, sjølv om nokre av ungdomane synest det kan vere vanskeleg å ver aleine ungdom i utvalet.

*«Eg synest det er heilt topp! Det er jo så sjeldan en kjem over ei sånn gruppe som har så forskjellige deltakarar og som skal snakke om dei same tinga. Og eg syns det er utruleg fint at det er folk med og utan erfaring, altså politikarar og folk som berre «har meiningar». Vi er eldre, yngre og med ulik bakgrunn – og kommunedelsutvalet skal gjenspeile samfunnet. Og så er det veldig viktig nettopp det, at ALLE kan verte medlemmar.»*

Mangfaldet i kommunedelsutvala opplevast altså som ein styrke i kommunedelsutvala. I tillegg nemner fleire at det er positivt at utvala også har erfarne politikarar med seg. Dei har mykje erfaring og kunnskap om korleis dei formelle krava er og dette bidreg til at dei andre deltakarane i utvala opplev ordninga som seriøs og at innspela frå kommunedelsutvala får større gjennomslagskraft:

*«Eg opplev at innspela frå kommunedelsutvalet vert høyrde. Eg trur det handlar om at politikarane som er med i kommunedelsutvalet er såpass seriøse som dei er da, at dei er på møta og at dei prioriterer det. Dei er engasjerte i møta, og det gjer at ein stolar meir på dei da. Ein kjem tettare på den politiske makta i kommunen vår liksom.»*

Vidare vert nærheit til der avgjerdene råkar nok ein gong nemnt som viktig, og at lokalkunnskap i eit ungdomsperspektiv i seg sjølv er viktig å få fram i eit organ som kommunedelsutvala:

*«Det blir så lokalt da, at du har kjennskap til alle sakene og plassane som blir nemnt (...). Lokal tilknytning til sakene er kjempeviktig da, og faktisk engasjerande i seg sjølv, når ein har ein relasjon til staden. (...) For ungdom da, som kanskje ikkje heilt veit kva dei kan bidra med... altså, det kan bli litt overveldande heile greia, viss dei ikkje heilt veit kvar dei kan begynne. Då er dette (kommunedelsutvalet) ein god start. Og når en har tilknytning til staden eller tiltaket så er det litt kjekt da, viss en kan ha noko å sei. Det syns eg da i alle fall.»*

#### 5.6.2. Språk

Fleire av ungdomane kommenterer at dei særleg tidleg i sin periode opplevde at diskusjonane i kommunedelsutvalet var vanskelege å forstå. Også i sakspapira er det til dels mykje tungt språk, noko ungdomane opplev som ei svakheit ved ordninga. Det er fleire ungdomar som fortel at dei opplev at diskusjonane passerer «over hovudet» på dei, fordi dei ikkje forstår kva det er snakk om:

*«Altså, nokon gongar er måten dei snakkar på litt vanskeleg da. Det blir litt sånn; Oi..... (ler). Men sånn alt i alt så går det stort sett fint da.»*

Det er også fleire som opplev at det er krevjande og unyttig å lese saksdokument som har forvirrande språk. Enkelte av ungdomane fortel at dei har gitt opp å sette seg inn i saksdokumenta før møta:

*«Eh, eg førebur meg ikkje til møta! Det GIDD ikkje eg. Eg har ikkje tida, og eg GIDD IKKJE å lese sånne lange og kjedelege saker (...). Så personleg orkar eg ikkje å sitte å lese igjennom dei der byråkratiske papira med haugevis med masse rare ord og mykje ting som.. paragrafar og styr og hendelse.. Eg skjønner det ikkje uansett! Eg skjønner ikkje kva som står der, så eg gidd ikkje å bruke tid på det.»*

Andre fortel at det fortsett er vanskeleg å forstå kva dei andre snakkar om i møta, fordi dei nyttar så vanskeleg språk:

*«Det er ikkje alltid eg forstår kva dei meiner. Både i sakspapira og i møta.»*

Intervjuar: Men om dokke sit og diskuterer ei sak, og du er usikker på om du har skjønt det rett. Kva gjer du då?

*«Nei, då må det berre få passere. Sida det er så mange som vil sei noko og då går tida og, ja..»*

Intervjuar: Er det noko spesielt som gjer at du syns det er vanskeleg å henge med?

*«Det er språket og omgrepa dei brukar da. Dei brukar ord eg aldri har høyrte om før og sånn.»*

Fokuset på korrekt språk kan også opplevast som sløsing med tid, som avanserer arbeidet meir enn nødvendig:

*«Det blir no litt politikarspråk da, som eg likar å kalle det. Altså, det er nokre som vektlegg formulering veldig, og tenker mykje på korleis ein skal formulere seg rett, og det gjeld særleg politikarane. Men ja... kor mykje skal ein legge vekt på det da? Det er jo folket som skal prate da, og då er ikkje det viktigaste akkurat korleis ein formulerer seg. Så ja, det blir det brukt mykje store ord og krunglete formuleringar som er vanskelege å lese.»*

Ein annan ungdom viser til at kommunedelsutvala burde få meir tilrettelagd orientering om saker ein skal ta stilling til:

*«Skal kommunedelsutvalet har noko bra å komme med, så må dei legge til rette for at vi for eksempel kan komme på framtidslabben slik at vi får sjå korleis ein planlegg at Ålesund skal bli om nokre år. Og dette kunne ha motivert litt meir også, fordi i kommunedelsutvalet får vi berre nokre ark med vanskeleg skrift, og i ungdomsrådet får vi bilete av korleis dei tenker det. Og det er desidert mykje betre og slik kan vi sjå litt betre kva dei ynskjer.»*

### 5.6.3. Å vere aleine ungdom saman med vaksne

Nokre ungdomar påpeiker at det å vere fleire ungdomar ville vere ein fordel, og at det kan vere nyttig å vere fleire som representerer den gruppa. *«Eg saknar å ha nokon å diskutere med, som også er ungdom og ser ting frå mitt perspektiv»*, som ein av ungdomane sa.

Ein annan ungdom som er medlem i eit kommunedelsutval med 2 ungdomar fortel dette:

*«Ja, eg hadde jo en som eg kjende med meg da. Hen er to år eldre enn meg, men skulle jo også vere med i kommunedelsutvalet da, så då vart det litt sånn trygghet for meg da.. og ja.. å komme dit aleine til...(ler)... til masse vaksne det.... Ja nei, det var en trygghet å ha nokon du kjente der altså. Vi begynte der ilag.»*

Ungdomar som er aleine i kommunedelsutvalet kan oppleve det som ei utfordring, og fleire påpeikar at utvalet ikkje blir i balanse med ei slik samansetting:

*«Altså, det er vanlegvis ein ungdom i kvart kommunedelsutval, og det blir jo ikkje akkurat balansert eller kva eg skal sei. Det er jo berre 1 ungdom + mange fleire vaksne, men det e vel betre enn det vi har hatt før.»*

Intervjuar: Trur du det hadde vore annleis om det hadde vore fleire ungdomar attmed deg?

*«Ja, eg trur det hadde vore lettare, for då har ein nokon å snakke meir med om det da. Altså, eg kan snakke med dei vaksne også, men det er jo masse lettare å snakke med ein felles ungdom som har same liksom.. experience.. altså, veit kva som skjer og*



*korleis det skjer.»*

## 6. DRØFTING

I denne studien er siktemålet å finne ut av i kva grad ungdomar ser kommunedelsutval som ei ordning som bidreg til eit aktivt lokaldemokrati. Drøftinga vil ta føre seg og vurdere hovudfunna i studien, med den presenterte teorien og konteksten som bakteppe. Ei kommunesamanslåing som i Ålesund der 5 kommunar vart til ei, inneber nødvendigvis nye både geografiske og institusjonelle rammer. Ein ynskjer å sjå nærare på korleis nærdemokratiet, sett frå ungdomane sin ståstad vert ivaretatt og kva for erfaringar dei har knytt til si samfunnsrolle i kommunedelsutvala og kva dei ser som gode og dårlege sider ved ordninga.

Studien tek føre seg eit tema det er lite forska på tidlegare, skal bidra med ny kunnskap om korleis ungdomar opplev deltaking i eit nærdemokratisk organ, og vil belyse tilhøve som kan påverke moglegheita for reell deltaking frå ei gruppe som elles kan vere vanskeleg å mobilisere. Ordninga med kommunedelsutval kan - dersom det fungerer etter intensjonen, fungere som eit demokratisk styrkande tilskot til det representative demokratiet.

Drøftinga startar med ein kort presentasjon av vegen inn i kommunedelsutvala før hovudstrukturen, som er basert på dei fire forskingsspørsmåla. Under kvart forskingsspørsmål er det ei kort innleiing og ei oppsummering.

### 6.1. Litt om vegen inn i kommunedelsutvala

I flygeblada som vart nytta i rekrutteringsprosessen står det at ungdomane i kommunen er ein viktig del av framtida som både kan og bør vere med å avgjere korleis den skal bli. Korleis kommunen arbeidde for å rekruttere ungdomar til kommunedelsutvala er ikkje omtala direkte, men det kjem fram at dei hadde utfordringar med å rekruttere nok folk til alle kommunedelsutvala, og at dei ideelt sett skulle hatt fleire å velje mellom (Piegsa, Jensen, & Kvamme, 2022; Ålesund kommune, 2022). Målet var å finne ei medlemssamansetting med brei variasjon i bakgrunn som i størst mogleg grad representerer folket i kommunedelen.

I starten av intervjuet vart det stilt spørsmål om kvar ungdomane høyrde om ordninga, og vidare om vegen inn i kommunedelsutvalet. Her kom det fram at mange ungdomar er rekrutterte gjennom verv i andre råd eller utval, eller av foreldre som anten er engasjerte i politikken eller tilsette i administrasjonen i kommunen - nokre også med tilknytning til

kommunedelsutvala. Andre vart foreslått av kjenningar eller melde seg sjølv som kandidat for utvala.

Utfordringane kommunen møtte i rekrutteringsprosessen kjem i denne studien til syne mellom anna gjennom ein over-representasjon av ungdomar med foreldre i politikk eller kommuneadministrasjon, eller som sjølve har erfaring frå andre råd eller utval. På mange måtar er det naturleg å stille spørsmål ved det at så mange er rekrutterte gjennom eigne eller foreldre sine koplingar mot kommunen. På same tid er rekrutteringsgrunnlaget til politiske verv generelt smale, og det ville vere unaturleg om ikkje dette gjer seg utslag i denne gruppa som også elles er vanskeleg å mobilisere til deltaking (Saglie, Ødegård, & Aars, 2015).

Ei mogleg forklaring på denne samanhengen er at ungdomane som kjenner til ordninga gjennom foreldre eller andre roller vurderer at dei har relevant kompetanse som kan gjere terskelen for deltaking lågare for denne gruppa. Om dette er tilfellet kan ein på eine sida argumentere for at ordninga først og fremst legg til rette for deltaking frå dei ressurssterke ungdomane (Ringholm, 2018). På same tid kan ein ikkje sei at det å ha politisk institusjonell kunnskap om eller innsikt i føremålet med ordninga er negativt for ungdomane som ynskjer å ta del i ei slik ordning. Kanskje heller tvert om - når ungdomane trass alt skal vere ein representant for ei stor og samansett gruppe, så vil det å ha forståing for politikken si oppbygging vere ein fordel i ombodsrolla. Vidare hevdar Ødegård og Fladmoe at born av politiske engasjerte foreldre har vesentleg større sjanse for å vere motiverte for å engasjere seg politisk enn dei som ikkje har det, noko som stemmer godt overeins med funna i denne studien (Ødegård & Fladmoe, 2017).

Vurderingane som ligg til grunn for innstillinga av dei ikkje-politiske kandidatane er ikkje nødvendigvis eignaheit, men at gruppa samla sett representerer ein variasjon i alder, kjønn og bakgrunn. Dette støttar på eine sida opp om prinsippa i deltakande demokrati der alle skal ha ei stemme, men på same tid kan ein stille spørsmål til i kva grad medlemmane i kommunedelsutvalet representerer heile kommunedelen på ein god måte når «kven som helst» kan ta del – uavhengig av bakgrunn for deltakinga, erfaring eller kunnskap om ordninga. På same tid kan kommunedelsutvala gjennom å inkludere folk med ulik bakgrunn og frå ulike aldersgrupper få ei breiare kontaktflate med folk i lokalsamfunna som vanlegvis ikkje engasjerer seg, og som igjen gir breiare medverknad enn ein ville ha fått utan ei slik ordning (Klausen, et al., 2013).

Ungdomane si periode i kommunedelsutvala er på 2 år, noko dei fleste synest er ei passande periode, men enkelte nemner at den i alle fall ikkje bør vere lenger. Dette grunngjev dei med at det mykje som skjer i deira alder, knytt til skulegang og overgang til arbeid, og at dei ikkje ynskjer å forplikte seg for lenge i gongen. Det kan vere viktig for rekrutteringa at dei ikkje må forplikte seg i for lange periodar i slengen, men på same tid ser det ut til at ungdomane først i siste del av perioden har følt at dei har funne sin plass i utvalet og føler meistring i rolla.

#### 6.2. Korleis opplev ungdomane ordninga med kommunedelsutval?

Den komande delen drøftar korleis ungdomane ser på sjølve ordninga med kommunedelsutval. Hovudfunna her er knytt til betydninga kommunedelsutvala har for å oppretthalde nærleiken til innbyggjarane og korleis den bidreg til å gi både innbyggjarar og ungdomar ei sterkare stemme inn mot avgjerdstakarane i kommunen. Det at kommunedelsutvala har ei uformell form og består av medlemmar med ulik erfaring og lokal tilknytning vert teke fram som viktige eigenskapar ved ordninga. Fleire meiner at kommunedelsutvala legg betre til rette for deltaking frå både innbyggjarane og andre som ikkje er politikarar enn t.d. kommunestyret, og enkelte meiner at høvet til deltaking frå ungdomar er betre i dag enn det var før kommunesamanslåinga. Likevel peikar også ungdomane på at kommunedelsutvala slit med å marknadsføre ordninga slik at den vert kjend som ein etablert del av det demokratiske systemet for innbyggjarane i kommunedelen.

Det norske folkestyret er tufta på verdiane frå det representative demokratiet. Dette kan sjåast som ein idealmodell, men mellomvalsdeltakinga ser ut til å verte stadig viktigare. Det representative demokratiet skal ikkje erstattast, men ei supplerings med alternative former for deltaking har i aukande grad kome på dagsorden siste åra (Klausen, et al., 2013).

Kommunedelsutval kan sjåast som ei alternativ form for deltaking som etter intensjonen har element ifrå både representative og deltakande demokratiformer. Spørsmålet er i kva grad utvala fungerer etter intensjonen.

Ungdomane er tydeleg bevisste på at også deira gruppe skal ha sin representant i kommunedelsutvalet. Dei ynskjer å ta ei aktiv rolle i forming av eiga framtid, og formidlar i intervjuar at deira representasjon er viktig fordi ungdomars perspektiv er noko dei vaksne ikkje alltid greier å sjå sjølve. Nettopp dette er det ungdomane ser ut til å sjå som si hovudoppgåve i utvala. På same tid er føremålet med ungdomars deltaking i kommunedelsutvala utydeleg kommunisert frå kommunen si side, noko som kan ha innverknad på kor tydeleg rolle ungdomane tek. Mellom anna er dei berre nemnde med eitt ord i driftskonseptet. Kanskje kan ein hevde at det openberre føremålet med deltakinga er å styrke ungdomars stemme i saker

som angår dei, men på same tid skal ein vere forsiktig med å ta for gitt at dette er noko «alle» forstår. Når personar eller grupper vert inviterte til å meine noko, er det vitig at føremålet er klart formidla, kva innspela skal nyttast til å i kva grad ein kan vente å ha noko ein skulle sagt (Klausen, et al., 2013; Nylander & Katanasho, 2019).

### **Kommunedelutvalet som kopling mellom innbyggjarar og avgjerdstakarar**

Tidlegare forskning har vist at større kommunar kan ha utfordringar med å mobilisere til deltaking i medverknadsprosessar, noko som kan tenkjast å vere ei betydeleg utfordring i samanslåtte kommunar som ikkje endå har funne si form og bygd sin felles identitet (Ringholm, 2018; Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013). Særleg aktuelt kan dette tenkjast å vere i Ålesund, der det har vore ein del uro knytt til kommunedelen Haram som etter alt sannsyn vil gjenoppstå som eigen kommune 1.1.2024. Denne kommunen var tvangssamanslått med nye Ålesund, og det kan difor tenkjast å vere særleg viktig for innbyggjarane i denne kommunedelen å føle seg høyrd og teken omsyn til av den nye storkommunen. Ein måte å bygge tillit på kan vere å vise «omsorg for dei små» frå den nye storkommunen, men føresetnaden for det er gode dialogar og ein kanal som gir innbyggjarane høve til å samle og formidle sine behov inn til storkommunen, noko som eit stykke på veg kan tenkjast å gi utjamning i maktbalansen mellom storkommunen og dei mindre kommunedelane.

Kommunedelsutvala kan vere ein god arena for slik dialog, og kan bidra til å gi kommunedelane ei sterkare stemme inn mot avgjerdsmyndene gjennom ei formell kanal, men dette føreset at kommunen prioriterer kommunedelsutvala, tek omsyn til deira innspel og tydeleggjer korleis innspela påverkar politikken. På same tid må ein vere bevisst på at nærdemokratiske organ utan avgjerdsmynde der medlemmane er ikkje-politiske representantar for innbyggjarane ikkje nødvendigvis betrar dialogen mellom innbyggjarar og kommunen (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013).

Spørsmålet om i kva grad kommunen lukkast i bruke kommunedelsutvalet som kanal for å nå ut til innbyggjarane og motsett er også knytt til allokeringseffektivitet – altså i kva grad kommunen tilbyr innbyggjarane i alle delar av kommunen tenester som møter deira ynskje og behov. Det er ei utbreidd oppfatning at dess nærare innbyggjarane avgjerdene takast, dess betre tilpassa tenester vil kommunen vere i stand til å levere. Vidare vil også endringar i ynskje og behov langt raskare oppfattast av eit organ som opererer nær innbyggjarane (Jacobsen, 2009). Denne oppfatninga byggjast under av ungdomane sine til dels svært tydelege signal om at kommunestyret inne i sentrum «ikkje veit kva dei snakkar om».

Kommunedelsutvalet opplevast av dei som ein viktig kanal direkte inn til avgjerdstakarane, og deira moglegheit til å påverke avgjerder knytt til deira lokalmiljø og deira framtid.

Kommunedelsutvala kan altså ha potensiale som politisk arena nærare innbyggjarane, noko som ungdomane fortel at er ein viktig del av arbeidet for dei. For det første opplev ungdomane i studien at kommunedelsutvala sit med høg kompetanse. Til saman har medlemmane både lokalkunnskap og mangfaldig erfaring frå politikk og frivillig sektor, i tillegg til at dei legg til rette for at «kven som helst» kan ta del, noko som kan vere ein viktig del for engasjementet utanfrå. Difor er det særleg viktig om ein vil oppnå brei medverknad at organ som kommunedelsutvala legg til rette for at grupper som vanlegvis ikkje engasjerer seg også kjem til orde. Lokalkunnskapen både kan og bør takast med i vurderingsgrunnlaget hjå avgjerdstakarane, og ungdomane opplev at ordninga bidreg til å sikre at nettopp denne kunnskapen når fram, og ser ordninga som nødvendig for å ta i vare interessene til innbyggjarane og engasjementet i kommunedelen. Medlemmane med politisk erfaring sørgjer for at dei formelle krava er på plass, medan mangfaldet representerast av gruppa samla.

For det andre er medlemmane representantar som innbyggjarane i større grad kjenner til enn kommunestyrepolitikarane. Utvala har møta sine i nærområdet der folk er, og enkelte utval prøvar å nytte lokasjonar rundt om i kommunedelen for å legge til rette for deltaking frå innbyggjarar frå ulike område, noko som i seg sjølv kan bidra til å gjere det enklare for innbyggjarane å ta aktivt del i arbeidet til kommunedelsutvala.

For det tredje prøver kommunedelsutvala på ulike flater å halde innbyggjarane underretta om møteverksemd, lokalisering og tid, sakslister og elles jamleg informasjon gjennom Facebook-sider, lokalavis og liknande. Likevel varierer det litt kor godt dei lukkast med å engasjere innbyggjarane, og fleire ungdomar etterlyser meir deltaking frå folk utanfrå. Likevel kan ein kanskje stille spørsmål om det er tilstrekkeleg å annonsere tid og stad for møter og saklister for å få folket i kommunedelen til å engasjere seg. Det at ungdomane er så tydelege på at det er viktig for dei å vere tilgjengelege vitnar likevel om at dei er bevisste på det som er hovudføremålet med kommunedelsutvalet – å vere ei ordning som styrkar demokratiet og opprettheld god kontakt med innbyggjarane i kommunedelane, men det er likevel mykje som tyder på at ein har forbettringspotensiale på dette området.

Ungdomane skildrar kommunedelsutvala som aktive og engasjerte i arbeidet - spørsmålet er om alle medlemmane har fellesskapets interesser i hovudfokus og i kva grad dei aktivt arbeider for å involvere innbyggjarane i kommunedelen, som også er nemnt som ein av

funksjonane kommunedelsutvala etter intensjonen skal ha. I alle tilfelle ventar innbyggjarar i større grad enn før å verte inkluderte i avgjerdsprosessar og å verte høyrde i lokalpolitikken generelt, også mellom vala, for at avgjerdene skal opplevast legitime (Klausen, et al., 2013). Truleg gjeld også dette for slike nærdemokratiske organ, og for å sikre legitimiteten og tilliten til kommunedelsutvalet blant innbyggjarane vil det difor vere viktig involvere innbyggjarane i aktiviteten i utvalet.

### **Samspelet mellom formelle rammer og uformelle samhandlingsformer**

Kommunedelsutvala har ei uformell møteform og er etter dei fleste ungdomane si oppfatning godt tilrettelagde for deltaking både for ungdomane sjølve og for folk utanfrå. Fleire meiner at denne ordninga legg betre til rette for deltaking enn kommunestyret gjorde i den tidlegare kommunen, fordi debatten i stor grad har form som samtalar framfor formelle debattar.

Likevel kan uformelle arbeidsformer ha med seg nokre utfordringar ifølgje Ringholm. Til dømes peikar ho på krava om transparens, usikkerheit knytt til (manglande) oppmøte, og gjennom det, kor mange til dømes eit kommunedelsutval representerer reelt sett. I tillegg vil inntrykket av denne arbeidsmåten truleg variere med kva for bakgrunn dei ulike medlemmane har. Dei som har vore vande med formelle organ vil kanskje oppleve dette som uryddig og utfordrande å forhalda seg til, medan dei som ikkje har erfaring kanskje vil kunne oppleve den uformelle forma som positiv og at meir formalitetar vil kunne gjere ordninga tungrodd og byråkratisk. Nærdemokratiske organ som kommunedelsutval, skårar ofte lågt på standardar og prosedyrar, men likevel kan mykje positivt kome ut av den uformelle arbeidsforma. Slike organ bygg gjerne legitimitet gjennom handlekraft i staden for gjennom formelle arbeidsmetodar – at ein viser at ein får ting gjort (Ringholm, 2018).

Den uformelle møteforma er ifølgje ungdomane i hovudsak knytt til debattane i møta, noko dei opplev som svært positivt og som stimulerande for deltaking og engasjement. Ved oppstart vart alle kommunedelsutvala oppmoda om å halde ein folkeleg tone, nettopp for å legge til rette for at folk flest skal kunne delta, og at kommunedelsutvala skulle vere noko anna enn andre, meir formelle demokratiske organa som kommunestyret (Piegsa, Jensen, & Kvamme, 2022).

Likevel kan den uformelle forma altså gå på kostnadane av kravet om innsyn og legitimitet. På same tid har kommunedelsutvala avgrensa avgjerdsmynde, og kan ikkje gjere vedtak av inngrepande art for innbyggjarane. Slik kan ein argumentere for å lempe på krava om innsyn og transparens, særleg dersom den uformelle forma er ein føresetnad for deltakinga, slik ungdomane gir uttrykk for at det er. Nokre av dei viktigaste oppgåvene til

kommunedelsutvala utover fordeling av midlar og å vere ei lenke mellom avgjerdsmyndene og innbyggjarane i alle delane av kommunen, er å påverke kommunepolitikken på ein måte som gagnar lokalsamfunnet, samt å mobilisere til samarbeid og nytte ressursane til fruktbare samarbeid for det lokale sivilsamfunnet. Skal ein lukkast med dette må dialogen mellom innbyggjarane i kommunedelen og kommunedelsutvala vere kontinuerleg og ha ei form som inviterer til deltaking.

Kommunedelsutvala er lokale utval, i til dels små lokalsamfunn der mange kjenner eller veit kven representantane i kommunedelsutvala er. Truleg vil ei uformell samtaleform i møta i større grad enn formelle kommunestyremøte opplevast som ein inviterande arena for innbyggjarane. Å kjenne til representantane i utvalet vil for innbyggjarane ifølgje Jacobsen vere ein fordel, gjennom at det senkar terskelen for å ta kontakt og drøfte ei sak enn det ville ha vore dersom representanten var ukjend for dei, både i og utanfor møta (Jacobsen, 2009). Så lenge utvala har ei viss grad av formalisering som kan bidra til å gi organet legitimitet blant innbyggjarane og gjennomslagskraft inn mot kommunestyret, i tillegg til at utvalet kan vise handlekraft i dei mindre sakene dei skal handsame, kan ein argumentere for at den uformelle møteforma må få høgare prioritet i eit slikt organ enn krava om innsyn og transparens.

Kommunedelsutvala som institusjon kan vere meir eller mindre formelle. Sjølv om møteforma er uformell, har kommunedelsutvala likevel element av meir formell art, som rammer og prosedyrar for si verksemd. Kommuneadministrasjonen set mellom anna opp utvalsmøta, sender innkalling og formidlar tid, stad og saklister til medlemmane. Dette skaper ei viss føreseielegheit knytt til både frekvens, deltakarar og krav til møta. I tillegg stiller kommuneadministrasjonen med fasilitator i møta (omtala som sekretær av ungdomane) som mellom anna tek seg av protokollføring og publisering av desse. Vidare skal sakshandsamarar frå kommunen etter målsettingane involvere kommunedelsutvala før saksutgreiinga er ferdig og skal vere tilgjengelege for spørsmål under sakshandsaminga i kommunedelsutvala gjennom fysisk deltaking i møta (Piegsa, Jensen, & Kvamme, 2022). Slik administrativ støtte er ifølgje studiar eit viktig kriterium for at lokaldemokratiske organ skal fungere etter intensjonen, og ser også her ut til å vere eit element som utgjer ei viktig kopling mellom utvala, administrasjonen og politikken (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013). Å gi fasilitator ei tydeleg og definert rolle i kommunedelsutvala vil kunne støtte opp om fleire kriteriar for velfungerande nærdemokratiske ordningar. Vedkomande har i dag funksjon som ei «bru» mellom utvala og kommunen, og kan sikre gode kommunikasjonslinjer begge vegar. Truleg

er det også eit potensial i å styrke rolla til fasilitator som ansvarleg for medverknad i prosessane, slik at ein sikrar varig fokus på dette temaet (Klausen, et al., 2013).

Ut av denne diskusjonen kan ein også argumentere for at det er svært viktig at føremålet til organet er avklara og tydeleg for alle. Er det å stimulere til auka aktivitet i lokalsamfunnet, engasjement i lokale saker og organisering av aktivitetar i kommunedelen, eller skal ordninga ta ei meir formell form og vere ei form for forlenging av kommunestyret?

Igjen, dette er tilsynelatande ivaretatt i kommunedelsutvala i Ålesund, men er likevel ei utfordring som er verd å merke seg. I tillegg skal ein ta med seg at erfaringane som er presenterte i kapittel 3.3 frå Danmark og Holbæk kommune viser at det mest formaliserte lokaldemokratiske organet var vurdert til å vere det beste av alle kommunane i studien, og at det påverkar både aktivitetsnivå og gjennomslagskrafta i utvala (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013; Distriktssenteret, 2014)

### **Variasjon knytt til tilbakemeldingar frå kommunestyret**

Ungdomane opplev arbeidet i kommunedelsutvalet som meiningsfylt, men det kan sjå ut til å vere knytt til andre tilhøve enn opplevinga av om kommunedelsutvala sine innspel vert tekne til følge. Dei ser ordninga som nødvendig i ein ny og stor kommune med store variasjonar i både avstandar og folketal, men på spørsmål om tilbakemeldingar frå kommunestyret er svara ulike; enkelte nemner at dei tidvis får ei oppsummering av leiar i starten av møta, medan dei fleste fortel at dei ikkje veit noko om kva som er utfallet i saker som dei har gitt sine innspel til, og at dette er noko dei å så fall må oppsøkje sjølve. Det likevel er naturleg og venta at det er noko usikkerheit knytt til dette spørsmålet, då ordninga fortsatt er ny og at mykje av denne første tida har gått med på å la institusjonen sette seg og finne si form. På same tid meiner fleire ungdomar at det viktigaste ikkje nødvendigvis er at kommunedelsutvalet får gjennomslag kvar gong, men at dei faktisk nyttar retten sin til å seie det dei meiner.

Ifølgje Hansen, Klausen og Winsvold er eit kriterium for eit velfungerande nærdemokratisk organ at deltakinga har reell effekt (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013). Innspela frå kommunedelsutvala bør altså kome til syne i kommunepolitikken, men så veit vi at ikkje alle kan høyrast, alltid. Men, desto viktigare er det at dialogen mellom kommunestyret og kommunedelsutvala er kontinuerleg og på ein måte som bekreftar at innspela frå kommunedelsutvala inngår som ein del av vurderingsgrunnlaget i kommunestyret før vedtak vert gjort, noko som det ser ut til at kommunestyret og leiinga i kommunedelsutvala kunne har gjort på ein tydelegare og meir konsekvent måte.



### **Auka utbyte av deltaking med tida**

Sjølv om ungdomane peikar på utfordringar, så gir dei likevel uttrykk for at mykje har endra seg til det betre med tida. I tillegg til at kommunedelsutvala er nye og har brukt tid på å finne si form har store delar av perioden ungdomane har vore medlemmar i kommunedelsutvalet vore prega av pandemi og avgrensa høve til å møtest fysisk. Som vi veit frå anna forskning kan digitale møter i seg sjølv utgjere ei barriere for deltaking (Brandtzæg P. B., 2013). Det ser likevel ut til at møterutinane med tida har vorte meir innarbeidde og i takt med at gruppa har lært kvarandre å kjenne har møta vorte meir fruktbare, også for ungdomane. Dei fortel at dei får gjennomført meir enn dei hadde trudd dei skulle i starten, og at det å vere med å gjere ein forskjell for andre er motiverande og kjekt. Dette igjen gir kjensla av at ungdomane sitt bidrag er viktig og av betydning for fleire enn dei sjølv, og skaper meir motivasjon for vidare deltaking.

### **Plassering i medverknadsstigen til Roger Hart**

Føresetnadane for reell deltaking ser i denne studien ut til å vere delt, og er knytt til kva erfaring ungdomane har og korleis dei andre medlemmane i kommunedelsutvalet møter ungdomane og legg til rette for deira deltaking.

Den uformelle møteforma er noko ungdomane generelt opplev at senkar terskelen for å delta både for medlemmar og andre, og er noko dei ser som ein klart positiv eigenskap ved ordninga. Likevel ser det ut til å vere eit skilje der erfaringane ungdomane har med seg spelar ei sentral rolle. Dei som er kjende med liknande ordningar og er trygge nok til å ta ordet opplev ordninga som god og velfungerande. Dei som ikkje har tilsvarende erfaring, fortel at deltaking til dels er svært utfordrande.

Denne dualiteten må ein også ta med seg når ordninga skal plasserast i stigen til Hart. Sjølv om fleire ungdomar fortel at dei synest det er greitt å ta ordet og at dei vert møtte og inkluderte i debatten i utvalsmøta på ein god måte, så er ungdomane i stor grad utpeika av andre vaksne til å ta del i kommunedelsutvalet. Dei er ifølgje seg sjølv venta å vere ein representant for ungdomar som gruppe, men utan høve til å drøfte sakene med andre jamaldringar. Hart plasserer denne typen deltaking under tokenisme i stigen, og kan ikkje kallast reell deltaking. Ungdomane påpeikar at det ikkje alltid er så lett å «stå imot» andre sine meiningar og argumentere imot, men fleire opplev at dette likevel utviklast gjennom deltakinga i utvalet. Denne utviklinga viser at det at ungdomane set korte periodar kan vere ei utfordring for kor høgt på medverknadsstigen deltakinga kan plasserast. Likevel kan ei kortare valperiode for dei yngste vere nødvendig då det er lenge for ungdomane å binde seg til eit

verv i 4 år, men på same tid kan den korte perioden hindre ungdomane i å verte erfarne nok til at dei fyller rolla sitt fulle potensial. Ungdomane utviklar både kompetanse og tryggleik gjennom deltakinga, noko som taler for at perioden burde vere lenger – i alle fall dersom det er eit mål å kome høgare opp på medverknadsstigen.

Dette underbyggast av fleire ungdomar som fortel at dei i dag, når dei nesten er ferdige med si periode i kommunedelsutvalet, opplev at utfordringane dei hadde i starten er mindre. Dette er særleg knytt til kor trygge dei føler seg i rolla og i kva grad dei forstår språket i både møta og sakspapira. I takt med at dei har fått meir erfaring har dei altså utvikla seg og vorte tryggare i rolla som kommunedelsutvalsmedlem.

For ungdomane som manglar erfaring og som opplev å ikkje få den tilrettelegginga dei treng i kommunedelsutvalet, kan deltakinga sjå ut til å kunne plasserast på trinnet Hart kalla «dekorasjon». Her er ungdomane til stades og har sin plass, men dei deltek ikkje. Sjølv om enkelte ungdomar peikar på at også det kan ha effekt gjennom at dei andre medlemmane vert minna på ungdomars perspektiv i sakene, kan ikkje dette kallast reell deltaking (Hart, 1992).

#### *Oppsummering forskingsspørsmål 1:*

Kommunedelsutvala kan seiast å vere ein mellomting mellom ei representativ og deltakande demokratisk ordning, der representativiteten utgjer ein fundament i ordninga, men med prinsippa frå deltakande demokrati som sitt viktigaste føremål. Ved reine representative demokrati utgjer ein vald elite avgjerdsmyndene og folket si deltaking vil vere avgrensa til val (Klausen, et al., 2013). Kommunedelsutvala har ei blanding av direkte og indirekte valde medlemmar som representerer ulike grupper i kommunedelen – nokre med politisk bakgrunn og andre utan, med variasjon i bakgrunn, alder og kjønn. Ungdomane legitimerer si rolle i kommunedelsutvala med bakgrunn i denne tankegangen, og det at dei skal representere ungdomane si stemme inn i lokalpolitikken.

I representative demokrati er tanken at alle stemmer tel likt. Det kan dermed diskuterast om det er rett at enkelte, oftast ressurssterke og politisk interesserte, og i dette tilfellet også av eigne interesser meir eller mindre tilfeldig, skal få ei sterkare stemme enn andre innbyggjarar gjennom si deltaking. Likevel så veit vi at mange ungdomar ser politikk som «noko andre gjer», og at dei er ei gruppe som er generelt vanskeleg å mobilisere (Larsen, 2021).

Kommunedelsutvala kan vere ei god anledning til å få grupper som elles ikkje deltek i tale, som er nærare, har innsikt i og lokalkunnskap om gruppa og staden dei representerer, og kan -

dersom det vert lagt til rette som ein arena der både ungdomar og andre deltek fritt og utan å bandlegge seg sjølv, skape ei tettare kopling mellom avgjerdsmyndene og innbyggjarane.

Den uformelle forma i kommunedelsutvala er noko ungdomane opplev at bidreg til å legge til rette for deltaking, og som stimulerer til deltaking for dei som har mindre erfaring. På same tid kan ei slik arbeidsform også ha ein viss demokratisk risiko knytt til seg, som vist tidlegare i drøftinga. På same tid kan ein argumentere for at arbeidsformene må spegle føremålet med ordninga, og at ein skal passe seg for å bygge unødvendig byråkrati gjennom å formalisere ei velfungerande uformell ordning. I kommunedelsutvala sitt tilfelle er det det demokratiske aspektet som er hovudføremålet – og som er argumentet for å opprette ordninga i det store og det heile. Dermed kan ein hevde at ein viss fleksibilitet og rom for at ordninga tek ei forma som gagnar både deltakarane og kommunedelen er viktig – noko som også kan sjåast som demokratiske innovasjonar i eit styresett i endring (Ringholm, 2018). På same tid belyser utfordringane med uformelle arbeidsmåtar behovet for å følgje med dette med eit skarpt blikk, der ein må sørgje for ein god balanse mellom formelle strukturar og uformell kvalitet.

Representanten frå kommuneadministrasjonen har truleg unnytta potensiale som kommunedelsutvala kan ha utbyte av. Gjennom å styrke denne rolla kan fokus på ungdomane si deltaking sikrast over tid, og i tillegg utgjer vedkomande ei viktig kopling mellom kommunen og utvala. Fasilitator kan både stå for informasjonsflyt mellom dei to, støtte for medlemmane, justere forventningar begge vegar og fungere som administrativ støtte i utvala sitt arbeid (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013).

Ungdomane uttrykkjer at det å ta del i ei ordning som er med på å styrke stemma til kommunedelen og å vere ein representant for ei gruppe er viktige motivasjonsfaktorar for arbeidet. I tillegg er det viktig for dei å verte møtte av dei andre medlemmane på ein måte som gjer dei trygge i rolla, og at det vert lagt til rette for deira deltaking dersom dei skal klare å fylle rolla. Dette er knytt til ungdomane si erfaring og tilhøva som påverkar deltakinga i kommunedelsutvalet, som er tema i dei komande drøftingskapitla.

### 6.3. Kva erfaringar har ungdomane knytt til si samfunnsrolle som medlem i kommunedelsutvalet?

Denne studien har funne stad våren 2022, i dei tider dei fleste ungdomane var ferdige med si 2-års periode i kommunedelsutvalet. Erfaringane er difor tilbakeskodande, og ein forsøker å «løfte blikket» og sjå på kva ungdomane ser som sentrale erfaringar i etterkant av si deltaking i utvala - kva dei sit att med og korleis det har vore – i eit overordna perspektiv.

Hovudfunna i dette delkapittelet er til dels ei lenging av det som var presentert under vegen inn i kommunedelsutvalet, og er knytt til kva som gjorde at ungdomane tenkte at dette kunne vere noko for dei, altså motivasjonen for deltakinga. For ungdomane som har erfaring frå lokalpolitikk eller har kjennskap til føremålet med ordninga er det å sikre ungdomars stemme inn i lokalpolitiske avgjerder ein klart viktig motivasjonsfaktor. For andre ungdomar ser den personlege gevinsten ut til å spele ei viktigare rolle. Vidare ser ein på korleis ungdomane opplev si rolle som representant for ungdomar som gruppe, noko som har samanheng med korleis dei sjølve opplev eigen kompetanse og erfaringane dei har med seg inn i utvalet.

### **Motivasjon for deltaking**

Ungdomane har ulik ballast med seg inn i utvala. Dei som er melde inn som kandidatar av andre vaksenpersonar ser ut til å oppleve dette som ein anerkjenning av eigen kompetanse. Dei gir uttrykk for at dei set pris på å verte spurt og å få den tilliten – noko som Musick & Wilson argumenterer for at kan påverke motivasjonen for å engasjere seg i positiv retning (Musick & Wilson, 2007). For andre var medlemskapet ei rein tilfeldigheit der å stille som kandidat var ei spontan handling som følgje av engasjement for ei enkeltsak. Holst og Gilljam argumenterer for at slik deltaking strid mot dei demokratiske målsetjingane. Det representative demokratiet utgjer ein balanse mellom dei egalitære og dei epistokratiske trekka, som høvesvis tyder likskap i ressurstilgang til alle og «eit styre av dei som veit best». Det er nemleg ikkje slik at alle høve til å få innspel skal gripast, då «lågthengande frukt» kan representere lite gjennomtenkte innspel. Dette igjen kan føre til at enkeltpersonar kan få for stor makt, og at dei ikkje tek omsyn til sine medborgarar (Holst, 2019).

Wollebæk og Sivesind skildra i sin rapport ulike motivasjonsfaktorar for deltaking i frivillig arbeid, og fann at særleg to motiv skil seg tydeleg ut; behovet for å føle seg betydningsfull, og moglegheita for å kunne få ei erfaring som vil sjå bra ut på CVen – begge funn som samsvarer eit godt stykke på veg med funna i denne studien (Wollebæk & Sivesind, 2010, s. 89).

Ungdomane i kommunedelsutvala gir uttrykk for at dei ikkje heilt visste kva ordninga gjekk ut på før dei starta. Likevel ser det ut til at fleire meinte dei hadde kompetansen som måtte til for å ta ei slik rolle, noko som særleg gjaldt dei med erfaring frå eller kjennskap til lokale politiske prosessar. Desse ungdomane fortel også at dei opplev sitt bidrag som verdifullt og at dei føler eit ansvar for å gi utvala ungdomane sitt perspektiv, og at dette også var hovudmotivasjonen bak deltakinga. Dette kan kjennast att som det Wollebæk og Sivesind peika på som behovet for å føle seg betydningsfull som ein viktig motivasjonsfaktor.

For ungdomane som ikkje hadde tilsvarande erfaring ser motivasjonen i større grad ut til å vere knytt til personlege gevinstar. Det at deltakinga kan gi kjennskap til offentlege institusjonar, øving i å handtere komplekse saker og ta del i diskusjonar var særleg viktige argument her. I tillegg var kunnskap om organisasjonsdrift som kan gi fortrinn inn mot arbeidslivet og at erfaring frå eit slikt utval ville sjå bra ut på ein CV nemnt som motivasjonsfaktorar for deltaking. I dette ligg, som Wollebæk og Sivesind viser, at arbeidet i seg sjølv ikkje nødvendigvis er det største motivasjonsfaktoren, men at gevinsten som ligg i erfaringa dei får med seg er det viktigaste. På same tid viser dei i sin studie til at motivasjonsfaktorane er stabile, og *ikkje* påverkast av aktivitet i andre organisasjonar (Wollebæk & Sivesind, 2010, s. 89). Denne studien viser det motsette - blant ungdom i kommunedelsutvala i Ålesund viser det seg at engasjement i andre liknande politiske organisasjonar, i dette tilfellet andre ungdomsråd, elevråd og andre roller med ansvar påverkar motivasjonsfaktorane for ungdomars deltaking i kommunedelsutvalet. På same tid er desse funna i ei «gråsone» mellom ungdomane si vurdering av eigen kompetanse og motivasjon for deltakinga, noko dei sjølve ikkje skil mellom i intervju. Kompetanseoppleving er eitt av to grunnleggande behov når motivasjonsverdien ligg i sjølve arbeidet (Kaufmann & Kaufmann, 2015, s. 129). Dermed kan ein argumentere for at det kanskje ikkje er sjølve deltakinga i andre utval som endrar motivasjonsfaktoren, men at erfaringa frå det engasjementet påverkar kompetanseopplevinga, som igjen påverkar motivasjonsfaktorane. Ungdomane med erfaring frå liknande gjer i alle tilfelle andre vurderingar av eiga rolle i utvala, enn det dei utan erfaringar gjer.

Ungdomane er tydeleg bevisste på at dei har rett på sin plass fordi at utvalet skal spegle innbyggjarane i kommunedelen, at ungdomars stemme også skal høyrast, og at dei sit på kompetanse som dei vaksne ikkje har. Dei ynskjer å ta aktivt del i prosessen knytt til handsaming av lokale saker, og viser til at det er viktig for dei at ikkje kommunestyret som er langt i frå der vedtaka råkar, sit og tek avgjerder aleine utan nokon med lokal tilknytning til saka får uttale seg.

Ungdomane fortel at sakene dei får til handsaming i utvalet ikkje nødvendigvis må vere store for at dei skal finne arbeidet viktig og motiverande. Snarare tvert om opplev dei det som meir interessant med fleire og mindre saker som viser att og som betyr noko for innbyggjarane i kommunedelen, enn at sakene må vere store. Ungdomane opplev at mindre saker «høyrer heime» i kommunedelsutvalet, sidan det er dei som sit med lokalkunnskapen og kan gjere gode vurderingar på rett grunnlag. Vidare fortel ungdomane at dei syns det er viktig at

kommunedelsutvala får oppgåver som dei faktisk kan gjere noko med, at dei får nok saker til for at arbeidet skal følast meiningsfylt. Dette er i tråd med vilkåra for nærdemokratiet, som også tek fram at sakene ikkje må vere for komplekse, då det kan gi trøttheit blant medlemmane (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013).

Oppsummert ser motivasjonen for deltaking blant ungdomane ut til å todelt; for den eine, og største sida er motivasjonen knytt til eit ynskje om å vere betydningsfull gjennom å ta ansvar, bruke sin kompetanse og bidra til at ungdomane si stemme vert høyrde. Andre ser personleg gevinst i form av erfaring, og attestar som vil ta seg godt ut ved seinare høve som største motivasjonen for å melde seg som kandidat. Ungdomane ser stort sett ut til å vere motiverte og set pris på moglegheita til å vere med i eit utval som også sikrar deira stemme, sjølv om at dei bakomliggande årsakene til deltaking er ulike.

### **Rolla som ungdomars representant**

Tidlegare forskning har vist at ungdom som engasjerer seg i lokaldemokratiske organ ofte er skule- og ressurssterke, og har ei oppleving av at dei kjenner sine med-ungdomars synspunkt, og dermed kan vere ein god representant for dei (Hagen, 2017, s. 6). Dette stemmer også med funna i denne studien; fleire ungdomar fortel om stort personleg engasjement for lokalmiljøet og omtalar seg sjølv som generelt samfunnsengasjerte. Fleire har, anten no eller tidlegare, hatt andre liknande verv og er aktivt deltakande i frivillig arbeid innan idrett og kultur, og verkar å ha stort nettverk rundt seg av både jamaldringar og vaksne. Kva som kjenneteiknar ressurssterk ungdom vil variere, men det ser ut til at mange ungdomar i denne studien har eigenskapar og interesser som går godt saman med ei rolle som medlem i kommunedelsutval. Ungdomane som har erfaring med å drøfte samfunnsspørsmål med andre ungdomar verkar tryggare i si rolle som representant for dei, og det kjem fram at dette er ei rolle og eit ansvar ungdomane tek på alvor. På same tid er rolla store sko å fylle for ein ungdom åleine.

Det kjem fram at fleire er aleine som ungdom i kommunedelsutvalsmøta, anten fordi dei er einaste unge medlem i sitt utval, eller fordi deltakinga frå andre unge medlemmar er varierende. Dermed kan ein hevde at ordninga i hovudsak legg til rette for dei ressurssterke ungdomane si deltaking. Ringholm vurderer slike ordningar med eit kritisk blikk, og stiller i sin studie spørsmål om at auka folkeleg deltaking i røynda berre gir dei sterkaste stemmene endå ein arena å kome til orde på. Dette kan gå på kostnadane av dei som manglar kunnskapen om korleis ein innrettar seg for å kome fram med sine perspektiv. På same tid kan ein argumentere for at slike ordningar likevel engasjerer breiare enn det kommunen greier åleine (Ringholm, 2018). Men igjen kan dette tenkjast å berre gjelde under den føresetnad at

det leggest til rette for reell deltaking for medlemmane i slike organ, også ungdomane. Om dei berre er med for syns skuld kan ein heller ikkje kalle det breiare engasjement.

Ungdomar som manglar erfaring frå lokalpolitiske prosessar fortel at vennekretsen ikkje kjenner til ordninga, og at dei ikkje eingong veit eller forstår kva det er, og dei har ikkje erfaring med å drøfte samfunnsspørsmål med jamaldringar. Dette gjer ikkje desse ungdomane til mindre attraktive kandidatar enn andre, men det viser igjen at ein ungdom åleine i ein slik posisjon er sårbar på fleire måtar. For det første er vedkomande aleine, for det andre skal dei representere ei stor og mangfaldig gruppe og for det tredje er dette ei rolle der det tilsynelatande kan vere vanskeleg å finne både forståing og dialog for hjå eiga referansegruppe. Dermed dukkar spørsmålet om kva som er føremålet med deltakinga opp. Er målet reell deltaking frå ungdomane, eller er ein nøgd med at ungdomane er til stades og dermed i teorien har moglegheita til å delta? Og kan ein i begge tilfella «krysse av» for ungdomars deltaking sidan dei er representerte i utvala? Dersom tanken er at ungdomars deltaking er dekkja av dei unge medlemmane i kommunedelsutvala har dei i så fall eit stort ansvar på sine skuldrar.

Det er kanskje ein føresetnad for at ein ungdom åleine skal kunne ta del og fylle rolla som ungdomsrepresentant at vedkomande har visse ressursar - og ikkje minst eit stort nettverk for å kunne seie at ein kjenner jamaldringar sine synspunkt. Ungdomane kan møte fleire kjelder til utfordringar med å fylle rolla som ungdomsrepresentant; både manglande støtte frå eigne og kanskje er det krevjande å få gehør frå andre i kommunedelsutvalet, noko som kan gjere det vanskeleg å fylle ei slik rolle på ein god måte, utan å ha bestemte eigenskapar. Dette er krav ein i praksis aldri ville kunne stille for å delta i kommunedelsutvala, men på same tid viser det at ein ungdom aleine aldri reelt sett ville kunne dekkje for ungdomar som gruppe

Erfaring frå liknande lokale politiske prosessar kan uansett sjå ut til å vere spele ei viktig rolle – men på same tid kan ein stille seg spørsmålet om det er erfaringa eller andre faktorar som gjer det lettare for enkelte å ta steget inn i rolla som medlem i kommunedelsutvalet. Mest truleg er det fleire faktorar som påverkar dette: som den den innvalde ungdomen er og det han eller ho har vokse opp med, det vil seie kombinasjonen av personlegdom og påverknad, altså den kulturelle kapitalen vedkomande har opparbeidd seg gjennom livet. Slik kan ein seie at det er ikkje berre erfaringa åleine som påverkar i kva grad ein vurderer seg sjølv til å vere ein kandidat for medlemskap i eit slikt utval.

*Oppsummering forskingsspørsmål 2:*

Hansen m.fl. peika på at nærdemokratiske organ med ikkje-politiske representantar ikkje nødvendigvis betrar dialogen mellom innbyggjarane og kommunen, noko ein kan argumentere for at kjem til syne i dette materialet (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013). Ordninga opnar for at «kven som helst» skal kunne delta, men på same tid ligg det ei forventning i at ungdomane skal ta rolla som dei unge sin representant som gruppe, noko som stiller føresetnadar om både særskilde personlege eigenskapar og kunnskap om ordninga. Born og unge er som samfunnet elles ikkje ei homogen gruppe, og dermed kan det langt på veg vere ein føresetnad for at ungdomane si stemme skal høyrast at dei er fleire saman, at dei har ein arena for å drøfte relevante spørsmål med jamaldringar på, og at utvala set av ressursar til oppfølging av gruppa slik at dei kjem til orde og jobbar for å jamne ut føresetnader for deltaking mellom dei ulike medlemsgruppene.

Når ungdomane fortel om sine erfaringar i kommunedelsutvalet er det heile mykje farga av korleis dei sjølve vurderer verdien av eiga deltaking. Det er mykje som tyder på at ungdomane har god demokratisk forståing, men variasjonane ligg i kva grad dei har tru på seg sjølv som aktivt deltakande medborgarar. Her ser bakgrunnen og erfaringane dei har med seg inn i kommunedelsutvalet ut til å spele ei viktig rolle, der ungdomane med erfaring frå og kunnskap om lokalpolitiske prosessar sine opplevingar er meir positive enn dei som manglar slik erfaring.

Felles for alle ungdomane er at dei treng å verte møtte med respekt, og må giast rom for å delta på eigne premisser dersom deira engasjement skal blomstre. Vert ungdomane derimot ikkje tekne på alvor – noko ein finn eksempel på i dette materialet – kan det utgjere eit problem for demokratiet. Kva for tilhøve som påverkar desse erfaringane vert presenterte i neste drøftingsdel.

#### 6.4. Kva for tilhøve påverkar opplevinga av deltakinga i kommunedelsutvalet?

I denne drøftingsdelen er målsettinga å gå nærare inn på hovudfunna knytt til kva tilhøve ungdomane meiner har påverka opplevinga av deltakinga i kommunedelsutvalet. Alle ungdomane tek i større eller mindre grad fram dei andre medlemmane og relasjonen til dei som noko som har påverka opplevinga i stor grad.

I kva grad ungdomane føler seg trygge i situasjonen og som del av eit fellesskap ser ut til å vere viktig. Andre studiar argumenterer òg for at barns tryggleik må ligge til grunn for god deltaking (Nylander & Katanasho, 2019). I tillegg påverkast deltakinga av om dei får hjelp til å innrette seg for å nå fram med sine synspunkt, som igjen har innverknad på om dei opplev at



dei meistrar det dei ser som si hovudrolle – ein representant for ungdomar som gruppe. Summen av desse, kjensle av tryggleik, det å føle seg inkludert i eit fellesskap som likeverdig medlem og om dei føler at dei når fram er viktige tilhøve for om dei tek aktivt del i diskusjonane og om dei greier å fylle si rolle. Dei unge må anerkjennast som kompetente aktørar, og må få moglegheita til å delta på eigne premissar.

### **Alle i same båt**

I oppstartsfasen av kommunedelsutvala var det tydeleg at ungdomane opplevde at dette var nytt for alle, og at utvala måtte prøve og feile før dei fann si endelege form. Det var også rom for å gjere tilpassingar innan visse rammer – slik som dei sjølve fann det fornuftig.

Ungdomane gir uttrykk for at dette bidreg til kjensla av å stille likt med dei andre medlemmane - at alle var i same båt. For ungdomane var den viktigaste delen av opplæringa tilsynelatande det å verte kjend med og trygg på dei ein skulle sitte i kommunedelsutvalet saman med, medan måten oppgåvene skulle løysast på kom i andre rekkje. For ungdomane er det altså ikkje dei formelle krava som opptek dei mest, men det å finne seg til rette i gruppa.

Å finne seg til rette handlar også om dei føler seg som likeverdige medlemmar i utvalet. På spørsmål knytt til dette tema er det fleire ungdomar som reflekterer rundt korleis diskusjonane typisk går i møta, og måten innspela frå ungdomane vert møtte på av dei andre medlemmane i utvalet. Situasjonar der ungdomane tek aktivt del i debatten og innspela deira inngår som ei brikke i eit samspel med dei andre medlemmane gir ungdomane kjensla av å ta del i noko større. Dette gir meistringskjensle, styrkar sjølvtiliten og motiverer til vidare deltaking. Deci meiner at når ein aktør opplev arbeidet som viktig og engasjerande vil det å delta i seg sjølv opplevast som ei belønning og tilfredsstilling, og vil styrke både sjølvkjensla og prestasjonane (Deci, 2012). Det å bidra med noko av verdi for fleire enn seg sjølv ser altså ut til å gi ungdomane kjensla av å bety noko, og styrkar kjensla av likeverd og det å vere ein del av eit fellesskap blant dei andre medlemmane.

### **Deltaking i utvala**

Det er likevel noko variasjon i korleis det vert lagt til rette for ungdomane si deltaking i kommunedelsutvala. Sjølv om dei fleste som første respons på spørsmåla om deltaking svarer at det er bra, så viser oppfølgingsspørsmåla at fleire har erfaringar som tyder på at det er tilhøve som det må rettast merksemd mot.

Fleire fortel at det er rom for både å seie feil og å vere ueinig med dei andre medlemmane, og at dei vert «hjelpete inn att på rett spor om dei bommar heilt», som ein av informantane sa. Kva

for konkrete situasjonar dette gjeld går ingen av ungdomane særleg inn på, men rettleiing frå erfarne medlemmar kan tenkjast å vere nødvendig for ungdomane si deltaking når dette er nytt for mange av dei. På same tid er det fleire av dei som seier at dei aldri tek ordet utan at dei har noko «skikkeleg» å kome med. Fleire grunnjev dette med at dei har knapt med tid i utvalsmøta, og at ein difor ikkje tek ordet utan at det er viktig. Dette tyder på at ungdomane ikkje snakkar fritt utan at dei er trygge på at det dei skal seie er innanfor rammene – og er dei det minste i tvil så held dei stilt.

Hegna m.fl. peiker i si forsking på fleire demokratiske dilemma som dei unge står i. Eit av dei er knytte til det at ungdomar er venta å vere demokratisk lydige medborgarar som opptrer etter rammer og normer definerte av vaksne. På same tid er dei venta å bidra til endring (Hegna, Ødegård, & Seland, 2018). Men skal endring skje må det også vere rom for endra praksis, noko som utviklinga i lokalpolitikken og -demokratiet tilseier at det er behov for. Kanskje må ein vere forsiktig med å rettleie ungdomane for mykje sjølv om dette også kan opplevast som naudsynt støtte, då det lett vert ei form for tøyning som vidarefører det etablerte i staden for å legge til rette for nye måtar for deltaking. Ein må altså søkje å finne ei knivsegg, der dei vaksne legg til rette for og løftar ungdomane sine stemmer fram i lyset på deira premissar, gir rom for at dei skal lære å verte aktive medborgarar, ikkje gjennom å vidareføre etablerte rammer for ungdomane si deltaking, men å gi dei forståing for det etablerte og på same tid gi dei rom for å vere sjølvstendige og bevisste medborgarar som gradvis bygg politisk sjølvtrillit. Skal ungdomane få kome til orde må dei få utfalde seg på nye og kreative måtar, snakke med sitt språk og få rom for å spørje der det er uklarheit. Utan vil det ikkje vere råd for ungdomane å utgjere ein opposisjon til det etablerte. Slik kan også ordninga fungere som ein skule i demokrati, då ungdomane gjennom erfaringane dei hentar i kommunedelsutvalet får utfordra sine syn på og forståing for kompleksiteten som ein må forhalda seg til i politisk tenking og prioritering (Ringholm, 2018; Klausen, et al., 2013).

At ungdomane vert inkluderte gjennom å bli spurt om si meining med namns nemning, særleg frå sentrale medlemmar som t.d. leiaren i utvalet er noko dei set pris på. Dersom det i tillegg vert gjort på ein måte som opnar for at ungdomane kan kome med innspel på sin måte, utan krav om store ord og komplekse utgreiingar, er det fleire som gir uttrykk for at dette skaper meistringskjensle, styrkar sjølvtrilliten i rolla og gir kjensla av at ein bidreg med noko viktig. Mange opplev at dette gir kjensla av å verte anerkjent som eit kompetent medlem som har like mykje dei skulle ha sagt som andre medlemmar.

Sjølv om det kan vere utfordrande å ta ordet fortel dei fleste ungdomane at dei trivast som medlem i kommunedelsutvalet. Dette kan sjå ut til å vere nær knytt til personlegdom, men også korleis innspela deira vert møtte av dei andre medlemmane i utvalet. Trivsel kan mellom anna påverkast av om ungdomen opplev sitt bidrag som nyttig og om dei opplev å verte høyrde. Medlemmane i kommunedelsutvalet har ulike bakgrunn og er truleg som politikarar flest - grunnleggande ueinige i kva som er viktigast og kva som må prioriterast. Nettopp dette, det same som Winsvold viser i si forskning, tek ungdomane fram som trivselsfaktor for si deltaking - nemleg ueinigheit.

Ungdomane ser den varierte gruppesamansettinga i kommunedelsutvala som svært positiv, fordi dette bidreg til at ein får fram ulike kunnskap og forskjellige perspektiv når dei drøftar sakene. Ulikskapen i bakgrunn hjå medlemmane gir på eine sida rom for å vere ueinig, og på den andre sida gir det sakene fleire nyansar og skaper ifølgje ungdomane fruktbare og meiningsfylde diskusjonar. Dette igjen gir dei kjensla av å ta del i noko viktig, fordi god argumentasjon kjem på bordet og tvingar ein til å tenkje og reflektere kring eigne haldningar. Gjennom desse diskusjonane oppstår ein dynamikk der ungdomane har ei rolle i eit fellesskap der ein bygg på kvarandre sine innspel, med mål om å kome fram til ein konklusjon som alle kan samlast om. Det er altså ulike måtar å omtale trivsel på, og ungdomane har vore innom fleire ulike sider som bidreg til at dei trivst som medlem i kommunedelsutvala. Politisk forskjell er altså ein av dei, men sjølv om ein er ueinig, så likar dei ikkje å krangle. Ein må møte kvarandre med respekt, argumentere sakleg og dette gjer arbeidet meiningsfylt og kjekt (Winsvold, 2021; Nylander & Katanasho, 2019).

Ungdomane har som alle andre ulike føresetnader for deltaking, og kan som nemnt vere knytt til personlegdom, men også mellom anna erfaring, kor modne ungdomane er eller respekten dei har for autoritetar eller andre med formelle roller. På same tid kan deltakinga også påverkast av kulturelle tilhøve i utvala. Ungdomane treng i alle tilfelle stadfesting på at dei er verdsette og bringer viktig kompetanse til bordet som ein både ynskjer og treng. Ungdomane som tør å fylle rolla ser som følgje av sitt engasjement ut til å i større grad verte inkluderte og verdsette av dei andre medlemmane i utvalet. Men er det slik, at ungdomane som skal vere medlemmar i eit slikt utval må ha personlege eigenskapar og grunnleggande kunnskap for å kunne ta del, og gjennom si deltaking og engasjement for arbeidet må bevise seg verdig sin plass i utvalet?

Relasjonen til dei andre medlemmane er uansett ein viktig del av opplevinga med deltaking i kommunedelsutvala for ungdomane. FN sin barnekomité tek mellom anna opp behovet barn

og unge har for å verte møtt med respekt, og korleis arbeidet må tilpassast alder og utviklingsnivå – og i dette tilfellet også erfaring. Det er eit ansvar som ligg til dei vaksne å ta omsyn til dei unge. Dei viser til at når born og unge skal ta del i slike prosessar bør det setjast av tid og ressursar til å sette dei i stand til å ta aktivt del i møta gjennom støtte til førebuing og gjere dei trygge nok til å formidle sine meiningar. I tillegg peikar FN på behovet born har for å oppleve meistring i slike situasjonar (Nylander & Katanasho, 2019).

Sjølv om dei fleste ungdomane opplev å meistre deltakinga, så er det også ungdomar som ikkje føler seg sett og høyrde. Dei fortel om formelle møte der dei mest erfarne medlemmane tek dominerande roller. Ungdomane prøvar å engasjere seg, men dei unge si stemme forsvinn i mengda av store ord og vanskelege formuleringar – ei kjend utfordring for unge politikarar (KS, u.d.). Dermed opplevast deltakinga fånytt og dei ynskjer å slutte når perioden er over. Fleire nemner at diskusjonane stadig vekk ber av stad og «passerer over hovudet» på dei, altså at dei ikkje greier å henge med. Og når dei ikkje heng med er det heller ikkje så enkelt å ha ei meining om sakene. Dette er knytt til språket i både møta og i saksdokumenta som fleire opplev tungt og vanskeleg å forstå. At informasjonen er lik for alle medlemmane kan i slike tilfelle skape ulike premissar for deltaking, som ein kjem nærare inn på i neste drøftingskapittel.

På same tid kan vanskane med å henge med i møta like gjerne handle om at dei fleste ungdomane er unge og nye i rolla, og naturlegvis ikkje har kjennskap til alle saksområde som kanskje har historikk tilbake i tid. Desse ungdomane opplev uansett i liten grad å bli tatt omsyn til og inviterte til å ta del i diskusjonar, og når dei blir bedne om å kome med innspel vert gjerne dette ei oppgåve som for ungdomane opplevast vanskeleg sidan dei ikkje klarer å henge med på diskusjonen. Dermed vert ungdomane sitjande att med kjensla av at dei ikkje får brukt sin kompetanse og formidla ungdomane sitt perspektiv. På same tid vil differansen mellom ungdomar og vaksne vere ein ulikskap som alltid vil ligge der uansett. Det er ikkje lett å vere ungdom å spør om å få ting forklart på ein enklare måte i møta, men desto viktigare er det at dei andre medlemmane gjer seg tilgjengelege for spørsmål, både i og utanom møta.

## **Læring**

Sjølv om det er variasjonar i korleis ungdomane opplev si deltaking i kommunedelsutvala, så fortel alle ungdomane at opplevinga frå kommunedelsutvalet har gitt dei kunnskap og erfaringar dei ikkje ville vere forutan. KS viser til at læringsutbyttet for mange yngre politikarar er viktigare enn det å faktisk få utretta noko (KS, u.d.). Sjølv om det for mange var utfordrande i starten fortel ungdomane at mykje har vorte betre med tida. Det kan utan tvil

opplevst overveldande å verte plassert i ein posisjon som står i sterk kontrast til kvardagslivet som umyndige ungdomar. Gjennom deltaking i kommunedelsutvalet er dei over natta ein del av ein viktig samfunnsstruktur, ein institusjon der aktiv politisk deltaking er både ønska og venta.

Erfaringa har gitt dei både kunnskap om det offentlege, om korleis politiske prosessar fungerer og fleire fortel at erfaringa har gitt dei styrka sjølvtrillit som vil vere nyttig for deltaking seinare i livet. Sjølv om nokre har opplevd deltakinga utfordrande gir ungdomane uttrykk for at dei har fått kunnskap om demokratiet gjennom ei ordning som er meir handterleg og mindre avskrekkande enn mange andre politiske organ (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013). Det er eit mål at ungdomar settast i stand til å ta aktivt del i samfunnsutviklinga. Som tidlegare nemnt ser dei ut til å ha god demokratisk forståing, men for at dei skal settast i stand til å ta aktivt del i demokratiet må ungdomane nødvendigvis ikkje berre lære *om* demokratiet, men at dei også lærer for og gjennom demokratisk deltaking (Hegna, Ødegård, & Seland, 2018, s. 15).

#### *Oppsummering forskingsspørsmål 3:*

Informantane i denne studien er første gruppe ungdomar som har vore med i kommunedelsutvala, noko som kan tenkjast å vere ein fordel fordi dei stiller likt med dei andre medlemmane – alle er ferske.

Ungdomane opplev totalt sett at høvet til deltaking er god, men som nemnt viser materialet at det også her er tilhøve ein må vere bevisst på. Mangfaldet i utvala bidreg positivt – både fordi dette krev ei form som en mindre formell, men også fordi ulike perspektiv og omsyn kjem fram i debattane.

Det aller viktigaste tilhøvet for opplevinga av deltakinga ser likevel ut til å vere relasjonen til dei andre medlemmane i utvala. Noko variasjon vil det vere, noko som kjem av ulikskap i mellom anna personlegdom og erfaring, men alle gir uttrykk for at dei har behov for ei viss grad av støtte og rettleiing frå dei andre medlemmane i utvalet.

Ungdomane som føler seg trygge, deltek aktivt i møta og tek rolla som representant for si gruppe fortel om ei kjensle av å ta del i og bidra i eit fellesskap, noko som gir meistringskjensle og motiverer til vidare engasjement. Likevel er ikkje det for kven som helst å kaste seg ut i ein debatt med erfarne politikarar. Fleire er opptekne av å ikkje ta ordet utan at dei veit at det dei kjem med er noko av betydning.

Sjølv om dei fleste ungdomane er positive og har gode erfaringar med si deltaking, viser funna i studien ein dualitet som tyder på at det likevel er tilhøve det må jobbast med i framtida. For enkelte er altså deltakinga krevjande. Dei opplev at det er vanskeleg å kome til orde og bli høyrd i ei forsamling med erfarne politikarar og andre vaksne. Så lenge det ikkje er klare rutinar for oppfølging av ungdomane i kommunedelsutvala er dei prisgitt dei andre medlemmar sine personlege evner til å sjå og legge til rette for ungdomane si deltaking. Det er dei vaksne som må støtte ungdomane i arbeidet slik at dei får byggje sjølvtiliten dei treng for å kunne verte konstruktive og deltakande medlemmar i utvala. Dualiteten kan såleis vere ein indikasjon på at det er behov for å utarbeide konkrete mål og tydelege rammer for arbeidet med oppfølging av ungdomane. På same tid kan dette arbeidet krevjande å institusjonalisere då god oppfølging mellom anna er avhengig av kjemien mellom den som er ansvarleg og den som skal følgjast opp.

Likevel er ungdomane, uavhengig av utfordringar dei har møtt, samla sett glade for erfaringa og lærdomen dei har med seg frå deltakinga. Kommunedelsutvala opplevast som ei fin første erfaring i lokalpolitisk arbeid, og fleire fortel at dei i dag meir enn før ser det som sannsynleg at dei vil fortsette å engasjere seg i lokalsamfunnet.

#### 6.5. Kva ser ungdomane som styrkar og svakheiter ved ordninga?

Den siste delen av drøftinga tek føre seg kva ungdomane i ettertid ser som styrkar og svakheiter ved kommunedelsutvala som nærdemokratisk ordning, og er til dels innom utfordringar som også er drøfta tidlegare. Ungdomane har til dels ulikt syn på kva som er styrkar og svakheiter ved ordninga. Ein går difor berre kort innom kvart punkt i det følgjande.

Det bærande inntrykket i studien er at ungdomane opplev ordninga med kommunedelsutval svært positivt. Utvala utgjer ein arena der alle får kome til orde, det følast nært og trygt, og den uformelle forma gjer at ungdomane senkar skuldrane og ikkje er redde for å seie feil når dei tek ordet. Ungdomane opplev likevel til dels tungt fagspråk som ei utfordring, både i diskusjonane i møta og i sakspapira, sjølv om dette frå kommunen si side har vore arbeidd med å tilpasse. I tillegg er det fleire ungdomar som viser til at det å vere ein ungdom åleine i utvalet kan vere krevjande, både fordi dei saknar jamaldringar å diskutere med og støtte seg til, og fordi det krev mykje av ungdomane å ta ordet i ei slik forsamling då dei er åleine om å representere sitt perspektiv. Likevel ser dei kommunedelsutvala som ei ordning som er betre tilrettelagd for deltaking enn dei demokratiske organa over dei, både for ungdomane og for andre, og særleg for dei som ikkje har erfaring med lokale politiske prosessar. Ungdomane

opplev at kunnskapen og erfaringa frå deltakinga i kommunedelsutvala har gitt dei både lyst å sjølvtilitt nok til å ynskje å delta aktivt i lokalsamfunnet seinare.

### **God stad å starte**

Sjølv om ungdomane kan oppleve det utfordrande å delta aktivt ser dei likevel kommunedelsutvalet som ein god stad å starte, fordi det kjennast nært, er meir uformelt, har meir takhøgde og dermed legg betre til rette for deltaking for både ungdomar og andre enn t.d. kommunestyret. Kommunedelsutvala representerer ifølgje ungdomane eit nært og tilgjengeleg nærdemokratisk organ for alle som har ynskje om å engasjere seg, uansett bakgrunn. Når aktiviteten skjer der folk er og der alle kjenner alle, er dette noko som kan støtte opp om fellesskapskjensla og den lokale identiteten i kommunedelen.

Ungdomane fortel at det er viktig for dei at også erfarne politikarar er med i utvalet. Dette kan bidra til å bygge legitimitet både hjå innbyggjarane og blant medlemmane i kommunedelsutvalet (Klausen, et al., 2013). Når politikarane er til stades og prioriterer møta opplev ungdomane arbeidet meir meningsfylt, fordi politikarane representerer ei viss «tyngde» inn mot avgjerdstakarane. Dei kjenner dei formelle krava, og sørgjer for at kommunedelsutvalet innfrir desse. Deltakinga frå politikarane representerer også noko av mangfaldet blant medlemmane som ungdomane opplev som ein stor styrke i ordninga. Alle kan vere med, unge og gamle, ulike yrkesgrupper, og folk med og utan politisk erfaring, noko som ifølgje ungdomane gir fruktbare og lærerike diskusjonar. Dei peikar på at kommunedelsutvala er ein av få arena der politiske spørsmål drøftast av folk med svært ulik bakgrunn rundt same bord, og at dei opplev å ha utvikla seg, fått nye innsikter og større forståing for ulike perspektiv politikarar må ta omsyn til. Dette gir også kjensla av at dei tek del i noko viktig, og som motiverer til vidare deltaking.

### **Språk**

Sjølv om ordninga etter ungdomane si meining har mange styrkar er det også fleire som opplev at diskusjonar mellom dei vaksne medlemmane i utvalet, som gjerne nyttar meir avansert språk og har meir erfaring, er vanskeleg å henge med på. I tillegg fortel ungdomane at saksdokumenta kan vere tunge og byråkratiske. Ein ungdom fortalde at det følast som sløsing med tid å sitje å lese saksdokumenta, fordi hen ikkje forstår kva dei meiner likevel. At informasjonen er lik for alle kan i enkelte tilfelle innebere ulik behandling av medlemmane, som her (Nylander & Katanasho, 2019). Dersom ungdomane skal kunne delta på lik linje med dei andre medlemmane i kommunedelsutvalet må språket både i møta og sakspapira vere tilrettelagt for dei, altså bør ein unngå tunge faglege omgrep og formelt språk. Dette er også

eit aspekt ved det å respektere ungdomane og å sette dei i stand til å delta på lik linje med dei vaksne.

### **Ungdom åleine**

Ei av dei største utfordringane er likevel det å vere aleine som ungdom i kommunedelsutvalet. Fleire ungdomar hadde ynskje om å diskutere saker med jamaldringar som har same erfaring og helst i rolle i eit kommunedelsutval, slik at dei forstår kvarandre, utfordringane dei møter og at dei kan støtte seg til kvarandre i arbeidet.

Dualiteten som tidlegare vist til mellom dei som har og dei som manglar erfaring frå liknande arbeid kjem også fram i omtalen av styrkar og svakheiter ved ordninga. Forskjellen er at under dette tema kjem det tydelegare fram at det også kan handle om andre faktorar enn erfaringa i seg sjølv, som personlegdom og i kva grad ungdomen ynskjer å ta på seg ei rolle i eit slikt organ. Dei som har erfaring frå før opplev ikkje nødvendigvis det å vere åleine som ei like stor utfordring, men opplev det kanskje i større grad som ærefullt å vere den eine som skal representere ungdomen i utvalet. På same tid kan det sjå ut til at dei som er fleire har større utbyte av deltakinga. Dei som manglar erfaring ser ut til å ta ei meir passiv rolle i kommunedelsutvala, og nokre uttrykker at kjensla av å ikkje verte sett og høyrd gjer at dei føler seg malplasserte og fortel at dei verken vil eller tør å delta. På same tid krev ei slik rolle taleføre folk – om ikkje tenar det ikkje ungdomane sine interesser. Ungdomane kan likevel over tid settast i stand til å delta i større grad gjennom opplæring.

Det manglar likevel målsettingar og retningslinjer frå kommunen si side for korleis kommunedelsutvala skal legge til rette og følgje opp ungdomane. Dermed er dei unge prisgitt evnene dei andre medlemmane i utvalet har til å sjå og støtte, noko som nødvendigvis vil føre til ulik oppfølging av ungdomane frå utval til utval.

Ungdomars deltaking fell lett mellom to stolar. Utan tydelege målsettingar forankra i teori om reell og meiningsfylt deltaking, og i tillegg retningslinjer for oppfølging og opplæring i medverknad for både leiarar og medlemmar i utvala, kan ein risikere at deltakinga blir utan påverknad.

#### *Oppsummering forskingsspørsmål 4:*

Samla sett har ungdomane positive erfaringar med si deltaking i kommunedelsutvalet. Uformelle møte og rom for å uttrykkje seg som ein vil er av mange nemnt som noko som gjer at opplevinga har vore så god. Dei fleste ungdomane opplev å verte ivaretekne på ein god måte av dei andre medlemmane i utvala, men oppfølginga dei får er i stor grad



personavhengig, noko som kjem til syne i variasjonen i opplevinga. Måten det vert lagt til rette for ungdomars deltaking bør ikkje vere avhengig av enkeltpersonars evne til å sjå og støtte ungdomane i arbeidet, og behovet for mål og retningslinjer kjem til syne gjennom dualiteten i materialet i studien. Å vere leiar i eit slikt utval med ungdomar som medlemmar er også særleg ansvarsfullt, då det til sjuande og sist er hen som må sørge for at alle utvalet fungerer etter intensjonen – som også inneber deltaking frå ungdomane.

Ei utfordring som kjem fram er at ungdomane opplev at tungt språk som er vanskeleg å forstå til dels er utfordrande og gjer at det er vanskeleg både å sette seg inn i sakene og henge med i diskusjonane. Det er positivt at born og unge tek del i slike prosessar med vaksne, men informasjonen må tilpassast ungdomane dersom dei skal kunne delta på like premissar som dei vaksne. Dersom dette ver gjort på ein god måte vil det kunne bidra til å gjere deltakinga både lettare og mindre tidkrevjande for ungdomane, då sakene vert lettare å forstå. Og for å delta er det ein føresetnad å kjenne sakene godt nok (Nylander & Katanasho, 2019).

På same tid var desse utfordringane størst i starten av deltakinga i kommunedelsutvalet. På eine sida taler det for at perioden burde vere lenger også for dei yngre deltakarane, men på same tid vil dette kunne medføre utfordringar for rekrutteringa. Ungdom som er åleine i utvalet saknar å ha andre ungdomar å støtte seg til i arbeidet, både for å dele meiningar og for å ha ei sterkare stemme i møta.

## 7. AVSLUTTING

Denne masteroppgåva ser på ungdomars deltaking i kommunedelsutval i Ålesund kommune, og tek utgangspunkt i 9 kvalitative intervju frå 8 ulike utval. Erfaringane ungdomane har gjort seg gjennom si deltaking dannar grunnlag for både empirien og drøftinga i studien, med presentert teori og tidlegare forskning som bakteppe.

Studien sitt hovudføremål var å sjå på i kva grad ungdomane opplev at kommunedelsutvala bidreg til å skape eit aktivt lokaldemokrati.

Det representative demokratiet i Norge er bygd på tanken om eit styre av dei som veit best, men også på breidde – altså skal dei som styrer på vegne av folket skal ta omsyn til ulike grupper og interesser i samfunnet (Holst, 2019). Det er venta av dei som styrer at dei skal ha god vurderingsevne og sjå det store biletet, framfor å verte styrt av eigeninteresser eller enkeltsaker. I dag ventar folket i større grad enn før å verte involverte og høyre i lokalpolitikken (Klausen, et al., 2013). Ålesund kommune viser at dei tek demokratiet på alvor og har teke tak i nettopp dette og innført kommunedelsutval for å sikre innbyggjarane si

stemme inn mot avgjerdestakarane, også mellom vala. Kommunedelsutvala har potensiale for å vere ein viktig støttespelar for både kommunen og innbyggjarane – ein viktig link for å nå ut, ein kanal å verte høyrd i og som kan bidra til å auke engasjement gjennom nærleiken til innbyggjarane. Utvala kan altså vere ein god start, men det er ikkje nok å berre gi ungdomane moglegheita til å delta – dei må også få delta på ein måte som sikrar reell medverknad (KMD, 2006).

Det overordna inntrykket i studien er at ungdomane har positiv erfaring med deltaking i kommunedelsutvala. Dei opplev at ordninga legg betre til rette for deltaking enn til dømes kommunestyret som er meir prega av formalitetar, og dei fleste opplev å verte høyrde og inkluderte i diskusjonane. Men for å få ungdomane til å blomstre må kommunen vere merksame på utfordringane ved ordninga.

Datamaterialet i studien viser ein dualitet i ungdomane si erfaring. Her er indikasjonar på at ein i større grad må legge til rette for at ungdomane skal kunne delta på eigne premisser. Ungdomane har forskjellige eigenskapar, forskjellig erfaring, og har med forskjellig bagasje heimanfrå. Men, når «alle» er inviterte til å delta, så må også tilretteleggingane stå i stil til det. Funna viser mellom anna eit tydeleg behov for å utvikle målsettingar for ungdomars deltaking og retningslinjer for tilrettelegging. Desse bør vere forankra i teoriar om reell om meningsfylt deltaking, og minstekrav til arbeidet med inkludering av ungdomane bør innførast.

Dualiteten viser også at det er nødvendig å gjere andre tiltak. For nokre er deltakinga vellukka, medan den for andre kan sjå ut til å gjere meir skade enn nytte. Enkelte ungdomar gir uttrykk for at dei føler seg malplasserte, og at dei ikkje vert tekne på alvor. Dei kjenner på å ha mislukkast, og går i frå rolla med tankar om at dei ikkje skal gjere dette igjen.

Materialet viser at ungdomane opplev at vaksne politikarar ikkje veit kva dei meiner, noko som viser at det er nødvendig å ta seg tid til å høyre dei. Ein både ynsker og treng ungdomars si stemme i samfunnsdebatten, og skal ordninga bestå er ein avhengig av at dei får opplevinga av at dei gjer ein god jobb.

### **Vegen inn i kommunedelsutvala**

Kommunen hadde utfordringar med å rekruttere nok kandidatar til kommunedelsutvala då dei skulle startast opp. Dette kjem mellom anna til syne gjennom ein over-representasjon av ungdomar med erfaring frå liknande verv eller kjennskap til ordninga gjennom foreldre i ulike roller. På same tid kan dette ha samanheng med t.d. personlege eigenskapar og interessefelt.

Det kan uansett sjå ut til at ungdomane meiner at ein må ha visse eigenskapar for å kunne ta ei slik rolle, noko som kan gjere eit i utgangspunktet smalt rekrutteringsgrunnlag endå mindre.

Truleg kan kommunen hauste frukter av erfaringar blant ungdomane som har vore deltakande til no. Dei bør ta ei tydeleg rolle i rekrutteringsprosessen av dei som skal overta deira plass. Det vil for framtida vere viktig å ha fokus på å bygge ned barrierane for å kome inn i utvala dersom ein skal klare å nytte potensialet i ungdomar som ressurs fullt ut i utvalet. Truleg vil ungdomane sjølv, gjennom å formidle sine erfaringar til andre grupper ungdomar få ei langt nærare og breiare kontaktflate med potensielle medlemmar enn kommunen greier frå sentralt hald.

### **Oppløving av ordninga**

Den uformelle samhandlingsforma tek alle ungdomane opp som ein viktig eigenskap ved utvala. Dette inviterer til deltaking - også for dei som ikkje har erfaring frå lokale politiske prosessar, og opnar for eit mangfald blant medlemmane slik at folk med ulik bakgrunn og erfaring kan ta del.

Dei uformelle kvalitetane er viktige å ta i vare, men når målsettinga med ordninga er å styrke lokaldemokratiet må også det formelle vere på plass. Mellom anna må ein ha rutinar nok til å sjå kvar det ein jobbar med hamnar, i form av t.d. tilbakemeldingar om korleis kommunestyret handsamar innspela frå utvala. Mykje tyder på at fasilitator si rolle må tydeleggjerast. Dette gjeld særleg i rolla som kommunikasjonskanal mellom kommune og utval, men også som ansvarleg for medverknad i utvala, noko som kan gjere positive utslag på fleire kriteriar for velfungerande nærdemokratiske ordningar. Andre studiar viser det, og empirien i denne studien stadfestar det same (Hanssen, Klausen, & Winsvold, 2013; Klausen, et al., 2013). Det er likevel svært viktig å balansere desse to elementa, då for mykje av det uformelle kan gjere arbeidet for flytande og lite målretta, og på motsett side vil for mykje formalitetar kunne utgjere ei barriere for deltaking, særleg for dei unge.

### **Erfaringar knytt til samfunnsrolla**

Føremålet med ungdomars deltaking er utydeleg kommunisert frå kommunen si side, noko som kan påverke kor tydeleg rolle dei tek. Når ein inviterer ungdomar inn i ei slik ordning for å vere med å forme eiga framtid må ein likevel ta utgangspunkt i at målsetjinga er at dei skal vere representantar for ungdomar som gruppe (Ålesund kommune, 2020b). Dermed kan ein argumentere for at det langt på veg er ein føresetnad at ungdomane har bestemte eigenskapar for å makte å fylle rolla.

For det første: Skal dei vere ein legitim representant for ungdomar, så må vedkomande vere vald at ungdomar. I dette tilfellet har ungdomane anten foreslått seg sjølv som kandidat eller av andre vaksne.

For det andre: Ein viss kunnskap om politiske prosessar ser ut til å ha betydning. Det ser ut til at ungdomane som har erfaring frå og kunnskap om slike opplev deltakinga lettare, og at dei i større grad opplev å få gjennomslag for sine innspel.

For det tredje: Å representere ungdomar som gruppe stiller høge krav til personlege eigenskapar . Ei slik rolle er eit stort ansvar som krev dialog med referansegruppa, og ein må evne å sjå det store biletet. På same tid må ein vere tøff nok til å stå imot vaksne erfarne politikarar, noko ein ser at ungdomane opplev utfordrande, sjølv om dei også ser dei vaksne som «lagspelarar». Ungdomane står i eit dilemma, mellom det å handle innanfor rammene definerte av dei vaksne, og i tillegg hevde sin rett som ungdom.

For det fjerde: Dei fleste kommunedelutvala har berre *ein* ungdom som åleine skal forsvare ungdomar som gruppe. Det siste er kanskje også den største utfordringa. Ein informant som er medlem i eit utval med to ungdomar reflekterer kring tryggleiken det gir å vere to, og gir også uttrykk for at det å vere aleine ville vere ei stor utfordring.

Det er tydeleg at å fylle denne rolla er ei stor oppgåve for ungdomane, og særleg for dei som sit åleine i utvalet. Kanskje vil andre organisasjonsformer som til dømes «ungdomens kommunedelsutval» vere den beste løysinga. Det vil gi ungdomane ein arena å drøfte sakene med jamaldringar på. I tillegg vil det å få støtte frå fleire i referansegruppa gjere det lettare for ungdomane å fremje saker på eige initiativ som gagnar deira aldersgruppe. Dette er også i tråd med føremålet til kommunedelsutvala - å arbeide for lokalsamfunnsutvikling gjennom t.d. nærmiljøtiltak som gagnar innbyggjarane i kommunedelen.

### **Tilhøve som påverkar opplevinga**

Ungdomane er særleg opptekne av relasjonen til dei andre medlemmane når kva som påverkar opplevinga er diskutert. Det er viktig at dei både opplev å verte inkluderte, får kjensla av å bety noko og at dei når fram med sine innspel. Lukkast ein med å gjere opplevingane for ungdomane gode, kan kommunedelsutvala også utgjere ein viktig kanal for å få talentfulle ungdomar inn i eit organ der dei kan utvikle si politiske interesse og sjølvtilit, og kan verte ein viktig ressurs for kommunen i framtida.

Dei fleste ungdomane opplev å få god støtte i kommunedelsutvalet og at dei andre medlemmane er flinke til å sjå og legge til rette for deira deltaking. På same tid utgjer det ei svakheit i systemet at oppfølginga er avhengig av enkeltpersonars evne til å sjå og støtte ungdomane i arbeidet. Dermed er både opplæring, utvikling av målsettingar for inkludering av og retningslinjer for oppfølging av ungdomane viktig, for alle medlemmane i utvalet. På same tid er det kanskje like viktig å plassere ansvaret for å sjå til at oppfølginga er tilstrekkeleg hjå leiaren eller andre ressursar i utvalet.

### **Styrkar og svakheiter**

Ungdomar under 18 år har kortare periode i kommunedelsutvala enn dei andre medlemmane. Argumentet for dette er at det er mykje som skjer, og at ungdomane vil ha vanskar med å forplikte seg til deltaking i 4 heile år. På same tid er det fleire ungdomar som viser til at utfordringane dei møtte i starten knytt til vanskeleg språk, å henge med i diskusjonane og å ta aktivt del i møta er mindre mot slutten av perioden. Dette tyder på at den korte perioden ungdomane sit er med på å halde ordninga lågt på Harts medverknadsstige. I tillegg har desse ungdomane kome inn i ordninga når den var ny, og truleg vil neste gruppe ungdomar ha endå dårlegare føresetnader for å finne seg til rette i ei gruppe som allereie har samarbeidd i 2 år.

Dersom det er eit mål å få ordninga høgare opp på medverknadsstigen bør ein altså vurdere perioden ungdomane sit. På same tid veit ein at 4-års perioden truleg ha negativ innverknad på rekrutteringa av nye kandidatar. Det ville nok vere nyttig å innføre ei meir dynamisk ordning knytt til innlemminga av nye unge medlemmar - til dømes ei fadderordning, der ungdomane som skal vere med i neste periode kjem inn i utvala ei gitt tid før dei andre skal ut, slik at ein overlappar med t.d. eit år. Ikkje berre vil gevinsten med ei slik ordning sikre god opplæring av dei nye medlemmane – det vil også kunne senke terskelen for deltaking, gjere ungdomane tryggare i rolla, og i tillegg vil dette kunne sikre kontinuitet i deltakinga frå ungdomane. I tillegg kan ein innføre at 2 ungdomar sit der fast, og at det årleg kjem inn ein ny «fadderungdom». Slik vil alle tre kunne dra veksling på dei andre sine erfaringar, kunnskap og innspel. I tillegg vil ei slik ordning kunne avlaste leiar som har ansvar for alle deltakarane, då opplæringa vil skje kontinuerleg og av ungdomane sjølv.

Alt i alt er ungdomane positive og har gode opplevingar knytt til si deltaking. Dei har fått kjensla av å bidra i noko større, ta del i ting som både gagnar og gler lokalsamfunnet, og opplev å verte teken omsyn til i kommunedelsutvala. Dei føler det som eit ærefullt oppdrag, og set stor pris på tilliten dei får. Det er den reelle medverknaden det er knytt utfordringar til.

Sjølv om ein er eit godt stykke på veg så kan dette betrast ytterlegare gjennom å ta tak i utfordringane som denne studien har avdekka - men også å ta i vare det som er bra. Ordninga ser i alle fall ut til å vere verdsett av både ungdomane og andre, og bør bestå dersom kommunen skal lukkast i prosessen der kommunedelane skal finne sin plass i den nye storkommunen.

Kommunedelsutvala er eit svært viktig tiltak for å stimulere til aktivitet i lokaldemokratiet. Ungdomane sine erfaringar viser at utvala er aktive og inkluderande, men også at dei har potensiale for å verte ei endå sterkare kopling mellom innbyggjarane og kommunen som begge sider kan dra stor nytte av i framtida.

### 7.1. Forslag til vidare forskning

Forslaga til vidare forskning er basert på kunnskap eg har opplevd at har mangla i prosessen med denne studien.

Det første og openberre for vidare forskning er ein observasjonsstudie av sjølve møta der ein kan skaffe seg meir empiri og observere det formelle og uformelle i praksis. Uformelle møteformer kan gi erfarne politikarar rom for å ta dominerande roller, noko som kan utgjere ein trussel for rekrutteringa inn i lokalpolitikken.

Denne studien var gjennomført relativt tidleg etter innføring av ordninga. I tillegg har delar av perioden vore prega av koronarestriksjonar og nedstenging. Det ville difor vere interessant å sjå korleis denne ordninga fungerer på eit seinare tidspunkt når den har fått sett seg. Ein kunne òg sjå på i kva grad slike nærdemokratiske ordningar legg til rette for deltaking, og korleis motivasjonen for deltaking i ei slik ordning utviklar seg over tid.

Denne oppgåva peikar på fadderordning som ei moglegheit. Det hadde vore interessant å sammeholde utval med og utan fadderordning, for sjå påverknaden dette har. Erfaringar henta her kunne også vore overført til andre liknande utval.

Det hadde òg vore interessant å sjå kommunedelsutvala i lys av andre råd og utval i kommunen. Kva tillit har innbyggjarane til ordninga? Eg har i denne studien sett på ungdomane sitt perspektiv, medan innbyggjarane er dei medlemmane i kommunedelsutvalet faktisk skal representere. I kva grad kommunestyret dreg nytte av kunnskapen og innsikta kommunedelsutvala genererer, ser ut til å vere ein viktig faktor for ein velfungerande storkommune.

## 8. LITTERATURLISTE

- Agger, A., Löfgren, K., & Torfing, J. (2010). *Nærdemokrati etter kommunalreformen: Erfaringer med nerværksbaseret borgerinndragelse*. Roskilde: Roskilde Universitetsforlag.
- Amdam, R. (2011). *Planlegging og prosessleing*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Arnstein, S. R. (1969). A Ladder Of Citizen Participation. *Journal of the American Planning Association*, ss. 216-224.
- Audestad, K. (2020, September). *www.bravo.hivolda.no*. Henta frå Masteroppgave - "Det må komme fra ungdommene sjøl": [https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/bitstream/handle/11250/2721364/master\\_AudestadK.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/bitstream/handle/11250/2721364/master_AudestadK.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Brandtzæg, B. A. (2014). *www.telemarkforskning.no*. Henta frå Kommunesammenslåing og regional utvikling. Betydning av identitet og tilhørighet: <https://openarchive.usn.no/usn-xmlui/bitstream/handle/11250/2439416/2530.pdf?sequence=2&isAllowed=y>
- Brandtzæg, B. A., Magnussen, E., Vike, H., Heian, M. T., Kvernenes, M. S., Jupskås, A. R., & Ruud, S. S. (2022). *Lokaldemokrati og lokalpolitikeres arbeidsvilkår - Motivasjon og deltakelse i lokalpolitisk arbeid*. Bø i Telemark: Telemarkforskning.
- Brandtzæg, P. B. (2013, Desember 15). Mot et digitalt sprang eller digitale barrierer? *FriFagbevegelse*.
- Braun, V., & Clarke, V. (2017). Thematic Analysis. I C. Willig, & W. Stainton-Rogers (Red.), *Qualitative Research in Psychology* (2. utg., ss. 17-37). London, Thousand Oaks, New Delhi, Singapore: SAGE Publications Lt. Henta frå [https://books.google.no/books?hl=no&lr=&id=AAAniDgAAQBAJ&oi=fnd&pg=PA17&dq=braun+and+clarke+thematic+analysis&ots=dokahnAcG-&sig=7ACOh0UkMaFTAFfm7Bi26Mg2DSc&redir\\_esc=y#v=onepage&q=braun%20and%20clarke%20thematic%20analysis&f=false](https://books.google.no/books?hl=no&lr=&id=AAAniDgAAQBAJ&oi=fnd&pg=PA17&dq=braun+and+clarke+thematic+analysis&ots=dokahnAcG-&sig=7ACOh0UkMaFTAFfm7Bi26Mg2DSc&redir_esc=y#v=onepage&q=braun%20and%20clarke%20thematic%20analysis&f=false)
- Bukve, O. (2021). *Forstå, forklare, forandre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Deci, E. (2012, Aug 13). *Promoting Motivation, Health, and Excellence*. (E. Deci, Artist) TEDxFlourCity, USA. Henta frå <https://www.youtube.com/watch?v=VGrcetsOE6I&feature=youtu.be>
- Del Casino Jr., V. J. (2009). Community and organizations. I V. J. Del Casino Jr., *Social Geography - A critical introduction to geography* (ss. 125-154). West Sussex: Blackwell publishing.
- Denscombe, M. (2010). *Ground rules for social research. Guidelines for good practice*. Maidenhead: Open University Press.
- Det kongelige barne- og likestillingsdepartement. (2006). *www.regjeringen.no*. Henta frå Deltakelse og innflytelse fra barn og ungdom -informasjon og veiledning for arbeidet i kommunene: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/rundskriv/rundskriv\\_deltagelse\\_og\\_innflytelse\\_barn\\_og\\_ungdom.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/rundskriv/rundskriv_deltagelse_og_innflytelse_barn_og_ungdom.pdf)
- Digitaliseringsdirektoratet. (2020, Mars 15). *Viktige element i innovasjonsarbeidet*. Henta frå [www.difi.no](http://www.difi.no): <https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/innovasjon/hvordan-jobbe-med-innovasjon/hva-er-innovasjon/viktige-element-i-innovasjonsarbeidet>

- Distriktssenteret. (2014). *www.distriktssenteret.no*. Henta frå Nærdemokrati - Kunnskap og erfaringer fra arbeidsverkstedet på Værnes 23. oktober 2014: <http://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2015/01/Nardemokati-Kunnskap-og-erfaringer-fra-arbeidsverkstedet.pdf>
- Forente nasjoner. (1989). *www.regjeringen.no*. (B. o. familiedepartementet, Red.) Henta frå FNs konvensjon om barnets rettigheter. Vedtatt av De Forente nasjoner 20. november 1989; Ratifisert av Norge 8. januar 1991. (Rev. oms. mars 2003 med tilleggsprotokollar): [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf)
- Granovetter, M. (1973). The strength of weak ties. 1360-1380. USA: American Journal of Sociology 78 (6).
- Hagen, A. L. (2017, April). Å høre til og bli hørt - Et notat om ungdom og involvering i kommunal planlegging. Oslo, Norge: Arbeidsforskningsinstituttet.
- Halvorsen, K. (2016). *Å forske på samfunnet* (5 utgave. utg.). Oslo: J.W.Cappelens Forlag as.
- Hanssen, G. S., Klausen, J. E., & Winsvold, M. (2013, April). *Erfaringer med nærdemokratiske ordninger i Norden*. Henta frå [www.oda.oslomet.no](http://www.oda.oslomet.no): <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/20.500.12199/5487/2013-4.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Hanssen, G. S., Klausen, J. E., & Winsvold, M. (2013, April). *www.oda.oslomet.no*. Henta frå Erfaringer med nærdemokratiske ordninger i Norden: <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/20.500.12199/5487/2013-4.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Hart, R. (1992, Mars). *www.unicef-irc.org*. Henta frå Childrens participation. From tokenism to citizenship: [https://www.unicef-irc.org/publications/pdf/childrens\\_participation.pdf](https://www.unicef-irc.org/publications/pdf/childrens_participation.pdf)
- Haugsgjerd, A., & Seggaard, S. B. (2020). *Rapport 2020:6 - Politisk tillit, lokaldemokrati og legitimitet: Kunnskapsstatus og utviklingstrekk*. Oslo: Institutt for Samfunnsforskning.
- Hegna, K., Ødegård, G., & Seland, I. (2018, Januar). Ungt medborgerskap - Kunnskap, mobilisering og deltakelse. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, ss. 7-27. Henta frå Tid.
- Holm, S. F. (2017, November 3). *Nøkkelen til god motivasjon*. Henta frå [www.psykologisk.no](http://www.psykologisk.no): <https://psykologisk.no/2015/10/nokkelen-til-god-motivasjon/>
- Holst, C. (2019). *www.duo.uio.no*. Henta frå Eksoertenes rolle i demokratiet: Utfordringer for en kunnskapsbasert politikk: <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/76796/2/Ekspertenes%2Brolle%2Bi%2Bdemokratiet.pdf>
- Jacobsen, D. I. (2009). *Perspektiver på Kommune-Norge - en innføring i kommunalkunnskap*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?*. Oslo: Cammelen Damm Akademisk.
- Jones, H., Ryssevik, J., Kristoffersen, E. M., & Misje, I. (2021, Oktober). *www.regjeringen.no*. Henta frå KMDs organisasjonsdatabase - Sluttrapport 2021: <https://www.regjeringen.no/contentassets/dc7b75e7ad3b40e097d88b13fd330dcf/organisasjonsdatabasen-2020-sluttrapport.pdf>
- Kaufmann, G., & Kaufmann, A. (2015). *Psykologi i organisasjon og ledelse*. Bergen: Fagbokforlaget.



- Klausen, J. E., Arnesen, S., Christensen, D. A., Folkestad, B., Hanssen, G. S., Winsvold, M., & Aars, J. (2013). *Medvirkning med virkning? Innbyggermedvirkning i den kommunale beslutningsprosessen*. Oslo: NIBR/Uni Rokkansenteret.
- KMD. (2006). *www.regjeringen.no*. Henta frå Deltakelse og innflytelse fra barn og ungdom - informasjon og veiledning for arbeidet i kommunene: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/rundskriv/rundskriv\\_deltagelse\\_og\\_innflytelse\\_barn\\_og\\_ungdom.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/rundskriv/rundskriv_deltagelse_og_innflytelse_barn_og_ungdom.pdf)
- KMD. (2014, Juni). *www.regjeringen.no*. Henta frå Veileder - Medvirkning i planlegging: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/plan/medvirkningsveileder/h2302b\\_veileder\\_medvirkning.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/plan/medvirkningsveileder/h2302b_veileder_medvirkning.pdf)
- KMD. (2014, Juni). *www.regjeringen.no*. Henta frå Veileder - Medvirkning i planlegging: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/plan/medvirkningsveileder/h2302b\\_veileder\\_medvirkning.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/plan/medvirkningsveileder/h2302b_veileder_medvirkning.pdf)
- KMD. (2019, 12 30). *www.regjeringen.no*. Henta frå 43 nye kommuner og seks nye fylkeskommuner fra nyttår: <https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/regjeringen-solberg/aktuelt-regjeringen-solberg/kmd/pressemeldinger/2019/43-nye-kommuner-og-seks-nye-fylkeskommuner-fra-nyttar/id2683444/>
- Kobro, L. U. (2020). *Faglige innspill om nærmedemokratiske ordninger i Asker*. Porsgrunn: Universitetet i Sørøst-Norge.
- Kobro, L. U., & Brandtzæg, B. A. (2020). *Godt begynt er halvt fullendt? En oppstartsanalyse. Rapport fra forsøk med nærmedemokratiske ordninger i Asker kommune*. Porsgrunn/Bø: Universitetet i Sørøst-Norge/Telemarksforskning.
- KS. (2014, Mai). *www.distriktssenteret.no*. Henta frå Kommunestørrelse og lokaldemokrati: <https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2019/03/kommunestørrelse-og-lokaldemokrati-ny.pdf>
- KS. (2018, September 24). *Innbyggermedvirkning kort fortalt*. Henta frå [www.ks.no](http://www.ks.no): <https://www.ks.no/fagomrader/demokrati-og-styring/innbyggermedvirkning/om-innbyggermedvirkning/innbyggermedvirkning-kort-fortalt/>
- KS. (2021, 10 2). *www.ks.no*. Henta frå Dette må du vite om kommunereformen: <https://www.ks.no/fagomrader/demokrati-og-styring/kommunereform/dette-ma-du-vite-om-kommunereformen/>
- KS. (u.d.). *www.ks.no*. Henta frå Idéhefte: Hvordan sikre rekruttering og hindre frafall blant unge folkevalgte? : <https://www.ks.no/contentassets/153bccb595f9494bad6937694bf02d73/idehefte.pdf>
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2019). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utgave. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Larsen, I. V. (2021, Februar 17). *Hvordan få unge til å delta mer i demokratiet?* Oslo, Norge.
- Lovdata. (2017, 12 20). *www.lovdata.no*. Henta frå Forskrift om sammenslåing av Haram kommune, Sandøy kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune og Ålesund kommune til Ålesund kommune, Møre og Romsdal: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2017-12-19-2175>

- Martinsen, Ø. L. (2019). *Perspektiver på ledelse*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Monkerud, L. C., Indset, M., Stokstad, S., & Klausen, J. E. (2016, November). *www.regjeringen.no*. Henta frå Kommunal organisering 2016: [https://www.regjeringen.no/contentassets/30c1810758ab462581d00fbd7ec75425/kommunal\\_organisering\\_2016.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/30c1810758ab462581d00fbd7ec75425/kommunal_organisering_2016.pdf)
- Montin, S. (2007). Mobilizing for participatory democracy? The case of democracy policy in Sweden. I T. Zittel, & D. Fuchs (Red.), *Participatory Democracy and Political Participation. Can participatory engineering bring citizens back in?* (ss. 187-202). London & New York: Routledge.
- Musick, M. A., & Wilson, J. (2007). *Volunteers - A Social Profile*. Indiana: Indiana University Press.
- Nordbakken, L. P. (2021, Desember 2). *civita.no*. Henta frå Institusjoner: <https://civita.no/politisk-ordbok/hva-er-institusjoner/>
- Nylander, K. S., & Katanasho, M. B. (2019). *www.press.no*. Henta frå Barn i byråkratiet - om barns deltakelse i offentlige beslutningsprosesser: <https://press.no/wp-content/uploads/2021/04/Barn-i-byrakratiet.pdf>
- Piegsa, M., Jensen, D. L., & Kvamme, S. (2022, Februar 25). Møte med ÅK-ressursar. (M. A. Aarøe, Intervjuar)
- Plan- og bygningsloven. (2008, 06 27). *www.lovdato.no*. Henta frå Plan- og bygningsloven: [https://lovdato.no/pro/#document/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL\\_2](https://lovdato.no/pro/#document/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_2)
- Quick, K. S., & Bryson, J. M. (2016). Theories of Public Participation in Governance. I J. Torfing, Ansell, & Chris (Red.), *Handbook on Theories of Governance*. Minnesota: Edward Elgar Press.
- Regjeringen. (2008). *www.regjeringen.no*. Henta frå St.meld.nr.33 (2007-2008) Eit sterkt lokaldemokrati: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-33-2007-2008-/id517539/?docId=STM200720080033000DDDEPIS&ch=1>
- Regjeringen. (2015). *www.regjeringen.no*. Henta frå Meldingsdel i kommuneproposisjonen 2015 (Prop. 95S) Kommunereform: [https://www.regjeringen.no/contentassets/b1ac3420d8ab44f99558775f132d9cf2/meldingsdel\\_kommunereform\\_og\\_vedlegg.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/b1ac3420d8ab44f99558775f132d9cf2/meldingsdel_kommunereform_og_vedlegg.pdf)
- Regjeringen. (2018, Januar 23). *www.regjeringen.no*. Henta frå Nærdemokratiske ordninger: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunestruktur/Verktoy/lokaldemokrativeilederen/kommunen-og-innbyggerne/nardemokratiske-ordninger/id2425372/>
- Ringholm, T. (2018). Nærdemokratiske ordninger i lys av kommunesammenslåinger. Tromsø, Norge: Norut.
- Røiseland, A., Ringholm, T., & Aarsærher, N. (2018, August 20). *www.regjeringen.no*. Henta frå Kommunedelsutvalg: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunestruktur/Verktoy/lokaldemokrativeilederen/politisk-organisering-og-politikernes-rolle/kommunedelsutvalg/id2424165/>
- Sandvik, E. H. (2020, Oktober 30). Makt, konflikthandtering og sjølvleiing i arbeidslivet. *Arbeidskrav IPA 304 - Makt, konflikthandtering og sjølvleiing i arbeidslivet*. Volda.

- Sandvik, E. H. (2020, Desember 11). Medverknad i planlegging. Eksamen IPA 301 Hausten 2020. Høgskulen i Volda.
- Thurèn, T. (2018). *Vitenskapsteori for nybegynnere* (2. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Tjora, A. (2018). *Viten skapt*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Torfin, J. (2016). *Collaborative innovation in the public sector*. Washington DC: Georgetown University Press.
- Torfin, J., & Sørensen, E. (2019, Juni 27). Sådan kvæler vi populisme og får nyt liv i demokratiet. *DenOffentlige.dk*. Henta frå denoffentlige.dk: <https://www.denoffentlige.dk/torfin-og-soerensen-saadan-kvaeler-vi-populisme-og-faar-nyt-liv-i-demokratiet>
- Torfin, J., Sørensen, E., Winsvold, M., & Røiseland, A. (2017). *En ny politisk arbeidsform?* Roskilde/Oslo: KS.
- United nations comittee on the rights of the child. (2009, Juli 1). *www.ohchr.org*. Henta frå Conventions on the Rights of the Child: <https://www2.ohchr.org/english/bodies/crc/docs/advanceversions/crc-c-gc-12.pdf>
- Villa, M., & Hagen, M. S. (2016). *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Winsvold, M. (2021, Mai 18). *Konsensus er ikke alltid det beste*. Henta frå [www.samfunnsforskning.no](http://www.samfunnsforskning.no): <https://www.samfunnsforskning.no/aktuelt/nyheter/2021/konsensus-er-ikke-alltid-det-beste.html>
- Winther, I. (2019, Mars 26). Stedsidentitet. *Plan - Tidsskrift for samfunnsplanlegging, regional- og byutvikling*. .
- Wollebæk, D., & Sivesind, K. H. (2010). *Fra folkebevegelse til filantropi?* Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Wollebæk, D., Sætrang, S., & Fladmoe, A. (2015). *Betingelser for frivillig innsats. Motivasjon og kontekst*. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn & frivillig sektor. Henta frå Sent.
- Ødegård, G., & Fladmoe, A. (2017). *Samfunnsengasjert ungdom: Deltakelse i politikk og organisasjonsliv i Oslo*. Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Ågotnes, G. (2021, Juni 18). *www.hvlopen.brage.unit.no*. Henta frå Medvirkning i Folkehelsearbeid – En undersøkelse av metodeutvikling og bruk av deltakerdemokratiske metoder i offentlig tiltaksutvikling: [https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/2763647/Burkeland-Lie\\_Naess.pdf?sequence=4&isAllowed=y](https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/2763647/Burkeland-Lie_Naess.pdf?sequence=4&isAllowed=y)
- Ålesund kommune. (2020). *Kjøreplan - Bli kjent kommunedelsutval*. Ålesund: Ålesund kommune.
- Ålesund kommune. (2021, Februar). *Driftskonsept kommunedelsutval*. Ålesund, Norge: Ålesund kommune .
- Ålesund kommune. (2022, Januar 14). *www.alesund.kommune.no*. Henta frå Ung og engasjert: <https://alesund.kommune.no/politikk/slik-kan-du-paverke/ung-og-engasjert/>

[Figur 1](#): Roger Harts medverknadsstige for barn og unge (Hart, 1992).

[Figur 2](#): Den hermeneutiske spiral (Bukve, 2021, s. 74)

## 9. VEDLEGG

### Vedlegg 1: Godkjenning frå NSD

# Vurdering

**Referansenummer**

158345

**Prosjekttittel**

Evaluering av kommunedelsutval i nye Ålesund kommune

**Behandlingsansvarlig institusjon**

Høgskulen i Volda / Avdeling for samfunnsfag og historie

**Prosjektperiode**

01.02.2022 - 31.12.2024

[Meldeskjema](#)

Dato	Type
07.03.2022	Standard

**Kommentar****OM VURDERINGEN**

Personverntjenester har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

Personverntjenester har nå vurdert den planlagte behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at behandlingen er lovlig, hvis den gjennomføres slik den er beskrevet i meldeskjemaset med dialog og vedlegg.

**TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET**

Prosjektet vil behandle alminnelige personopplysninger, og særlige kategorier av personopplysninger om politisk oppfatning frem til 31.12.2024.

**LOVLIG GRUNNLAG**

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

For alminnelige personopplysninger vil lovlig grunnlag for behandlingen være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 a.

For særlige kategorier av personopplysninger vil lovlig grunnlag for behandlingen være den registrertes uttrykkelige samtykke, jf. personvernforordningen art. 9 nr. 2 bokstav a, jf. personopplysningsloven § 10, jf. § 9 (2).

**PERSONVERNPRINSIPPER**

Personverntjenester vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen:

- om lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet.

**DE REGISTRERTES RETTIGHETER**

Vi vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18) og dataportabilitet (art. 20).

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

#### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

Nettskjema og Microsoft Teams er databehandler i prosjektet. Vi legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må prosjektansvarlig følge interne retningslinjer/rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

#### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilken type endringer det er nødvendig å melde:

<https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra oss før endringen gjennomføres.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Vi vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Kontaktperson hos oss: Sturla Herfindal

Lykke til med prosjektet!

## Vedlegg 2: Informasjon til informantane

### Samtykke på opptak

- Då spør eg deg om du vil delta i dette intervjuet, som er ei del av eit forskingsprosjekt på bestilling frå Ålesund kommune, der føremålet er å sjå nærare på ordninga med kommunedelsutval.
- Denne oppgåva skal bidra med kunnskap om ungdomar si erfaring med deltaking i kommunedelsutval. Kommunedelsutvala har som mål å vere ei styrkande demokratisk ordning som bevarer lokal identitet, og problemstillinga i mi oppgåve handlar om i kva grad ungdomar opplever at ordninga lev opp til det målet.
- Data som eg samlar gjennom desse intervjuja blir transkribert (forklare det ordet), og deretter blir alle lyd/videofiler sletta. All data vert lagra på sikre område, og lydfiler på telefon blir krypterte. Alle data vil bli anonymisert, dvs at ingenting du seier kan sporast tilbake til deg. Til info så kan noko data frå intervjuja også bli brukt i dei andre masteroppgåvene i dette forskingsprosjektet (2 stk).
- Høgskulen i Volda er ansvarleg for prosjektet, og prosjektleiaren heiter Bjarte Folkestad. Skulle du ha spørsmål i etterkant av intervjuet kan du ta kontakt med Bjarte, eller med meg.
- Ålesund kommune har gitt meg namna til ungdomar i kommunedelsutvala. Eg har gjort utval som skal sikre deltaking frå flest mogleg av utvala, i tillegg har eg valde deltakarar sett noko på i kva grad ungdomane har delteke på møta.
- Intervjuet vil vare i 30-45 minutt, og vil handle om dine erfaringar frå deltaking i kommunedelsutvala.

- Det er heilt frivillig å delta. Om du vel å delta kan du når som helst trekke deg, utan grunn. I så fall vil all info om deg verte sletta, og det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.
- Spør igjen om vedkomande samtykkjer til å delta?
- Elles nokon spørsmål knytt til intervjuet?

## Vedlegg 3: Intervjuguide

### 1.0 BAKGRUNN

- 1.1 Først, kan du starte med å fortelje litt om deg sjølv?
  - Kven er du, kor gammal er du?
  - Din bakgrunn?
- 1.2 Trivast du med å engasjere deg politisk?
  - er du (og har du alltid vore) ein generelt samfunnsengasjert ungdom?
  - opplever du arbeidet som meningsfylt?
- 1.3 Huskar du kva som vekka di interesse for å vere med i kommunedelsutvalet?
  - kvar hørde du om det, og kva tenkte du?

### 2.0 ERFARING

- 2.1 Kva synest du om det å vere medlem i kommunedelsutvalet?
  - Kva er det som motiverer deg til dette arbeidet?
  - Døme:*  
 \* Utvikling av eige lokalsamfunn? \* Engasjert i lokalmiljøet? \* Generell interesse for politikk og samfunnsspørsmål? \* Engasjert i spesielle saker eller bestemt gruppe i samfunnet? \* Som ei samfunnsplikt (å stille når ein blir spurd)? \* Høve til å lære om politiske system? \* Passe på kommuneadministrasjonen? \* Viktig erfaring?
  - kva for saker er det som engasjerer deg mest?  
 (er det skilnad i engasjementet for saker som gjeld din kommunedel og saker som gjeld heile kommunen?)
  - i kva for saker synest du at ungdomane si stemme er særleg viktig?
  - korleis vert du som ungdom inkluderte/invitert inn i diskusjonane/debatten i møta?
- 2.2 Korleis vart du introdusert for arbeidet i kommunedelsutvalet når du starta?
  - Fekk du noko informasjon om føremålet med ordninga med kommunedelsutval?
  - Fekk de opplæring når de starta i kommunedelsutvalet?
  - Har du hatt nokon å spør om det er noko du lurar på, ein slags «mentor» eller liknande?

Slik eg har forstått det så utarbeider kvart kommunedelsutval eit årleg handlingsprogram som fastset prioriterte saker for kommunedelen, etter ein bestemt metode. (*Tankestorm med idéar, poenggivning og prioritering*). Har du vore med på dette arbeidet?

2.3 Korleis syns du det er å arbeide etter denne metoden?

- Er det nokon fordelar og bakdelar med å nytte ein slik metode?
- Er dette ein arbeidsmetode som verkar samlande for alle i kommunedelsutvalet?
- Kva for saker synest du er viktigast å få inn i handlingsprogrammet?

2.4 På kva for andre måtar kan du påverke saker og prosessar i kommunedelsutvalet?

- Døme?
- Føler di at du vert høyrd/får gjennomslag for dine innspel?

(2.5 Korleis tenker du at kommunedelsutvalet har spelt ei rolle i forhold til lokal identitet og tilhøyrighet i din kommunedel?)

*-Om ein treng hjelp til å kome litt i gang: Kanskje spør om det er noko spesielt vedkomande er stolt av eller syns er særleg viktig i deira kommunedel, kva ein gjer etter skule på fritid osv..*

2.6 Har du inntrykk av at innbyggjarane i kommunedelen veit at kommunedelsutvalet eksisterer, og kva de funksjon de har?

-er det slik at innbyggjarane i kommunedelen tek del i møta? Tankar om det?

### 3.0 VURDERING - organisering, oppgåver og roller

3.1 Den nye kommunestrukturen (etter samanslåinga) – trur du denne påverkar ungdomars moglegheit til å påverke avgjerder knytt til eigen kommunedel?

- Har det vorte endra? Betre/verre/uendra?
- Kva betydning har arbeidet som leggst ned i kommunedelsutvala for din kommunedel?

3.2 Veit du kva som skjer med innspela frå kommunedelsutvala til kommunestyret?

- er det noko her du tenker burde vere annleis?

3.3 Kva tenker du er ungdomar si viktigaste rolle i kommunedelsutvala?

- Har du nokre tankar om medlemsmansettinga - blandinga av politikarar, frivillige og ungdomar?
- har dette betydning for di deltaking?

3.4 Sakspapira – korleis er dei skrivne, er det forståeleg språk og greitt å sette seg inn i?

- Korleis syns du det er å førebu seg til møta – lese og sette seg inn i sakene?



### 3.5 Korleis opplever du at organiseringa av møta i kommunedelsutvala fungerer?

*T.d. knytt til invitasjon til møta, kjem den i tide? Møtefrekvens? Passe ofte?  
Presentasjonar/orientering om saker. Greitt å forstå/få med seg? Opplev ungdomen det som nyttig?*

### 3.6 Korleis synest du det er å ta ordet og gi innspel i saker i møta?

- Gjer du det ofte? - Har de «runde rundt bordet», eller må ein be om ordet om ein har innspel?

## 4.0 AVSLUTTING – Framtid

No skal vi snart til å runde av, men eg har lyst til å spørje deg nokre generelle spørsmål til slutt.

### 4.1 Om du blir spurd, kunne du tenkje deg å sitje fleire periodar som medlem i kommunedelsutvalet?

- Syns du at 2 års-perioden er passe, skulle den ha vore lengre eller kortare?

### 4.2 Om nokon hadde spurt deg: «Guro», korleis er det å vere medlem i kommunedelsutvalet?» – kva ville du ha fortalt då?

### 4.3 Har du nokon tankar om kva som gjer at di erfaring er som den er?

### 4.4 Er det slik at denne erfaringa påverkar di interesse for å engasjere deg i lokalpolitikken seinare? Korleis?

-Trur du at du kjem til å engasjere deg i politikken i framtida?

### 4.5 Er det noko knytt til dine erfaringar i kommunedelsutvala du har lyst å sei eller fortelje, som vi ikkje har vore innom?

Ved behov, kan eg ta kontakt med deg om det skulle vere noko eg lurar på eller har oppfølgingsspørsmål?

Tusen takk for at du ville stille, og for at du ville dele dine erfaringar med meg!